



Høgskulen på Vestlandet

M120UND509: Masteroppgave

M120UND509

Predefinert informasjon

Startdato:	03-05-2018 10:26	Termin:	2018 VÅR
Sluttdato:	15-05-2018 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave	Studiepoeng:	45
SIS-kode:	203 M120UND509 1 MG 2018 VÅR		
Intern sensor:	Rikke Frøyland		

Deltaker

Kandidatnr.: 101

Informasjon fra deltaker

Tro- og loverklæring *: Ja

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja



MASTEROPPGÅVE

Lettlestbøker – litterær kvalitet for eldre elevar?

Eit kvalitativt studium av litterær kvalitet i lettlestbøker for elevar frå mellomtrinnalder og eldre

Easy reads – quality literature for older students?

A qualitative study of literary quality in easy-to-read books for students in secondary school and above

Annette Ebne

Master i undervisingsvitenskap, fordjupning i norsk

Fakultetet for lærarutdanning, kultur og idrett, Bergen

Rettleiar: Kristel Zilmer

15. mai 2018

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjelde tilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Samandrag

Temaet i denne masteravhandlinga er lettlestbøker og litterær kvalitet. Forsking viser at 20 % av elevane i skulen har lese- og skrivevanskars (Dysleksi Noreg, 2016). Elevar med manglande erfaring og motivasjon innan lesing eller andre lese- og skrivevanskars som til dømes dysleksi, har difor behov for lettlest litteratur. Utfordringa er at fleirtalet av lettlestbøkene som finst på dagens bokmarknad er rekna for elevar i byrjaropplæringa, samt at lettlestbøkene sin kvalitet har vorte diskutert og kritisert. Lettlestbøker og litterær kvalitet er ikkje to omgrep som ofte blir sett i samanheng med kvarandre. I denne masteravhandlinga er det ikkje eit mål å undersøkja det normative. Målet er derimot å undersøkja kva som kan vera ei god lettlestbok for elevar frå mellomtrinnalder og eldre, samt korleis litterær kvalitet kan koma til uttrykk i lettlestbøker.

Det teoretiske grunnlaget for studien er fleire sentrale tenkarar om litterær kvalitet på den eine sida og lettlest litteratur på den andre sida. Hovudfokuset ligg på Erik Bjerck Hagen og Atle Christiansen sine tilnærmingar til litterær kvalitet, samt Ingolv Austad sine tre faktorar for leselegheit og *Leser søker bok* sine kriterium for lettlestbøker. Kombinasjonen av desse perspektiva utgjer ei litteraturvitenskapleg og språkvitskapleg forståingsramme i studien, då dei sett fokus på både litterære kvalitetskriterium samt naudsynte språklege tilpassingar.

Dette er eit kvalitativt forskingsprosjekt som byggjer på to metodar: intervju og litterær analyse. Intervjuet er gjennomført i samband med ein elev som les lettlestbøker, ein lærar, ein bibliotekar, kritikaren Linn T. Sunne og forfattaren Bjørn Sortland. Kunnskapane og erfaringane til informantane samt det teoretiske grunnlaget, er utgangspunktet for ein litterær analyse som gir innsikt i korleis kvalitet kan visa seg i to utvalde lettlestbøker.

Studien viser at det er mange tankar kring kva litterær kvalitet og lettlest litteratur er, men at det ikkje kjem tydeleg fram kva ein verkeleg legg i desse omgrepa. Det gjer det utfordrande å seia noko spesifikt om korleis lettlestbøker for eldre elevar bør vera for å kunne ha høg litterær kvalitet. Det kan verka som at det har skjedd ei endring i synet på lettlestbøker sin funksjon som har ført til at innhaldet blir meir prioritert enn før. Denne endringa er med på å gjera at lettlest litteratur kan ha høg litterær kvalitet. Det er ikkje berre innhaldet som er avgjerande for kvaliteten. Studien viser at litterær kvalitet er eit resultat av samspelet mellom innhald og form, og då nærmare bestemt bøkene sin dramaturgi. Det kan dessutan verka som at språket i lettlestlitteraturen ikkje nødvendigvis må vera heilt fritt for språkleg leik, men at det

kan vera innspel av språklege verkemiddel som er med på å gjera språket meir levande. Forskingsprosjektet viser òg at det somme gonger er ulike kriterium som blir vektlagde i barne- og ungdomslitteraturen og i vurderinga av litterær kvalitet, og at det kan verka som at kriteria for litterær kvalitet er meir lesarorienterte. Det kan tyda på at det bør bli utforma nokre nye kriterium for lettest litteratur, og at desse kriteria moglegvis kunne hatt eit større fokus på mottakaren av litteraturen.

Abstract

The topic of this master thesis is easy reads and literary quality. Research shows that 20 percent of the students in the Norwegian school system suffer from reading or writing difficulties (Dysleksi Noreg, 2016). Students with a lack of reading experience and motivation or other challenges such as dyslexia, may need easy-to-read literature. However, the majority of easy reads in today's market are meant for students in elementary school. The quality of these books has also been debated and criticized. «Easy-to-read» and «literary quality» are terms that are rarely seen in relation. This master thesis is not looking into the normative aspects of this dichotomy, but rather investigating what might constitute a good easy read for secondary students and above, as well as looking at how literary quality may be provided in easy reads.

A theoretical basis for the thesis is provided by several academics writing about literary quality on the one hand, and easy-to-read literature on the other hand. The main focus is with Erik Bjerck Hagen and Atle Christiansen's approaches to literary quality, as well as Ingolv Austad's three factors of readability and the criteria for easy-to-read books presented in *Leser søker bok*. Combining these perspectives makes for a thesis framework of literary science and linguistics, as it focuses both on the literary criteria of quality and the necessary adjustments to the language being used.

This is a qualitative study that relies on two methods: interviews and literary analysis. The interviews presented include a student consuming easy reads, a teacher, a librarian, critic Linn T. Sunne and author Bjørn Sortland. The knowledge and experience of the informants and the theoretical framework is the basis for a literary analysis giving insight into how literary quality is on display in the two selected easy reads.

The study will show that there are many opinions on what constitutes literary quality and easy-to-read literature, but it is not clear what the subjects may define these terms by. This makes it challenging to state specifically what needs to be in place for easy reads to have a certain literary quality. What is made clear, however, is that there has been a change in the status of easy reads, making this type of literature a higher priority than earlier. This change makes it possible to have easy reads with higher literary quality. The quality is not simply determined by the content itself, but rather by an interplay between content and form,

specifically the dramaturgy of the books. It also seems that the writing in easy reads should not exist without playfulness, but even contain some literary techniques providing a livelier language. The study shows that the criteria being used for evaluating literature for a younger audience are not the same as for investigating literary quality, and that the latter are more reader-oriented. This indicates that new criteria for easy reads are needed, and that these criteria should focus more on the reader of this literature.

Forord

Arbeidet med masteroppgåva har vore svært interessant og lærerikt, men òg nokre gonger frustrerande og utfordrande. Det er difor med blanda kjensler at eg nå leverer frå meg det eg har omtalt som babyen min, det siste året.

Det er mange som har stilt opp for meg og fortunar ein stor takk. Eg vil byrja med å takka rettleiaren min, Kristel Zilmer. Takk for alle dei gode og grundige tilbakemeldingane du har gitt, og for at du har hatt trua på masterprosjektet mitt. Eg ynskjer òg å retta ei stor takk til dei fem informantane som har delt sine erfaringar og kunnskapar med meg. Eg set pris på at de har brukt av tida dykkar for å bidra til masterprosjektet.

Sist med ikkje minst ynskjer eg å takka vene, søstrer, foreldre, svigerfamilie og kjærast for faglege diskusjonar og korrekturlesing. Takk for at all støtte, alle oppmuntrande ord og for interessa de har vist.

Bergen, mai 2018

Annette Ebne

Lettlestbøker – litterær kvalitet for eldre elevar?

*Så merkelig det er å leve på denne merkelige jord,
der lukt og smak og sorg og glede blir levende av noen ord.
Der kan du sitte midt i verden selv om du sitter i en krok
alene i din egen stue og bare leser i en bok.*

Inger Hagerup

Innhaldsliste

SAMANDRAG	II
ABSTRACT	IV
FORORD.....	VI
1.0 INNLEIING.....	1
1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA OG FØREMÅL	1
1.2 PROBLEMSTILLING, FORSKINGSSPØRSMÅL OG AVGRENSENDIG	2
1.3 AVHANDLINGA SI OPPBYGGING	3
2.0 TEORIDEL	4
2.1 KVALITET	4
2.2 KVALITET I LITTERATUREN	5
2.3 LITTERÆR KVALITET I BARNE- OG UNGDOMSLITTERATUREN	12
2.4 LESE- OG SKRIVEVANSKAR OG LETTLEST LITTERATUR.....	16
2.4.1 <i>Kjenneteiken og kvalitetar i lettlest litteratur.</i>	18
2.5 KRITIKK AV LETTLESTBØKER	22
2.6 LETTLESTBØKER SOM SAMANSETTE TEKSTAR	24
3.0 METODE	28
3.1 VAL AV METODE	28
3.1.1 INFORMANTANE	28
3.1.2 STRUKTURERT INTERVJU	30
3.1.3 FØREBUING OG UTFORMING AV INTERVJUGUIDEN.....	30
3.1.4 DATAINNSAMLING: FØREBUING OG GJENNOMFØRING AV INTERVJU.....	31
3.1.5 TRANSKRIPSJON	31
3.1.6 DATAANALYSE.....	32
3.1.6.1 <i>Heilskapleg inntrykk og samanfatting av meiningsinnhald</i>	32
3.1.6.2 <i>Kodar, kategoriar og omgrep</i>	33
3.1.6.3 <i>Kondensering</i>	33
3.1.6.4 <i>Samanfatting</i>	33
3.2 ETISKE RETNINGSLINJER.....	34
3.3 LITTERÆR ANALYSE.....	34
3.3.1 VAL AV ANALYSEKRITERIUM.....	36
3.3.3 VAL AV BØKER	38
3.4 METODEREFLAKSJON	39
3.4.1 STERKE OG SVARE SIDER VED METODANE	39
3.4.2 FORFORSTAING.....	40
3.4.3 RELIABILITET OG VALIDITET.....	40
4.0 PRESENTASJON OG DRØFTING AV INTERVJU.....	43
4.1 LITTERÆR KVALITET	43
4.2 LITTERÆR KVALITET OG LETTLEST LITTERATUR	46
4.3 LETTLEST LITTERATUR I KVARDAGEN	48
4.4 SPRÅK OG SPRÅKLEGE TILPASSINGAR I LETTLESLITTERATUREN.....	51
4.5 INNHOLD	55
4.6 OPPBYGGING OG DRAMATURGI.....	58
4.7 UTFORMING, ILLUSTRASJONAR OG PARATEKSTAR	59
5.0 LITTERÆR ANALYSE	64
5.1 PARATEKSTAR.....	64
5.1.1 <i>En pingles dagbok – Ferieparadiset</i>	64
5.1.2 <i>Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen.</i>	66
5.2 INNHOLD	67
5.2.1 <i>En pingles dagbok – Ferieparadiset</i>	67
5.2.2 <i>Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen.</i>	69

5.3 DET TILPASSA SPRÅKET.....	71
5.3.1 <i>En pingles dagbok – Ferieparadiset</i>	71
5.3.2 <i>Hver morgen dyppet min syster brystene i isvann for å bli pen</i>	72
5.4 DET LITTERÆRE SPRÅKET.....	73
5.4.1 <i>En pingles dagbok – Ferieparadiset</i>	73
5.4.2 <i>Hver morgen dyppet min syster brystene i isvann for å bli pen</i>	75
5.5 UTFORMING, ILLUSTRASJONAR OG IKONOTEKST.....	76
5.5.1. <i>En pingles dagbok – Ferieparadiset</i>	76
5.5.2 <i>Hver morgen dyppet min syster brystene i isvann for å bli pen</i>	78
5.6 DRAMATURGI OG OPPBYGGING.....	79
5.6.1 <i>En pingles dagbok – Ferieparadiset</i>	79
5.6.2 <i>Hver morgen dyppet min syster brystene i isvann for å bli pen</i>	79
5.6.3 OPPSUMMERING AV DEN LITTERÆRE ANALYSEN.....	80
6.0 AVSLUTTING.....	83
6.1 VIDARE FORSKING.....	85
LITTERATURLISTE.....	87
VEDLEGG.....	91
VEDLEGG 1: GODKJENNING FRÅ NSD	91
VEDLEGG 2: INFORMASJONSSKRIV/FØRESPURNAD TIL INFORMANTANE	93
VEDLEGG 3: INFORMASJONSSKRIV/FØRESPURNAD TIL LÆRAR/ELEV	94
VEDLEGG 4: INFORMASJONSSKRIV/FØRESPURNAD TIL ELEVEN SINE FØRESETTE	95
VEDLEGG 5: INTERVJUGUIDEN TIL LÆRAREN OG BIBLIOTEKAREN	97
VEDLEGG 6: INTERVJUGUIDEN TIL KRITIKAREN OG FORFATTAREN	99
VEDLEGG 7: INTERVJUGUIDEN TIL ELEVEN	101

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema og føremål

Lettlestbøker er eit omdiskutert tema. Ei tradisjonell oppfatning, er at lettlestbøker er tynne bøker med store bokstavar, lite tekst, mange bilete samt enkelt språk og innhald. Ifølgje Westerheim er lettlestbøker tilrettelagt litteratur som skal bidra til leseutvikling, gi lesegledde og inspirasjon til vidare lesing (u.å.). Dei fleste lettlestbøkene er skrivne for dei yngste lesarane og er difor rekna for å nyttast i byrjaropplæringa (Teigland, 2006, s. 95). Sjølv om me veit at dei elevane som er litt eldre òg kan ha vanskar med å lesa, finst det få lettlestbøker for denne gruppa samanlikna med dei yngste. Det er ulike grunnar til at nokre elevar har behov for lettlestbøker. Nokre elevar kan ha kognitive vanskar og dermed ha eit problem med å forstå innhaldet i teksten. Andre elevar kan forstå innhaldet, men ha utfordringar med avkodingsprosessen der ein set bokstavar saman til ord. Med grunnlag i dette kan ei lettlestbok som er skriven for dei yngste elevane vera altfor barnsleg og verka umotiverande for ein elev som er ferdig med byrjaropplæringa, men framleis har utfordringar med å lesa. Det er difor viktig at det òg finst lettlest litteratur for elevane frå mellomtrinnalder og eldre.

Samstundes som det finst få lettlestbøker for denne aldersgruppa, kan det verka som at det er lite forsking retta mot lettlestbøker for eldre elevar. I 1999 skreiv Siri Solvik Bertelsen ei hovudfagsoppgåve med tittelen *Litt(eratur) på sida? Ein studie av lettleslitteratur for ungdom*, ved Universitetet i Bergen. I føreorda skriv Bertelsen at ho trudde ho hadde oppdaga eit gløymt tema i lettleslitteratur for eldre elevar, men at ho litt etter litt fann fleire personar som hadde forska på det same. 18 år seinare viser det seg likevel å vera ei utfordring å finna større studium innan emnet, som er skrive i seinare tid. Ein kan difor lura på om temaet ikkje har vorte meir aktuelt.

Sjølv om det kan verka som at det er mangel på både fokus og kunnskap om lettlestbøker for eldre elevar, har det likevel vore stor diskusjon kring kvaliteten på lettlestbøker i byrjaropplæringa. Kritikken dreier seg blant anna om at lettleslitteraturen ikkje er ein del av den norske innkjøpsordninga, som er iverksett av Kulturrådet. Gjennom innkjøpsordninga sørger Kulturrådet for at det blir skrive og gitt ut eit visst tal på nye skjønnlitterære bøker kvart år, der det er stilt krav til kvalitet og sjanger (Kulturrådet, u.å.). Nokre forfattarar, kritikarar og journalistar diskuterer difor kvaliteten på lettlestbøkene, og problematiserer at lettleslitteraturen sjeldan blir vurdert og omtalt i avisar og på internett. Linn T. Sunne og Inger Østenstad er to av fleire som uttalar seg i diskusjonen. Sunne skriv at få omtalar av

leettlestbøker kan gjera det vanskeleg for barn, unge og vaksne å finna ut kva for nokre bøker som er av kvalitet (Sunne, 2013). Østenstad er redd for at leettlestbøker kan fungera som ei ”[...] vaksine mot leselyst og sans for litteratur” (2014, s.1).

På bakgrunn av interesse for den pågåande diskusjonen om leettlestbøker, samt at det kan verka som at det er mangel på detaljert kunnskap om leettlestbøker for eldre elevar, skreiv eg ein fagartikkkel som omhandla leettlestbøker for eldre elevar og litterær kvalitet, våren 2017. Gjennom arbeidet med artikkelen fekk eg innsikt i både temaet og relevant teori, og fagartikkelen danna difor eit fyrste forsøk på å drøfta nokre omgrep som var relevante innan temaet. Denne masteroppgåva er ei utviding av fagartikkelen, då masteroppgåva tek fleire teoretiske perspektiv, informantar sine synspunkt og ein litterær analyse i betrakning. Dette for å få ei djupare innsikt i omgrepa litterær kvalitet og leettlest litteratur. Føremålet med masteroppgåva er å undersøkja kva som kjenneteiknar ei leettlestbok, og vidare reflektere rundt kva som kan vera ei god leettlestbok for eldre elevar.

1.2 Problemstilling, forskingsspørsmål og avgrensing

Med grunnlag i masteravhandlinga sitt føremål, er problemstillinga:

Kan leettlestbøker for eldre elevar ha høg litterær kvalitet og korleis kan litterær kvalitet koma til uttrykk i leettlestbøker?

For å kunne svara på problemstillinga, er det blitt utforma to forskingsspørsmål.

Forskingsspørsmåla er *kva kjenneteiknar ei leettlestbok og kva ligg i omgropet litterær kvalitet?* Forskingsspørsmåla og problemstillinga denne masteroppgåva reiser, skal svarast på gjennom to metodar: intervju og litterær analyse. Informantane er ein elev som les leettlestbøker, ein lærar, ein bibliotekar, ein bokkritikar og ein forfattar. Teorikapittelet og det informantane fortel i intervjua dannar grunnlaget for ein litterær analyse av to bøker som blir rekna for å vera lette å lesa. Bøkene er: *En pingles dagbok – Ferieparadiset* av Jeff Kinney og *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen* av Bjørn Sortland. Gjennom intervjua og den litterære analysen skal masteravhandlinga undersøkja korleis kvalitet kan visa seg i leettlestbøker for eldre elevar.

Med grunnlag i masteravhandlinga sitt omfang, er det naudsynt å avgrensa studien til ei spesifikk målgruppe. Når det er snakk om «eldre elevar» er det difor meint dei elevane som er eldre enn byrjaroplæringa, med andre ord dei elevane som går på mellomtrinnet og oppover. Det finst mange ulike typar lese- og skrivevanskår, og det er ikkje høve til å ta omsyn til alle i

denne masteravhandlinga. Fokuset vil difor liggja på elevar med mangelfull erfaring og motivasjon, dysleksi og andre mindre vanskar og utfordringar innan lesing.

Det er ulike meningar og synspunkt på kva lettlestbøker er, då nokon tenkjer at det er bøker som er skrivne for barn som skal læra å lesa, medan andre ser på dei som eit hjelphemiddel for personar som har ulike vanskar med leseprosessen. I denne masteravhandlinga blir lettlestbøker sett på som ein kombinasjon av førstelektor Ingeborg Westerheim og førsteamuanensis og leseforskar Ingolv Austad sine omgrepssavklaringar. Lettlestbøker blir difor definert som: tekstar som er skrivne for personar som av ulike årsakar har vanskar med å lesa. Tekstane skal vera lette å avkoda og lette å forstå, samstundes som dei skal bidra til motivasjon og lesegledede slik at lesaren skal kunne utvikla lesekompasen sin. Valet av omgrepssavklaringa blir diskutert og grunngjeve seinare i masteravhandlinga. Lettlestbøker kan vera både fag- og fiksjonslitteratur, men her ligg hovudfokuset på fiksjonslitteratur.

1.3 Avhandlinga si oppbygging

Teorikapittelet byrjar med å diskutera kva litterær kvalitet er, og kva kvalitet kan reknast for å vera for lesarar i ulike aldrar og på ulike nivå. Kapittelet tek difor føre seg både litteratur generelt, litteratur for barn og unge samt lettlest litteratur. I kapittel tre grunngjev eg val av intervju og litterær analyse som metodar. Eg fortel om gjennomføringa og analysen av intervjeta. Deretter skildrar eg framgangsmåten og fokusområdet i den litterære analysen. Avslutningsvis i kapittelet diskuterer eg sterke og svake sider ved metodane. I kapittel fire kan ein lesa om informantane sine innspel i intervjeta, der dei deler sine synspunkt om litterær kvalitet og lettlestbøker. Dette kapittelet blir dessutan supplert med mine eigne refleksjonar, då eg drøfter likskapar og skilnadar mellom det informantane fortel og dei teoretiske perspektiva i teorikapittelet. Dei slutningane eg trekkjer i kapittel fire, blir vidare brukte i den litterære analysen i kapittel fem. I den litterære analysen vil teikn på kvalitet bli konkretisert og drøfta nærmare. I kapittel seks, som er det avsluttande kapittelet, blir hovudfunna i forskingsprosjektet diskuterte.

2.0 Teoridel

I dette kapittelet blir det teoretiske grunnlaget for masteravhandlinga presentert. For å få forståing for kva som ligg i det overordna kvalitetsomgrepet, blir omgrepet introdusert og definert tidleg i kapittelet. Masteroppgåva går vidare inn på kva som kan reknast for å vera kvalitet innan litteratur. Med grunnlag i at litterær kvalitet er eit omfattande og vidt omgrep, er det hensiktsmessig å gå nærmare inn på nokre moglege tilnærmingar til fenomenet.

Hovudfokuset ligg difor på Bjerck Hagen sine sju symptom på kvalitet og Christiansen sine sju kvalitetskriterium. Desse tilnærmingane er relevante for masteravhandlinga, då dei gir innsikt i kva eit utval personar vurderer som litterær kvalitet, og dermed er dei med på å tydeleggjera kva litterær kvalitet kan vera.

Etter å ha presentert og diskutert Bjerck Hagen og Christiansen sine kvalitetskriterium i delkapittel 2.2, går delkapittel 2.3 nærmare inn på kva som blir rekna for å vera kvalitet innan barne- og ungdomslitteraturen. Dette delkapittelet byggjer hovudsakleg på Bjorvand sine kriterium som omhandlar estetikk og pedagogikk, og Slettan sine synspunkt på innhald og utforming av litteratur for ungdom. Teorien set fokus på kva som blir vektlagt i litteratur for barn og unge, som er målgruppa i masteravhandlinga.

For å få innsikt i korleis språket, innhaldet og utforminga bør vera i ei lettestbok for at den skal vera lett å lesa og lett å forstå, byggjer delkapittel 2.4 på Austad sine tre faktorar for lettestheit, samt Teigland, Uppstad, Rekve og Lundevall sine synspunkt på det same temaet. Dette er ein viktig og sentral del i teorikapittelet, då lettest litteratur som kjend har fleire språklege avgrensingar grunna lesarane sine leseutfordringar. Teorikapittelet i si heilskap vil kunne gi større innsikt i kva litterær kvalitet kan vera for barn og ungdom, og om lettestbøker har moglegheit til å gi lesaren ei oppleveling av litterær kvalitet på trass av sine naudsynte avgrensingar.

2.1 Kvalitet

Mange er opptekne av kvalitetsomgrepet, men dei færreste kan gi eit godt svar på kva kvalitet eigentleg er (Eliassen, 2016, s. 7). Dette skriv Knut Ove Eliassen som er professor i litteraturvitenskap. Ifølgje Eliassen er tydinga bak kvalitetsomgrepet kontekstavhengig, og difor må omgrepet vurderast på bakgrunn av det (Eliassen, 2016, s. 9). Dette synspunktet deler òg forfattar og forlagsredaktør Geir Gulliksen, som forklrarar at kvalitetskriteria ein nyttar for å vurdera blant anna poesi og romanar, er ulike (2016, s. 1). Kvalitet kan òg nokre gonger opptre ulikt i moderne og eldre tekstar, sjølv om sjangeren er den same. Kvalitetsomgrepet

blir difor tolka og definert på ulike måtar, og denne masteravhandlinga går nærmare inn på nokre av dei.

Ifølgje Eliassen vurderer Norsk standard kvalitet på bakgrunn av: ” [...] hvilken grad en samling av iboende egenskaper oppfyller behov eller forventning som er angitt, vanligvis underforstått eller obligatorisk” (2016, s. 16). Ut ifrå definisjonen kan ein difor seia at om noko skal opplevast som kvalitet, må dei forventningane ein har til fenomenet bli oppfylt. Vurderer ein ei lettlestbok med utgangspunkt i denne definisjonen, kan det difor tenkjast at det er minst to avgjerande faktorar for om ein ser på boka som kvalitet eller ikkje: Kva for nokre eigenskapar boka har, og om desse eigenskapane oppfyller eins forventningar. Forventningar kan dessutan vera styrte av faktorar som til dømes politisk ståstad, ideologi, kultur og kjønn (Bjerck Hagen, Hamm, Pedersen, Sejersted & Vassenden, 2018, s. 98). Desse faktorane kan òg påverka lesemåten til å bli meir funksjonell, noko som vil føra til at ein leiter etter visse kvalitetar i litteraturen. Eit døme på det kan vera at ein feminist fokuserer på korleis kvinnene blir framstilte i boka og kva kjønn forfattaren er, og vurderer kvaliteten på boka som eit resultat av funna ein gjer (Bjerck Hagen et al., 2018, s. 103). I den litterære analysen i denne masteravhandlinga ligg fokuset på lettlestheit og kvalitet. Ifølgje definisjonen til Norsk standard, kan òg nokre av forventningane ein har vera obligatoriske. Dette kan tenkjast å vera dei forventningane som blir skapt på bakgrunn av kriteria som kjenneteiknar fenomenet. Med grunnlag i at det ikkje er nokre fastsette kriterium for korleis lettlestbøker skal vera, kan det difor oppstå ulike forventningar til litteraturen og dermed usemje kring kva for nokre faktorar som er avgjerande for at boka skal ha høg kvalitet. Kva for nokre moglege kriterium som kan brukast for å vurdera litterær kvalitet, går masteroppgåva nærmare inn på i delkapittel 2.2 om litterær kvalitet.

2.2 Kvalitet i litteraturen

Når ein seier at ein erfarer kvalitet, så er det snakk om ei erfaring som er basert på andre erfaringar. I litteraturen vil det seia at møtet med stilistiske trekk ved ein tekst, teksten si evne til å stimulera lesaren si førestillingsevne og teksten si tiltrekkskraft er avhengig av lesaren sin sinnstilstand, kunnskap og evne til å ta imot teksten (EllefSEN, 2016, s. 85-86). Ifølgje litteraturkritikaren Bernhard Ellefsen kan ein difor seia at litterær kvalitet og estetisk verdi er kongruente størrelsar, då kjensla av kvalitet er andreordenseigenskapar som skjer på bakgrunn av måten verket er sett saman på. Ut ifrå dette definerer han litterær kvalitet som ”[...] termen for litteraturens estetiske verdi” (EllefSEN, 2016, s. 86). Når Ellefsen gjer seg nytte av det

matematiske omgrepene kongruens til å skildra forholdet mellom dei to omgrepene litterær kvalitet og estetisk verdi, kan det tenkast at han refererer til at tydinga av omgrepene dekkjer det same området. Måten han skildrar omgrepene på gir ei forståing av at eit verk har fleire estetiske verdiar som til dømes stilistiske trekk og evne til å stimulera lesaren sine forestillingar, og at samspelet mellom dei estetiske verdiane vil kunne føra til at lesaren får ei oppleving av litterær kvalitet.

Gulliksen definerer ikkje litterær kvalitet på same måte som Ellefsen, men forklarar derimot omgrepet ved å dela det inn i kvalitetslitteratur og underhaldningslitteratur (Gulliksen, 2016, s. 2). Kvalitetslitteratur er litterære tekstar som verkar på forfattaren og lesaren sitt djupaste nivå. Gulliksen forklarar ikkje kva han legg i omgrepet underhaldningslitteratur, men den kan tenkast at han refererer til litteratur som ikkje er av like høg kvalitet som den førstnemnde litteraturgruppa, men derimot lettare underhaldning. Dette er fordi at han omtalar litteraturen som *berre underhaldning*. Det å skulle skilja mellom kvalitetslitteratur og underhaldningslitteratur på denne måten, kan vera ei utfordring då det kan verka som at grensa mellom omgrepene er relativt vag. Ein kan dessutan igjen anta at kva ein opplever som kvalitet og underhaldning vil kunne vera avhengig av dei tidlegare nemnde faktorane som ideologi, politisk ståstad og kjønn. Faktorar som alder, livssituasjon og interesser kan også ha innverknad på denne vurderinga. Det kan dessutan tenkast at ein person som opplever ei bok som kvalitet vil kunne meina at boka har underhaldningsverdi. Det strider imot Gulliksen si omgrevsavklaring då han set dette skiljet mellom det han meiner er to ulike typar litteratur.

Gulliksen forklarar vidare at kvalitetslitteratur er litteratur som gjer at ein opplever noko på nytt og då gjerne på ein ny og annleis måte. Det Gulliksen skildrar her er i tråd med dei grunnleggande tankane i den russiske formalismen, der det vert skilt mellom to språk: det praktiske kvardagsspråket og det dikteriske språket. Det dikteriske språket blir nytta i litteraturen, og har som oppgåva å forsterka inntrykk gjennom språklege verkemiddel som metaforar, gjentakingar og samanlikningar. Det skildrar gjenstandar og hendingar på ein måte som gjer at ein klarar å sjå det føre seg som eit dikterisk bilet, og dermed får ei kjensle av å oppleva fenomenet på nytt (Sjklovskij, 1998, s. 16). Ein kan sjå at tankane i den russiske formalismen framleis er like aktuelle, då Gulliksen skildrar litterær kvalitet ved å uttrykka seg på same måte i 2016. På bakgrunn av dette blir det undersøkt om metaforar, gjentakingar og samanlikningar, kjem til uttrykk i lettlestbøkene i den litterære analysen. Sjølv om ein kan setja spørjeteikn til måten Gulliksen skil mellom kvalitetslitteratur og

underhaldningslitteratur, kan det vera med på å gi ei større forståing for kva litterær kvalitet eigentleg er. Kvalitet er meir enn berre underhaldning. Kvalitet er noko ekstra. Kva dette *ekstra* kan vera, går masteravhandlinga nærmare inn på i dei kommande sidene om Erik Bjerck Hagen og Atle Christiansen sine kriterium for litterær kvalitet. Kriteria deira vil vera med på å tydeleggjera kva litterær kvalitet kan vera, og korleis kvalitet kan opptre i litterære verk.

Erik Bjerck Hagen og Atle Christiansen er to kjende og sentrale litteraturkritikarar. I tillegg til å vera litteraturkritikar er Bjerck Hagen professor i allmenn litteraturvitenskap. Han har gitt ut fleire bøker der han diskuterer litteratur og litteraturvitenskap, blant anna boka *Litteraturkritikk*. Christiansen er forfattar og kritikar, og skriv ofte om ulike stil og grep innan litteraturen. Han er blant anna kjend for å ha skrive *Kritikerboka*, som omhandlar litteratur, journalistikk og kritikk.

Før masteravhandlinga tek føre seg kvalitetssymptoma og -kriteria som Bjerck Hagen og Christiansen har utforma, kan det vera hensiktsmessig å vita korleis Bjerck Hagen definerer litterær kvalitet, då han vel å formulera seg på ein anna måte enn Ellefsen gjer i sin definisjon. Bjerck Hagen skildrar litterær kvalitet som: ”noe som verken er utenfor oss eller inne i oss, men en hendelse vi *deltar* i og er en del av [...]” (2004, s. 25). Ein kan sjå at definisjonen til Bjerck Hagen liknar Ellefsen sin definisjon der han skildrar litterær kvalitet som ”[...] termen for litteraturens estetiske verdi” (2016, s. 86). Det som skil dei to definisjonane frå kvarandre er at Ellefsen gjer seg nytte av fleire fagomgrep, og dermed oppnår han ein teoretisk definisjon som seier noko om dei stilistiske trekka i litterære tekstar. I definisjonen til Bjerck Hagen skildrar han derimot korleis lesaren opplever litterær kvalitet.

Det å sjå på kvalitetsomgrepet på same måte som Bjerck Hagen, kan vera interessant med tanke på informantane i denne masteroppgåva. Å oppleva lettlestlitteraturen som ei hending ein deltek i vil kanskje stemma for nokre informantar, medan andre moglegvis ikkje vil kjenna seg att i denne skildringa. For det første kan dei informantane med flest litterære erfaringar ha større krav og forventningar til litteraturen, enn elevinformanten. For det andre kan informantane ha ulike formeiningar om kva som faktisk kjenneteiknar ei bok med høg kvalitet, grunna ulike synspunkt på litterær kvalitet som omgrep. For det tredje kan faktorar som alder, interesser og livssituasjon spela inn på kva sjangrar og tema informantane vurderer som kvalitet.

På same måte som definisjonen til Bjerck Hagen tek utgangspunkt i lesaren av litteraturen, fokuserer symptoma hans på korleis litteraturen verkar inn på lesaren. Kort fortalt meiner Bjerck Hagen at dette er symptom på litterær kvalitet: lesaren opplever fysiske reaksjonar medan ein les, ein klara å setja ord på kva som er bra med teksten, fleire vurderer den som kvalitet, den blir lesen over eit lengre tidsperspektiv, den spelar ei rolle vidare i livet til lesaren, samt teksten sin stil, tone, atmosfære og språk. Det sjuande og siste symptomet på kvalitet kan sjåast på som ei oppsummering av dei førre symptoma, nemleg at verket sjokkerer lesaren samstundes som det kjennest ut som noko stort og mektig. Likt som Bjerck Hagen har utforma desse symptoma på kvalitet, har Christiansen laga sju kvalitetskriterium. I motsetnad til Bjerck Hagen sine kvalitetssymptom som tek utgangspunkt i lesaren, har Christiansen valt å fokusera på sjølve verket, i sine kvalitetskriterium. Han har òg valt å dela dei sju kriteria inn i to kategoriar: innomlitterære- og utomlitterære kriterium (Christiansen, 2010, s. 62). I den første kategorien inngår kriterium som omhandlar å lesa teksten som kunst og estetikk, medan den andre kategorien tek føre seg innhald, ideologi, moral, verdisyn og haldingar. For å få ei vidare forståing for kva litterær kvalitet kan vera, blir dei to tilnærmingane diskutert og vurdert opp mot kvarandre. Det at Bjerck Hagen sine symptom er lesarorienterte og Christiansen sine kriterium er tekstorienterte, gjer at masteravhandlinga set fokus på både lesaren og verket. Det kan vera hensiktsmessig då målgruppa i masteravhandlinga har visse utfordringar, samstundes som verket er prega av ulike tilpassingar.

Fysiske reaksjonar er Bjerck Hagen sitt første symptom på litterær kvalitet. Medan ein les pustar ein fortare, ler, og gret – gjerne på same tid. Ein ”reagerer med begeistring, likegyldighet eller avsky” (Bjerck Hagen, 2004, s. 26). Litterær kvalitet kan kjennast som stikkande smerte i hjarta, eller som sommarfuglar i magen. Det er tekstar som gir ein gåsehud eller kjærlekssorg (Bjerck Hagen, 2004, s. 26).

Det andre symptomet er det å kunna skildra kva som er bra med ein tekst. Det første symptomet kan gi ei beinveges oppleveling av kvalitet, men klarar ein å setja ord på kva som verkeleg er bra med teksten, er det eit klårt teikn på kvalitet. (Bjerck Hagen, 2004, s. 27). Det kan verka som at ein må sjå dei to første symptomata i samanheng med kvarandre. Om ein klarar å setja ord på kvifor ein får dei fysiske reaksjonane ein gjer, vil det vera eit teikn på at verket har litterær kvalitet. Det som kan vera ei utfordring med dette symptomet, er at ein som regel vil kunne skildra noko som er bra med boka. På bakgrunn av det Bjerck Hagen skriv,

tyder ikkje nødvendigvis desse skildringane at verket har høg litterær kvalitet om dei ikkje er baserte på fysiske reaksjonar. Med andre ord vil ein kunne oppleva ei bok som morosam, men om ein ikkje får nokre fysiske reaksjonar som til dømes at ein ler høgt medan ein les, så kan dette moglegvis tyda på at boka ikkje har litterær kvalitet.

Det er mange ulike meningar om kva tekstar som er av kvalitet og ikkje. Er det fleire personar som ser på ein tekst som god, kan det difor vera eit kvalitetsteikn. Bjerck Hagen sitt tredje symptom på kvalitet, er at fleire personar vurderer ein tekst som litterær kvalitet. Ei utfordring med dette symptomet er at nokre personar først kan vurdera ein tekst som kvalitet, men deretter oppleva at ein kritikar vurderer den same teksten som därleg. I eit slikt tilfelle kan ein ha feilvurdert teksten. Ifølgje Bjerck Hagen kan ein feilvurdera ein tekst om ein først får ei kjensle av litterær kvalitet, men deretter opplever teksten som lite truverdig (Hatland, 2017). Med grunnlag i at kva ein ser på som ein kvalitetsstekst kan variera frå person til person, kan det vera vanskeleg å avgjera om ein har vurdert teksten feil, eller om ein vektlegg andre kvalitetar enn andre lesarar av teksten (Bjerck Hagen, 2004, s. 27-28).

Det fjerde symptomet på litterær kvalitet er at teksten varer over tid. Ein kan tolka dette symptomet på to måtar: At verket har lesarar frå ulike tider, eller at den same lesaren les verket fleire gonger. Bjerck Hagen meiner at god litteratur er ”den som tåler *gjenlesing* og som blir bedre ved annen gangs lesing og enda bedre tredje gang” (2004, s. 28-29). På den eine sida kan det moglegvis tenkast at Bjerck Hagen refererer til typiske kanontekstar som til dømes *Et dukkehjem* av Henrik Ibsen. Dette verket blir framleis lese og beundra nærare 140 år etter at det blei skrive. I eit slikt høve vil det kunne bli problematisk å nytta dette kriteriet til å vurdera om samtidstekstar kan ha høg litterær kvalitet. På den andre sida vil dette vera avhengig av kva tidsperspektiv ein legg til grunn, då enkeltpersonar vil kunne lesa ei bok som dei opplever som litterær kvalitet, fleire gonger i løpet av livet.

I motsetnad til det Bjerck Hagen skildrar i sitt fjerde symptom på kvalitet, står Christiansen sitt *frigjeringskriterium*. Det seier at ein tekst som er original og frir oss frå dei tradisjonelle verka, har litterær kvalitet. Bøker vil aldri vera heilt nye fordi dei har strukturar og ordbruk ein har sett før, men når ei ny bok kan samanliknast med ein eldre tekst som tidlegare har blitt vurdert som god, er dette eit teikn på kvalitet (Christiansen, 2010, s. 80-82). Ut ifrå dette kan det verka som at Bjerck Hagen fokuserer meir på eldre litteratur enn Christiansen som ynskjer nye tekstar. Der Bjerck Hagen fokuserer på originalitteraturen lenge etter at den er publisert,

så går Christiansen vidare til nyare verk. Har dei nye verka nokre fellestrek med dei eldre tekstane, så kan det tyda på at det har blitt skapt eit nytt originalt verk med høg litterær kvalitet. Å setja ny litteratur opp mot eldre litteratur på denne måten, vil kunne gjera det mogleg å vurdera samtidstekstar sin litterære kvalitet.

Kva rolle spelar verket vidare i livet til lesaren, og kva skjer når ein tenkjer tilbake på det? Dette er spørsmål som er sentrale i det femte symptomet. Verket eksisterer ikkje berre medan det vert lese, men det lever òg vidare i lesaren sitt minne. Ein tenkjer tilbake på det og vurderer andre tekstar opp mot det. Det er tekstar som ein ikkje kan tenkjast ulesne når dei er lesne, og som hadde vore ein katastrofe om hadde forsvunne (Bjerck Hagen, 2004, s. 29).

Det som gjer at ein hugsar det litterære verket i lang tid, er som regel stilten, tonen og atmosfæren i det. Ein kan seie at "[...] litteratur er språket på sitt beste" (Bjerck Hagen, 2004, s. 30). Er ein redd for å gå glipp av noko i teksten ein les, er det god litteratur. Det kan verka som at Bjerck Hagen og Christiansen er samde i at språket spelar ei stor rolle i litteraturen, då Christiansen òg har eit kriterium som omhandlar dette. Det kriteriet kallar han *estetikk*. Han skriv at språket skal vera vakkert og bidra til å skapa eit kunstverk, og ikkje berre vera eit kommunikasjonsmiddel (Christiansen, 2010, s. 72). Når Christiansen skal gjera ei estetisk vurdering, så vurderer han det som positivt om litteraturen kan tolkast, samanliknast med anna litteratur, er djup og mangfoldig. For det andre bør teksten ha eit heilskapleg og samla preg ved at kapitla utfyller kvarandre. For det tredje bør heile teksten vera gjennomtenkt, samt ha eit spanande og innhaldsrikt språk (Christiansen, 2010, s. 74).

Det siste symptomet til Bjerck Hagen kan sjåast på som ei oppsummering av dei førre punkta. Eit litterært verk med høg kvalitet, er ein tekst som sjokkerer lesaren og framstår som noko større og mektigare enn ein sjølv som lesarar. Det kjennest som at verket er skrive for akkurat deg som lesar, og for å utvida nettopp di forståing av verda (Bjerck Hagen, 2004, s. 30). Christiansen sitt *meir enn*-kriterium, har fellestrek med dette symptomet til Bjerck Hagen. Ifølgje Christiansen skal verket vera meir enn «godt nok», det skal vera meir enn berre eit verk og det skal vera meir enn ei historie om ein person. Verket skal tilby ein bonus, ha noko meir enn "normalen" og på den måten strekkja "[...] seg ut av seg sjølv og mot noko anna" (Christiansen, 2010, s. 80). Dette er noko som, ifølgje Christiansen, kan visa seg gjennom bruk av fleire sjangrar på same tid (2010, s. 79).

Christiansen kallar eitt av kvalitetskriteria sine for *retorikk*. I dette kriteriet vurderer han måten bodskapen blir presentert på, for ei bestemt målgruppe i ein gitt situasjon. Han stiller spørsmål til forfattaren om kvifor han har tatt dei vala han har tatt i skriveprosessen og korleis det viser igjen i produktet. Christiansen set blant anna spørjeteikn til korleis informasjonen i boka vert presentert, i kva rekkjefølgje den kjem, kva dette gjer med boka og kor effektiv boka er i forhold til forfattaren sitt mål (Christiansen, 2010, s. 75).

”[...] det å vurdere ein tekst moralsk er ikkje så gammalmodig og utdatert som det kanskje høyrast ut som”, skriv Christiansen om sitt neste kriterium som han kallar *moral og eksistensielt alvor* (2010, s. 77). Tanken bak kriteriet er at ein tekst bør reflektera og kommentera tidlause spørsmål som til dømes mennesket, samfunnet eller svik. Han set pris på bøker som vågar å ta opp kompliserte spørsmål, men poengterer at forfattaren ikkje nødvendigvis må koma fram til eit klårt svar. Gulliksen deler same synspunkt som Christiansen, då han meiner at ein tekst av kvalitet skal gi lesaren ei utvida forståing av mennesket og mennesket sin eksistens (Gulliksen, 2016, s. 1). Kriteriet heng tett saman med kriteria i den første kategorien, som handlar om retorikk og estetikk. Christiansen ser på bøker som kan læra lesaren noko om til dømes religion og filosofi, som rosverdige. Kunnskapsrike bøker må ikkje nødvendigvis vera informasjonsmetta, men dei bør gi lesaren innsikt i ei sak, slik at han eller ho kan sjå annleis på temaet og gjerne oppleva å få ei ”fordomsoppløysande erfaring ”(2010, s. 78).

Litteraritet er Christiansen sitt siste kriterium for kvalitet. Christiansen tolkar omgrepet som; dei trekka som gjer ein tekst litterær, og det som gjer at den skil seg frå kvardagsspråket (2010, s. 78). Her vurderer han kva som er typisk for ein sjanger og kva som er unike trekk frå forfattaren si side. Christiansen meiner at gode tekstar grublar over sitt eige vesen, som til dømes at eit dikt reflekterer over kva eit dikt eigentleg er. Denne måten å skrive på viser evne til sjølvrefleksjon og sjølvinnnsikt, noko han vurderer som positivt (2010, s. 78).

Ein kan sjå at både Bjerck Hagen og Christiansen har sju kriterium som dei meiner at kan vera med på å avgjere kvaliteten på eit verk. Dei har tre kriterium som tek opp dei same momenta og dermed liknar på kvarandre, samstundes har dei begge fire andre punkt som er ulike. At dei har fleire kriterium som er ulike enn like, seier noko om kor vanskeleg det er å setja ord på kva litterær kvalitet er, samstundes som det viser at det ein vurderer som litterær kvalitet gjerne er ulikt. Eliassen, Ellefsen, Gulliksen, Bjerck Hagen og Christiansen gir likevel

innsikt i kva ulike personar kan leggja i omgrepet. Ut ifrå det dei skriv, kan ein seia at litterær kvaliteter er når lesaren sine forventningar til ein tekst blir oppfylt. Litterær kvalitet er når ein tekst verkar inn på kjenslene og sansane til lesaren, på det djupaste nivået.

Kvalitetskriteria til Christiansen og Bjerck Hagen blir seinare nytta for å undersøkja om lettlestbøker for eldre elevar kan ha høg litterær kvalitet. Ikkje alle vil vera samde i at ein kan nytta desse kriteria til å trekka konklusjonar om lettlestbøker. Eg vurderer det likevel som interessant og nyttig å sjå teoriane i forhold til kvarandre, for å undersøkja om det finst nokre likskapar mellom det som kan reknast som kriterium for litterær kvalitet og det som er typisk for lettlestbøker. Litterær kvalitet er ikkje eit omgrep som vanlegvis blir kopla til lettlestbøker, men det å bruka teorien på denne måten vil kunne bidra til ei større forståing for korleis kvaliteten på lettlestbøkene er, og vidare kva det eigentleg vil seia at ei lettlestbok har høg kvalitet.

For å kunne undersøkja kva litterær kvalitet kan vera for elevar i mellomtrinnsalder og eldre, er det naudsynt å få innsikt i kva som kjenneteiknar bøker som blir skrivne for barn og unge. På bakgrunn av dette går masteroppgåva inn på kva som vert rekna som kvalitet innan barne- og ungdomslitteraturen.

2.3 Litterær kvalitet i barne- og ungdomslitteraturen

Det er fleire måtar å gå fram når ein skal definera omgrepet barne- og ungdomslitteratur. Definisjonane skil seg frå kvarande ved at det dei tek utgangspunkt i, er ulikt. Nokon tek utgangspunkt i kven og kva boka handlar om, kven den passar for eller kven den faktisk blir lesen av. Andre definerer kva barne- og ungdomslitteratur er, med å setja ord på kva det ikkje er, nemleg litteratur for vaksne (Andersen, Mose og Norheim, 2012, s. 189-191). Det å definera omgrepet på denne måten er ei utfordring, då forsking viser at litteraturen for barn og unge har byrja å likna meir og meir på litteraturen for vaksne, og omvendt (Munch, 2010).

Denne masteroppgåva tek utgangspunkt i litteraturvitaren Kristin Ørjasæter si omgripsavklaring. Ho skildrar barne- og ungdomslitteratur som ”fag- og fiksjonslitteratur som henvender seg til barn og unge, og fremstiller deres perspektiv på tilværelsen” (2012). Både fag- og fiksjonslitteratur er ein del av omgripsavklaringa til Ørjasæter, men som nemnd i innleiinga fokuserer denne masteravhandlinga på fiksjonslitteraturen og utelet faglitteraturen.

Ser ein nærmare på omgrepet barne- og ungdomslitteratur, kan ein sjå at det består av to ulike grupper lesarar; barn og ungdom. Det å setja eit skilje mellom kva tid ein går frå å vera barn til å bli ungdom er ikkje enkelt, då ein kan seia at det er eit flytande skilje mellom dei to aldersgruppene. Kva tid ein sjølv byrjar å kjenna seg som ein ungdom og får ungdomsinteresser, kan dessutan òg vera individuelt. Når det i denne masteravhandlinga er snakk om elevar frå 5. klasse og eldre, kan det difor variera om elevane har barne- eller ungdomsinteresser, eller begge deler. Poenget med å fokusera på aldersgruppa, som er i denne overgangsfasen mellom barn og ungdom, er at elevane sine interesser er i endring og det kan spela inn på litteraturen dei les.

Grunnen til at det har vore usemje om korleis ein skal definera barne- og ungdomslitteratur-omgrepet, er at det ikkje har vore ei felles semje om kva som eigentleg kjenneteiknar litteraturen. Diskusjonen munnar ut i to hovudspørsmål: Er barne- og ungdomslitteraturen ein forenkla versjon av vaksenlitteraturen, eller er litteraturen for barn og unge ein helt anna type litteratur med andre kvalitetar og eigenskapar? (Andersen, Mose & Norheim, 2012, s. 191). På bakgrunn av dei forskjellige syna på litteraturen, har det oppstått diskusjon kring kva kriterium barne- og ungdomslitteraturen skal vurderast ut ifrå. Boka *Kartet og terreng* frå 2006 er ei samling av artiklar, der vurdering av litteratur for barn og unge, er det gjennomgåande temaet. Anne Sæther Lampi er ein av forfattarane som uttalar seg om temaet. Ifølgje Lampi har barne- og ungdomslitteratur historisk sett ikkje blitt rekna for å vera eit kunstverk, men derimot litteratur som har som hensikt å sosialisera, oppdra og danna lesaren (Lampi, 2006, s. 146-147). Dette stiller ho seg kritisk til, då ho har eit ynskje om at barne- og ungdomslitteraturen skal bli tatt like mykje på alvor som vaksenlitteraturen.

I nyare tid kan det verka som at det er blitt vanlegare å vurdera barne- og ungdomslitteraturen på same måte som vaksenlitteratur, då blant anna barnebokforskar og -formidlar Agnes-Margrethe Bjorvand har uttalt seg om at litteraturen for begge aldersgruppene skal ha like høg kvalitet (2012). Bjorvand legg vekt på det estetiske i vurderingane av barne- og ungdomslitteratur, på same måte som i vaksenlitteratur. I tillegg til dei estetiske kriteria legg ho til nokre kriterium som omhandlar den barnlege opplevinga, og korleis det kan tenkast at boka blir oppfatta av lesaren. Dette kallar Bjorvand for det pedagogiske kriteriet. For å ha fokus på både barn og unge, er førsteamanuensis og litteraturforskar Svein Slettan sine synspunkt på kva som kjenneteiknar ungdomslitteraturen òg ein del av denne diskusjonen.

Slettan sine synspunkt omhandlar emne som identifikasjon, forteljarsynsvinkel og populære tema i ungdomslitteraturen.

Det første kriteriet til Bjorvand, som er det estetiske kriteriet, omhandlar form, komposisjon og språk (2012). Ifølgje Bjorvand må skje mykje i forteljingane for barn og ungdom, for å halda på interessa til lesaren. Forteljingane må difor vera prega av ytre handlingar og dialog, og ikkje fokusera på miljøskildringar, tankar eller refleksjonar. Sjølv om forteljinga er handlingsrik bør den likevel ikkje innehalda fleire parallelle forteljingar, då dette kan verka forvirrande for lesaren. Det kan òg vera forvirrande om forteljinga handlar om mange personar. Det er difor ein fordel at forteljinga berre består av nokre sentrale personar som lesaren kan identifisera seg med (Bjorvand, 2012).

Ifølgje Slettan er det òg viktig for ungdommane å identifisera seg med hovudpersonen i boka. Han ser difor på det som ein fordel om hovudpersonen er på same alder som lesaren, og at det er ein førstepersonsfoteljar. Det gir lesaren innsikt i tankane til hovudpersonen, og dermed vil ein kunna få eit tett og intimt band til hovudpersonen (Slettan, 2014, s. 12-13). Når hovudpersonen er på same alder som lesaren, vil det dessutan kunne føra til at språkbruken i boka ligg nærmare lesaren sitt talemål, noko som igjen kan bidra til at lesaren identifiserer seg med hovudpersonen. Når ein voksen forfattar skriv ungdomsbøker, vil det vera ei utfordring å formulera seg på ein måte som verken blir oppfatta som barnsleg, eller for keisamt og tørt. Ifølgje Bjorvand (2012) er det ein fordel at språket i barne- og ungdomsbøkene er prega av enkel syntaks, sideordna heilsetningar samt konkret og daglegdags ordbruk, sjølv om ho påpeikar at det ikkje er eit krav.

Det andre kriteriet til Bjorvand, som er det pedagogiske kriteriet, omhandlar innhaldet og informasjonen boka gir innsikt i (2012). Innhaldet i ei barne- og ungdomsbok bør ikkje gå imot verdiar ein finn i læreplanen, som likeverd, toleranse og omsorg. Vidare skriv ho at bøkene må vera baserte på lesaren sine erfaringar, samstundes som lesaren bør få utvida kunnskapen sin gjennom ny og interessant informasjon (Bjorvand, 2012). Bjorvand refererer til Møhl og Schack som meiner at hovudpersonen i boka bør ha dei same utfordringane som lesaren, slik at lesaren kan bearbeida problema sine gjennom litteraturen. På den måten kan litteraturen hjelpe lesaren med å meistra ulike utfordringar i livet (2012). Det kan verka som at Slettan deler dette synspunktet, då han skriv at mange ungdomsbøker har til felles å omhandla identitet og det å finna ut kven ein er som person (2014, s. 22). Eit døme kan vera

at hovudpersonen hamnar i eit dårleg miljø og at han eller ho må prøva å koma seg ut av dette miljøet. På same tid stiller hovudpersonen spørsmål til kven ein eigentleg er (Andersen, Mose & Norheim, 2012, s. 208). Kjærleik og kjensler, det å vera fleirkulturell, etikk, psykologisk problematikk og legning, er døme på andre populære tema i ungdomslitteraturen (Slettan, 2014, s. 23). Bøker som dette vil ofte utfordra lesaren til sjølvrefleksjon, og på den måten dra lesaren inn i boka.

Bjorvand (2012) avsluttar artikkelen ved å stilla spørsmål til korleis ein bør gå fram for å vurdera ei bok for barn og unge. Ho skriv at ein først og fremst bør lesa boka på same måte som ein les vaksenlitteratur og deretter gjennomføra ein litterær analyse. Føremålet med den litterære analysen er å forsøka å finna kvalitetar i boka, setja ord på kvifor det er kvalitet og å undersøkja korleis boka er laga (Bjorvand, 2012). Etter at den litterære analysen er gjennomført bør ein ta føre seg ei funksjonell analyse der ein stiller spørsmål til korleis boka vil verka inn på lesaren, og korleis den kan fungera i samfunnet. Det kan òg vera naudsynt å ta omsyn til barnet sitt behov samt eigne haldingar og verdiar. Bjorvand sin metode for vurdering av barne- og ungdomslitteratur, vil fungera som inspirasjon til den litterære analysen i denne masteravhandlinga. I den litterære analysen skal eg forsøkja å setja ord på kva for nokre kvalitetar som finst i dei to utvalde lettlestbøkene, og vidare diskutera korleis dei kan verka inn på lesaren.

Set ein det Bjorvand skriv om vurdering av barne- og ungdomslitteratur opp mot Christiansen sine kriterium for kvalitet, kan ein sjå at dei har nokre fellestrek. For det første tek både Bjorvand og Christiansen utgangspunkt i verket, når dei formulerer kriteria. For det andre vurderer Bjorvand barne- og ungdomslitteraturen ut ifrå to kriterium: det estetiske- og det pedagogiske kriteriet. Som nemnd i kapittelet om litterær kvalitet, deler Christansen sine kriterium inn i innomlitterære- og utomlitterære kriterium. Det tyder at han, på same måte som Bjorvand, både ser på estetikk og moral, verdisyn og haldningar. Sjølv om Bjorvand og Christiansen ikkje skriv om akkurat det same, viser dette at dei vektlegg nokre av dei same verdiane i litteratur. Det kan tenkjast at desse likskapane mellom kriteria for litterær kvalitet og barne- og ungdomslitteratur oppstår fordi barne- og ungdomslitteraturen nå blir tatt meir på alvor, og blir vurdert på same måte som litteraturen for vaksne. På same tid vil litteratur alltid dreia seg om at ein tekst skal møte lesaren, uansett kven lesaren er. Det er difor ikkje overraskande at dei tek utgangspunkt i dei same momenta, sjølv om det dei fokuserer på innanfor momenta og vidare konkluderer med ikkje alltid er likt.

På den andre sida kan ein sjå at Bjerck Hagen sine kriterium skil seg frå det Bjorvand og Slettan skriv. Bjerck Hagen sine kriterium omhandlar korleis ein tekst verkar inn på lesaren, og korleis lesaren opplever teksten. Bjorvand og Slettan skriv derimot om kjenneteikn på barne- og ungdomslitteratur og kva litteraturen bør bli vurdert ut ifrå. Med andre ord skriv dei ikkje noko konkret om korleis barne- og ungdomslitteraturen verkar inn på lesaren, anna enn at lesaren bør få moglegheit til å kjenne seg att i boka. Bjorvand nemner òg at ein bør vurdera korleis boka verkar inn på lesaren, men det er ikkje konkrete tankar om korleis ein skal vurdera dette, eller kva det eigentleg inneber.

I artikkelen *Hva er god barne- og ungdomslitteratur i dag?*, skriv Ørjasæter at forskinga som skjer på det barne- og ungdomslitterære feltet ikkje har som mål å utvikla kriterium for litteraturen. Målet er derimot å få ei større forståing for utviklinga til barne- og ungdomslitteraturen som sjanger og kva den inneber i dag (Ørjasæter, 2012). Eg kan vera samd i at det å få større innsikt i litteraturen vil kunne vera til hjelp for å skriva fleire gode bøker for barn og unge. På same tid tenkjer eg at det å utforma nokre moglege kriterium, som då gjerne òg fokuserer på det lesarorienterte vil kunne bidra til meir kunnskap om kva som eigentleg er god barne- og ungdomslitteratur, og dermed å få eit større fokus på litterær kvalitet for denne aldersgruppa. Eg vil difor påstå at det kan vera både interessant og nyttig å finna ut kva som er litterær kvalitet både i barne- og ungdomslitteraturen generelt, men og i littlestlitteraturen.

2.4 Lese- og skrivevanskar og littlest litteratur

Dette delkapittelet går først inn på nokre vanlege lese- og skrivevanskar. Deretter blir Westerheim og Austad sine avklaringar av littlestomgrepet diskutert. Dette for å grunngje den gjeldande definisjonen for denne masteravhandlinga, som blei introdusert i innleiinga.

Forsking viser at 20 % av elevane i skulen har ei form for lese- og skrivevanske (Dysleksi Noreg, 2016). Det å vera svaksynt, leseuvant, psykisk utviklingshemma, ha konsentrasjonsvanskar eller dysleksi, er døme på ulike typar lese- og skrivevanskar. Med grunnlag i at det finst fleire forskjellige lese- og skrivevanskar, blir det òg skrive ulike littlestbøker som skal vera tilpassa dei ulike leseutfordringane. *Leser søker bok* er ein organisasjon som arbeidar for at alle skal ta tilgang på gode bøker, og dei anbefala difor littlestbøker som er tilpassa ulike typar lesevanskar. På nettsida deira, kan ein sjå at dei har

plassert lettlestbøkene i seks ulike kategoriar avhengig av kven dei passar for (Boksøk, u.å.). Kategoriane er: litt å lesa, enkelt innhald, stor skrift, punktskrift og følebilete, teiknspråk og NMT og symbolspråk. *Leser søker bok* sine kategoriar seier noko om dei underliggende oppfatningane som finst, då ”enkelt innhald” er det einaste innhaldsrelaterte kategorien som er framme. Likevel kan ein seia at kategoriane gir innsikt i dei ulike lesevanskane som finst, og kva for nokre tilpassingar som er naudsynte i lettlestbøker.

Førstelektor Ingeborg Westerheim og førsteamuanensis og leseforskar Ingolv Austad er to av fleire som har utforma definisjonar av lettlestbok-omgrepet. Westerheim skriv at lettlestbøker er ”[...] velegnet for utrenede og lesesvake lesere, de er ment å skulle gi leseglede og inspirasjon til videre lesing og dermed økt lesekompelanse” (u.å.). I Austad si omgrevsavklaring kan ein sjå at han har valt å formulera seg annleis enn Westerheim. Han skriv at lettlestbøker er ”tekster som enten er skrevet eller bearbeidet for at de skal være lette å avkode og lette å forstå for bestemte lesere” (1994, s.1). Set ein dei to definisjonane opp mot kvarandre kan ein sjå at Westerheim nyttar adjektivet ”lesesvake” i definisjonen. Det å nyttja dette ordet for å skildra ei spesifikk gruppe, kan problematiserast. For det første kan det verka nedlatande mot lesarane av lettlestbøker, og for det andre er det ikkje naudsynt å nyttja dette adjektivet då det finst fleire andre synonym som kan fungera like godt i omgrevsavklaringa. I motsetnad til Westerheim har Austad, medviten eller ikkje, ikkje gjort seg nytte av adjektivet ”lesesvake”. Austad omtalar derimot lesarane av lettlestbøkene som ”bestemte lesere” (1994, s.1). Kva han legg i dette kan ein setja spørjeteikn til, då det ikkje seier noko om bøkene er skrivne for nybegynnurar eller lesarar som har vanskar med leseprosessen. Ein kan òg leggja merke til at Westerheim skriv at lettlestbøker skal ”[...] gi leseglede og inspirasjon til videre lesing [...]” (u.å.), noko Austad ikkje nemner i sin definisjon som berre tek føre seg den praktiske sida ved lettlestbøker.

I denne masteroppgåva blir både utforminga av lettlestbøkene samt motivasjons- og inspirasjons-biten rekna som ein viktig del av det ei lettlestbok skal vera. Eg meiner at lettlestbøker ikkje berre skal bli sett på som eit pedagogisk reiskap, men at dei på lik linje med anna litteratur, skal kunne gi lesaren ei estetisk god oppleving. Bakgrunnen for dette er tidlegare forsking som viser at det å ha spannande bøker som er i tråd med eleven sine personlege interesser tilgjengelege, er med på å fremja interesse for lesing (Palm, Andreassen & Ulland, 2014, s. 118). I denne masteroppgåva blir difor lettlestbokomgrepet sett på som ein kombinasjon av dei to definisjonane til Westerheim og Austad. Eg definerer difor

lettestbøker som: tekstar som er skrivne for personar som av ulike årsakar har vanskar med å lesa. Tekstane skal vera lette å avkoda og lette å forstå, samstundes som dei skal bidra til motivasjon og lesegledede slik at lesaren skal kunne utvikla lesekompasjons sin.

2.4.1 Kjenneteikn og kvalitetar i letttest litteratur

For å få større innsikt i letttestbøker som fenomen, går masteroppgåva inn på kva tilpassingar som er naudsynte i letttestlitteraturen. Ingolv Austad er sentral i dette delkapittelet òg, då han har fleire synspunkt på korleis ei letttestbok bør vera. Hovudfokuset i dette delkapittelet ligg difor på Austad sine tre faktorar for leselegheit, samt førstelektor og kritikar Anne-Stefi Teigland sine kommentarar og utdjupingar av dei tre faktorane (Teigland, 2006).

Førsteamanuensis i lesevitenskap, Per Henning Uppstad sine synspunkt på det same temaet er òg sentrale i dette delkapitlet. For å ha nokre spesifikke kriterium å forholda seg til i den kommande litterære analysen, er videoen der Eva Rekve og Ingebjørg Lundevall fortel om *Leser søker bok* sine kriterium for å avgjera vanskegrada til bøker, i fokus. Eva Rekve arbeidar som rådgjevar hos *Leser søker bok* og Ingebjørg Lundevall er bibliotekar. Dette delkapittelet vil difor både dreia seg om kva som vert rekna for å vera kvalitet innan letttestlitteraturen, men òg kva som kjenneteiknar letttestbøker generelt.

Den første faktoren til Austad handlar om at teksten må vera leseleg. I dette legg han at boka må vera utforma på ein måte som gjer at den framstår som tilgjengeleg for lesaren. For at boka skal vera tilgjengeleg må forma på bokstavane vera forståeleg og kjend for lesaren, samstundes som at dei verken er for små eller for store. Ifølgje Rekve og Lundevall (2017) bør ikkje letttestbøkene innehalda vanskelege teikn, som semikolon, tre prikkar, tankestrek eller liten bokstav i starten av ei setning, då det kan vera forvirrande. Det er dessutan eit krav at kontrasten mellom fargen på bokstavane og bakgrunnen er stor, slik at bokstavane kjem tydeleg fram. Teksten si leselegheit er dessutan avhengig av kor mange ord det er på kvar linje, og vidare korleis linjene er plassert i forhold til kvarandre. Opplever lesaren at linjene er for nærmre kvarandre, kan det føre til utfordringar ved linjeskifte (Austad, 1994). *Leser søker bok* vurderer det som positivt om ei bok har det dei kallar laus høgremarg. Det vil sia at linjene ikkje sluttar på akkurat same plass, men at lengda på linjene varierer. Laus høgremarg er ein fordel for lesarar som har behov for mange pausar, då det gjer det lettare å hugsa kvar ein skal byrja å lesa igjen (Rekve og Lundevall, 2017).

Det å dela inn teksten i avsnitt og kapittel kan òg bidra til ein luftig tekst som gir rom for pausar. For at ei lettlestbok skal vera leseleg er det ein fordel om avsnitta og kapitla er korte. Det å ha illustrasjonar på kvart oppslag vil òg kunne fungera som ei støtte for lesaren (Upperstad, 2016). Det kan verka som at *Leser søker bok* ikkje har nokre spesifikke kriterium for korleis bileta skal vera og kor mange det skal vera. Rekve og Lundevall (2017) påpeiker likevel at illustrasjonane og teksten ikkje må konkurrera om merksemda til lesaren, då det kan føra til usikkerheit og stopp i leseflyten. Har bøkene ei passe tjuknad samstundes som dei er prega av korte avsnitt og kapittel og mange illustrasjonar som skapar luft på sidene, vil det kunne føra til at lesaren opplever boka som overkommeleg.

Sjølv om *Leser søker bok* ikkje har nokre spesifikke kriterium for illustrasjonane i bøkene, er dei opptekne av utforminga av fonten. Det er viktig at bøkene som er rekna for ungdom ikkje ser barnslege ut, men at dei ”møter leseren der hun er, med verdighet” (2017). Dette gjelder òg for framsida. Framsida på lettlestbøker er ofte prega av kreativitet og ei overskrift der bokstavane ikkje følgjer ei linje, er skrive i løkkeskrift og gjerne i kursiv. Dette kan føra til at bokstavane ser like ut, og at lesaren ikkje klarar å skilja dei frå kvarandre. Det er difor viktig at òg overskrifta består av reine og tydelege bokstavar (Rekve og Lundevall, 2017).

Den andre faktoren til Austad handlar om at teksten må opplevast som leseverdig. For at ein tekst skal vera leseverdig må den handla om noko lesaren finn interessant og som er av verdi for han eller ho (Austad, 1994, s. 25). Dette vil, ifølgje Austad, føra til at lesaren blir motivert for å lesa meir. Med grunnlag i dette kan ein seia at kva tekstar som er leseverdige, vil variera frå person til person. Det kan òg dessutan vera store skilnadar mellom kva lesarar i ulike aldrar vurderer som leseverdig. Det å avgjera om innhaldet i ei bok er underhaldande for elevar frå mellomtrinnsalder og eldre, kan difor vera utfordrande for ein person som ikkje sjølv er i denne aldersgruppa. I denne masteravhandlinga vil desse vurderingane difor bli gjort på bakgrunn av det eleven fortel i intervjuet, samt det som kjem fram i teoridelen. Sjølv etter intervjuet vil det dessverre vera ulike meningar og perspektiv som ikkje kjem med i denne masteravhandlinga, grunna individuelle skilnadar. Avhandlinga vil likevel gi innsikt i nokre utvalde personar sine synspunkt på temaet, og dermed moglegheit til diskusjon kring dette.

Sjølv om Austad er oppteken av innhaldet i teksten, meiner han likevel at personar med lese- og skrivevanskar vil bruka så mykje tid og krefter på avkodingsprosessen, at dei ikkje klarar å registrera kva teksten handlar om. Til dette kommenterer Teigland at ein tekst som ikkje er

leseverdig for lesaren, likevel vil vera meir utfordrande enn ein tekst som er leseverdig.

Vidare skriv Teigland (2006, s. 97) at lesaren ikkje nødvendigvis treng å forstå alt som står i boka, men at det viktigaste er at forteljinga engasjerer og at den ikkje er så utfordrande at lesaren gir opp. I dette tilfellet er eg samd med Teigland, då eg meiner at lettlestbøkene skal ha eit innhald som engasjerer eller interesserer lesaren, nettopp fordi at lesaren gjerne har eit ekstra behov for å bli motivert. Delar av fokuset i intervjeta og den litterære analysen kjem difor til å liggja på innhaldet i lettlestbøkene og måten det blir framstilt på. Det vil bli rekna som eit kvalitetsteikn at innhaldet i lettlestbok kan gi lesaren ei oppleveling av å bli underhaldt, engasjert, rørt eller nyfiken.

Rekve og Lundevall (2017) nemner ikkje noko spesifikt om kva lettlestbøkene bør handla om, noko som kan tenkjast å vera fordi det er så individuelt kva ein finn leseverdig. Dei fortel derimot at *Leser søker bok* er opptekne av at forteljinga kjem tydeleg fram. For å oppnå dette er det viktig at forteljaren i boka er synleg og tydeleg, slik at lesaren forstår kven det er. Bøkene bør dessutan ikkje omhandla meir enn tre personar, då det kan vera forvirrande og vanskeleg å halda kontroll på alle personane. Bøker der handlinga hoppar i tid kan vera utfordrande for lesaren, og dei må difor vera skrivne på ein måte som gjer at lesaren klarar å følgja med på kva tid ein er i. Om lesaren er usikker på om det han eller ho faktisk skjer eller om hovudpersonen drøymer, kan lesaren oppleva boka som forvirrande og keisam. Det vil vera ein fordel for lesaren om boka inneheld dialogar, som er skrive med dialogstrek. Det skapar luft på sidene samstundes som drar lesaren inn i handlinga (Rekve & Lundevall, 2017).

I den siste faktoren til Austad går han inn på dei ulike nivåa i ein tekst: ordnivå, setningsnivå og tekstnivå. Austad og Teigland deler same synspunkt om at orda i ei lettlestbok skal bli valde på bakgrunn av lesaren sine erfaringar med omgrepene og tydinga bak det. Teigland skriv at om lesaren skal oppfatta ein tekst som lett, er det avgjerande at lesaren forbinder det som står i teksten med noko (2006, s. 97). Eit døme på dette er at ”buss-sjåfør” kan reknast for å vera eit enklare ord enn ”los”, nettopp fordi at mange elevar har eigne erfaringar med det å ta buss og dermed ordet buss-sjåfør. ”Los” er dessutan eit relativt lite brukt omgrep, og eit omgrep det kan tenkjast at få elevar har erfaringar med. Dette på trass av at ”buss-sjåfør” har fleire bokstavar enn ”los” og at det er eit samansett ord, noko som i utgangspunktet kan vera utfordrande.

Upperstad deler same synspunkt som Austad og Teigland, og er samd i at ordvalet bør vera basert på lesaren sine erfaringar. Han påpeiker likevel at det òg bør vera nokre innslag av meir utfordrande ord i ein lettlest tekstu. Dette grunngjev han med at dei vanskelege orda vil fungera som spenningsmoment i teksten, og noko innhaldet kan knytast opp mot (2016). Om det skal vera utfordrande ord i ei lettlestbok, bør dei bli brukte fleire gonger (Rekve og Lundevall, 2017). Det vil gi lesaren moglegheit til å automatisera det vanskelege ordet, og etter ei stund vil det difor ikkje vera naudsynt for lesaren å stoppa opp og nærlesa ordet. Med vanskelege ord meiner Rekve og Lundevall til dømes samansette ord og ord med konsonantophoping som i ”dundre”. Ifølgje Austad er derimot utfordrande ord, ord med meir enn seks bokstavar (1994, s. 26). Dette kan tyda på at det har skjedd ei endring i kva ein vurderer som eit utfordrande ord, og at tydinga bak ordet nå blir rekna for å vera meir avgjerande for forståinga enn lengda.

Austad skriv vidare at det må vera tydelege tekstbindingar både på setningsnivå og på tekstnivå, fordi det vil vera med på å gi teksten eit heilskapleg preg. Han meiner dessutan at teksten bør vera skriven i ein sjanger lesaren er kjend med, slik at lesaren veit kvar ein finn den ulike informasjonen som er naudsynt for å kunna følgja med i ein tekstu. Når lesaren er kjend med sjangeren veit ein dessutan kva ein kan forventa seg i løpet av teksten. Teigland deler same synspunkt som Austad og legg til at ein kjend struktur er naudsynt for å gjera teksten meir tilgjengeleg for utrente lesarar (2006, s. 91-93).

Ifølgje Austad (1994, s. 27) er det svært viktig at språket er presist og enkelt, slik at teksten ikkje stiller krav til at lesaren sjølv må trekka slutningar eller lesa mellom linjene. Upperstad viser til Lundberg og Reichenberg, som har eit anna syn på korleis språket bør vera i ei lettlestbok (2016). Dei er opptekne av at lesaren skal få meir teksterfaring ved å lesa boka. Dette meiner dei ein kan oppnå ved at forteljinga har eit enkelt innhald samt ein enkel struktur, medan språket er meir utfordrande. Dei poengterer at lesaren må delta i ein førlesingsfase, før han eller ho byrjar å lesa boka. Ifølgje Lundberg og Reichenberg skal førlesingsfasen skje i samband med ein voksen, og ha fokus på paratekstane, samt strukturen og persongalleriet i teksten (Upperstad, 2016). I denne masteroppgåva vurderer eg det som ein fordel at elevane har tilgang på lettlestbøker dei klarar å lesa sjølv, slik at dei ikkje er avhengige av å delta i ein førlesingsfase slik som Lundberg og Reichenberg skildrar. Med grunnlag i dette kjem eg til å vurdera det som ein fordel om ei bok baserer ordvalet på elevane sine bakgrunnskunnskapar, då det vil kunne føra til at eleven kan lesa boka på eigahand. Om

det er innspel av nokre utfordrande ord i ei lettlestbok, treng ein ikkje nødvendigvis å vurdera dette som negativt då både Lundeberg og Reichenberg samt Upperstad ser på dette som ein moglegheit til å tileigna seg meir tekstkunnskap og ordforråd.

Dette delkapittelet har gitt innsikt i nokre tilpassingar som er naudsynte for at bøker skal vera lette å lesa og lette å forstå. Ein kan sjå at Austad, Teigland, Upperstad, Rekve og Lundevall som regel deler same synspunkt. Likevel kan ein leggja merke til at Austad og Teigland ikkje er heilt samde i viktigheita av eit leseverdig innhald. Som nemnd tidlegare i masteravhandlinga har dette vore eit omdiskutert og kritisert tema innan lettlestlitteraturen. Dette, samt andre kritiske kommentarar og refleksjonar rundt lettlestbøker, går masteravhandlinga nærmare inn på i delkapittel 2.5.

2.5 Kritikk av lettlestbøker

Lettlestbøker er eit omdiskutert tema, og ein kan finna mange artiklar som kritiserer ulike sider ved denne litteraturen. For å kunna avgjera om lettlestbøker kan ha litterær kvalitet, er det viktig å få innsikt i den kritikken som finst.

Tidlegare var det pedagogar som skrev lettlestbøker, men dette er nå blitt ei oppgåva for forfattarar. Upperstad (2016) skriv at dette er eit framsteg, då forfattarane har meir kunnskap om korleis ein kan skriva ein tekst av høg kvalitet, sjølv med få ord og enkle setningar. Dette er ikkje bibliotekaren Bjarte Bakken som arbeidar i *Foreningen !les*, samd i. Han meiner at forfattarar som regel skriv ei barne- og ungdomsbok, for deretter å forenkla språket i boka slik at den kan reknast for å vera ei lettlestbok (2006, s. 133). Ifølgje Bakken fører dette til at forteljinga blir overflatisk og at den ”haster av sted uten å egentlig fortelle noe som helst” (2006, s. 133). Teigland er òg kritisk til innhaldet i lettlestbøker. Ho går hardt ut, og seier at *dei fleste* lettlestbøkene manglar ei god forteljing. Lettlestbøker består ofte av korte, målretta setningar, noko som gjer framstillinga upersonleg samstundes som det krev mykje konsentrasjon av lesaren (2006, s. 93-96).

Som nemnd i innleiinga har det vorte diskutert om lettlestbøkene blir skrivne på bakgrunn av feil intensjon. Kulturrådet kjøper eit visst tal på bøker kvar år, som dei fordeler ut på forskjellige bibliotek i landet. Sjølv om lettlest litteratur ikkje er ein del av innkjøpsordninga, kan det likevel påverka kvaliteten på dei. Det er fordi at nokre forfattarar skriv fleire bøker i året, og som regel kjem den første og/eller den andre boka deira inn under innkjøpsordninga,

noko som fører til at dei tener pengar på dei. Sidan den tredje boka deira ikkje er ein del av innkjøpsordninga vel dei å skriva ei lettlestbok. Det er fordi at dei uansett kjem til å tene pengar på den, då marknaden for lettlestbøker er stor (Østenstad, 2014). Nokon lurar difor på om somme lettlestbøker berre blir skrivne for at forfattaren skal tena pengar, og ikkje nødvendigvis med tanke på lesarane. Sunne (2013) påpeikar at dette fører til at forfattarar berre gir ut ei eller to bøker med høg kvalitet i året, for så å gi ut lettlestbøker som ikkje er av like høg kvalitet som dei andre.

Østenstad problematiserer òg at nokre forlag har ein mal på korleis dei ynskjer at lettlestbøkene deira skal vera, og at dei oppmodar forfattarar til å skriva lettlest serielitteratur med utgangspunkt i denne malen (2014). Leseløve-bøkene, er eit døme på ein slik serie. Ho meiner at dette fører til mange svært like bøker, både med tanke på innhald og utsjånad. Vidare skriv ho at det er fokus på mengdelesing i skulen, og at mange elevar difor lårar lettlestbok etter lettlestbok som ser tilsynelatande heilt like ut. Dette fører til at elevane les ei mengde bøker som ikkje er unike, samstundes som dei moglegvis ikkje har serleg høg kvalitet. Østenstad er redd for at dette skal øydeleggje leselysta til elevane. Det kan verka som at originalitet er eit kriterium som blir vektlagt i litteratur for vaksne, men ikkje i lettlestlitteraturen. Ein kan difor setja spørjeteikn til om forventningane ein har til lettlestlitteraturen skil seg frå forventningane ein har til andre litteraturgrupper, og kvifor det eventuelt er slik.

Rekve og Lundevall (2017) fortel at mange lettlestbøker er markerte med eit symbol som skal visa at boka er lettlest. Detter meiner dei kan vera eit problem, fordi elevar kan oppleva det som ubehageleg at andre kan sjå at han eller ho les ei lettlest bok. Ifølgje Rekve og Lundevall kan det difor vera ein fordel at bøkene ikkje blir markerte på denne måten. På den andre sida meiner Sunne (2013) at dette kan vera med på å gjera det utfordrande for lesaren å finna ut kva for nokre bøker ein bør velja. På same tid veit ein at *Leser søker bok* òg har valt å markera bøker dei støttar med logoen deira, noko som strider imot Rekve og Lundevall sine eigne kommentarar til markering av lettlestbøker.

Ein kan sjå at det er stor usemje kring ulike sider ved lettlestlitteraturen. Diskusjonen tek opp både innhaldet og markering av bøkene, men òg produksjonen av dei. Ut ifrå kritikken kan det verka som at sikring av kvaliteten i lettlestlitteratur har vore nedprioritert, noko somme forfattarar har nytta seg av for eiga vinning. Det at denne diskusjonen har oppstått kan likevel tyda på at det har vorte meir medvit kring kvaliteten på bøkene, og dermed fokus på at det må

skje ei endring som gir lettlestbøkene høgare kvalitet. Ein sjå at kjeldene som fortel om kritikkverdige forhold med lettlestlitteraturen er relativt oppdaterte. Det kan difor ikkje vera mogleg at det har skjedd ei heilomvending innan lettlestlitteraturen som har ført til at alle lettlestbøkene nå har høgare kvalitet. Går ein inn på bibliotek i Noreg, vil ein framleis kunne sjå at utvalet av lettlestlitteraturen ofte er prega av seriar som leseløvebøkene. Det er viktig å påpeika at ikkje alle leseløvebøkene har därleg kvalitet, men ifølgje Østenstad (2014) vil ikkje bøkene opplevast som unike og originale då det er seriar som er masseproduserte.

2.6 Lettlestbøker som samansette tekstar

Det finst tilsynelatande få kommentarar til biletbruken i lettlestlitteraturen, verken kritiske eller konstruktive. Dette på trass av at bilete ofte vert sett på som ein naudsynt del av lettlestlitteraturen. Dette kunne ein sjå tidlegare i masteravhandlinga då Uppenstad (2016) skriv at lettlestbøker bør ha biler på kvart oppslag. Tekst og bilet kan verka saman på ulike måtar, og dette kan vidare spela inn på lesaren. Korleis samspelet mellom tekst og bilet kan vera og kva det kan ha å seia for lesaren, vil difor vera ein del av den komande litterære analysen for å få ei heilskapleg vurdering av bøkene. Dette delkapitelet forklarar omgrep som biletbøker, illustrerte bøker, ikkje-illustrerte bøker, paratekstar og ikonotekst. Med andre ord går delkapitelet nærmare inn på kva tankar som ligg bak utforminga av faktorar som til dømes tittel, framside og baksidetekst.

Om ein ser vekk ifrå ungdomsbøkene, kan ein ifølgje den svenske forfattaren Kristin Hallberg, dela barnebøker inn i tre kategoriar: biletbøker, illustrerte barnebøker og ikkje-illustrerte barnebøker. Hallberg definerer biletbøker som «en barnbok med en eller flera bilder på varje uppslag» (1982, s. 164). Illustrerte barnebøker er derimot bøker som berre har bilet på nokre sider, og ikkje-illustrerte bøker har naturlegvis ikkje innslag av bilet.

Når ei bok inneheld både tekst og bilet, kan ein seia at dei er samansette tekstformer som kommuniserer gjennom fleire uttrykksformer. Tekst og bilet er dei vanlegaste uttrykksformene, men også faktorar som til dømes fargar og fonten kan reknast som ulike uttrykksformer. Hallberg skriv at samspelet mellom tekst og bilet ofta vert vurdert i biletbøker for barn, men sjølv meiner ho at dei også kan seia oss noko om andre illustrerte bøker. Med grunnlag i at den eine boka som blir analysert seinare i masteravhandlinga er ei illustrert bok, vil det difor vera hensiktsmessig å undersøkja samspelet mellom tekst og bilet og korleis dette verkar inn på lesaren. Den andre boka er ei ikkje-illustrert bok, og difor gir utvalet av bøker moglegheit til å drøfta viktigheita av bilet i lettlest litteratur.

Det som i det førre avsnittet blir omtala som eit samspel mellom tekst og biletet, blir på fagspråket kalla ikonotekst (Birkeland & Mjør, 2012, s. 79). Kva dette samspelet inneber kan variera. Hallberg refererer til bildebokforskar og kritikar Brian Alderson som skriv at «[...] bildens främsta uppgift är att stödja relationen i texten och därmed underlätta läsningen (Hallberg, 1982, s. 164). Når biletet og teksten fortel det same, som skildra i setningsutdraget, kan ein seia at bileta er ei forankring av teksten (Birkeland & Mjør, s. 2012, s. 79). Fortel derimot bileta meir enn det som står skildra i teksten, slik at dei to uttrykksformene utfyller kvarandre, er det ei avløysing. I eit slikt tilfelle må lesaren sjølv tolka kva som skjer, og det krev difor at lesaren er vaken og oppmerksam. Det å skulle trekkja slike sluttingar kan tenkjast å vera utfordrande for nokre elevar, og då særleg om bileta og teksten har motstridande tydingar. Det kan difor sjåast på som ein fordel om bileta fortel omrent det same som teksten.

Det er ikkje berre teksten og bileta i boka som spelar inn på lesaren. For at boka skal opplevast som ein heilskap, har boka ulike paratekstar. Framsida, tittelen, baksideteksten, innsidepermen, føre- og etterorda samt tittelbladet er alle ulike paratekstar som gir hint om kva boka skal handla om. Dette gjer at lesaren får nokre forforståingar og forventningar til innhaldet i boka. Det er difor viktig at lesaren finn paratekstane interessante, slik at dei blir nyfikne og motiverte for å lesa. Ein forventar at framsida skal gi informasjon om karakterane, situasjonen, staden og konflikten. Nokre gonger kan ein oppleva at tydinga bak framsida ikkje er klår for ein første gong ein ser den, men at den gir meir mening når ein har lese litt av boka. Det er fordi at paratekstane er ei utviding av den eigentlege teksten, og at dei ulike koplingane som finst mellom paratekstane og hovudteksten i boka, blir tydelegare for lesaren etter kvert som ein les (Mjør, 2010, s. 5). Framsida kan også gi lesaren informasjon om sjangeren. Om det står på framsida at boka er ein roman, vil lesaren forstå at boka er fiksjon. Dermed veit ein kva ein kan forventa seg av boka og korleis ein skal lesa den. På den måten kan paratekstane påverka lesaren og lesinga av litteraturen (Mjør, 2010, s. 1).

I motsetnad til framsida, er ikkje lenger baksideteksten interessant etter at boka er lesen. Baksideteksten si oppgåve er å informera lesaren om kva som kjem til å skje i boka, og etter at boka er ferdig lesen har ikkje lesaren lenger behov for denne informasjonen. Dette «understrekar lokaliteten som paratekst med informative og appellative funksjonar», skriv Mjør (2010, s. 7). Når bøkene er skrivne for dei yngste barna er baksida retta mot

vaksenpersonen, og den kan til dømes informera om at boka passar for høgtlesing. Når boka er skiven for dei eldre lesarane, rettar baksideteksten seg direkte til lesaren. I tilfelle der boka er ein del av ein bokserie, oppmodar baksida lesaren til å lesa dei andre bøkene i serien.

Innsidepermen er òg ein paratekst, då den seier noko om korleis ein skal lesa boka. Det å nyitta innsidepermen som ein paratekst er vanleg i biletbøker, men derimot ikkje like vanleg i andre illustrerte eller ikkje-illustrerte bøker. Tidlegare var innsidepermen i biletbøker for barn ofte kvit, men i nyare tid har det blitt vanleg å dekorera den slik den kan gi informasjon om innhaldet i boka (Mjør, 2010, s. 7). I nokre bøker er innsidepermen dekka med eit kart over det sentrale området i boka. Kartet gir innsikt i kvar handlinga går føre seg, forholdet mellom personane i boka og moglegvis konflikten. Den bakre- og fremre innsidepermen kan vera heilt like, men dei kan òg visa ulike sider av same sak eller dei kan symbolisera ei utvikling som skjer gjennom boka.

I kolofonen får lesaren informasjon om produksjonen av boka, difor kan ein òg kalla kolofonen for ein paratekst. Nokre gonger vel forfattaren å takka nokon av dei han eller ho har arbeida med, i utforminga av boka. I boka *Sinna mann* av Dahle og Nyhus, takkar dei blant anna ein familierådgjevar, ein psykolog og prosjektet «Vitne til vold». I dette tilfellet er kolofonen med på å legitimera bokprosjektet, samstundes som den informerer lesaren om at forteljinga er basert på ei sann historie (Mjør, 2010, s. 3).

I dette delkapittelet har ein fått innsikt i bøker som samansette tekstar. I bøkene finn me ulike uttrykksmåtar og paratekstar som fortel noko om innhaldet. Ein kan møta på kompliserte kopplingar mellom dei ulike uttrykksmåtane, og dei er ikkje nødvendigvis alltid like enkle å tolka. For at lesarar som er leseuvante eller har lesevanskar skal kunne forstå desse koplingane, er det naudsynt at dei nøye gjennomtenkte og kanskje tydelegare enn i andre bøker.

Teorikapittelet som heilskap viser at det i utgangspunktet er mange ulike faktorar som spelar inn på om eit verk blir opplevd som litterær kvalitet eller ikkje. Det kan dessutan verka som at desse faktorane, til ei viss grad, endrar seg på bakgrunn av kva type litteratur som skal vurderast og kven litteraturen er rekna for. Det skjer fordi at dei forventningane ein stiller til dei ulike sjangrane og litteraturtypane varierer, noko som resulterer i ulike formeiningar om kva som er kvalitet i litteraturen. Det tyder at det er andre og fleire faktorar som må vurderast i samband med lettlest litteratur som litteratur av høg kvalitet, enn anna litteratur for barn og

unge. Desse faktorane har hovudfokus på det språklege, men òg utforming og det multimodale kan spela inn på lesarane av lettlestbøker sitt høve til å forstå boka. Sjølv om det er avgjerande for lesarane å forstå det som står i boka, må ein ikkje gløyma at det er innhaldet som moglegvis er mest avgjerande for om ein liker boka og held fram med å lesa. Dette teorikapittelet har difor sett fokus på fleire både litterære, språklege og multimodale perspektiv, som alle kan reknast for å vera sentrale faktorar som spelar inn på den litterære kvaliteten til lettlestbøker.

3.0 Metode

Dette kapittelet gir innsikt i dei to forskingsmetodane som er sentrale i masteravhandlinga.

Først gjer eg greie for val av metodar. Deretter er kapittelet todelt, og ein vil først få innsikt i intervju som metode. Det blir presentert kva type intervju som er nytta, kva som er vektlagt i intervjuguidane samt gjennomføring, transkripsjon og analyse av intervjuen. Dei etiske retningslinjene som er følgt i arbeidet med intervjuen blir til slutt presenterte, før masteravhandlinga går over på den litterære analysen som metode. I denne delen får ein innsikt i kva for nokre kriterium analysen byggjer på og kva for nokre bøker analysen skal ta føre seg. Metodekapittelet blir avslutta med ein felles diskusjon kring intervju og litterær analyse som metodar.

3.1 Val av metode

Omgrepet *metode* tyder "[...] å følge en bestemt vei mot et mål" (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 16). I denne masteroppgåva er føremålet å undersøkja kva litterær kvalitet er og kva som kjenneteiknar ei lettlestbok, for deretter å kunne diskutera korleis litterær kvalitet kan visa seg i lettlestbøker for eldre elevar. Det var difor hensiktsmessig å kontakta nokre informantar som har kunnskapar og erfaringar med temaet. Når ein diskuterer eit tema på denne måten kan ein oppleva at samtalens blir abstrakt og svevande. For å konkretisera poenga til informantane, blei utsegna deira samt teorien om litterær kvalitet, barne- og ungdomslitteratur og lettlest litteratur nytta i ein litterær analyse. Dei to kvalitative metodane bidreg difor på ulike måtar med informasjon og innsikt i temaet, og dermed gir dei eit meir heilskapleg syn på lettlestbøker og litterær kvalitet enn om berre ein av metodane hadde vorte nytta.

3.1.1 Informantane

Informantane i forskingsprosjektet er ein forfattar av lettlestbøker, ein bokkritikar, ein bibliotekar, ein lærar og ein elev som nyttar lettlestbøker. Føremålet med å velja akkurat desse informantane, var at dei skulle vera med på å gi fagdidaktisk og litteraturfagleg innsikt i temaet. Fem personar er dessutan eit høveleg tal på personar, både med tanke på masteravhandlinga si omfang og problemstilling.

Alle informantane har ulike kunnskapar og praktiske røynsler som bidreg til ei større forståing av fenomena. I dette avsnittet blir informantane og deira bidrag til masteravhandlinga presentert. Eleven går på 6.trinn på ein skule i Noreg. Med grunnlag i at eleven les

leettlestbøker og er i den aktuelle aldersgruppa, har han opplevingar og kunnskapar om leettlestbøker og kva elevar på same alder kan setja pris på i ei bok. Den neste informanten er ein lærar i Noreg, som blant anna underviser i norsk. Det kan vera hensiktsmessig å nemna at denne læraren ikkje er læraren til eleven i avhandlinga. I utgangspunktet var tanken at læraren skulle vera læraren til eleven, då eg fekk kjennskap til eleven via læraren. Det kan likevel tenkjast å vera ein fordel at læraren og eleven ikkje har denne relasjonen, då det kunne ha påverka eleven sine svar. Læraren bidreg med å ta pedagogikken inn i avhandlinga, og set dermed fokus på eleven samstundes som ho har kunnskapar om lesing og lesevanskar. Bibliotekaren arbeidar på eit skulebibliotek i Noreg. Ho påpeikar sjølv at ho ikkje har bibliotekarutdanning, men med grunnlag i at ho har arbeida som bibliotekar i fem år, sit ho på viktig kunnskap som bidreg til større forståing av litteratur og kvalitet. Ho kan dessutan fortelja noko om kva bøker elevane faktisk låner på biblioteket, og om elevar som har lesevanskar spør om hjelp til å finna litteratur med passande vanskegrad. Bibliotekaren og læraren har sjølve valt å vera anonyme, og difor vert dei kalla ”bibliotekaren” og ”læraren” vidare i masteroppgåva. Med grunnlag i at eleven er mindreårig og i ein sårbar posisjon, er det ynskjeleg å skjerma han mest mogleg. Han fekk difor ikkje moglegheit til å stå fram med namnet sitt, og blir vidare omtalt som ”eleven”.

Dei to siste informantane i masteravhandlinga har begge valt å ikkje vera anonyme. Bokkritikaren i avhandlinga er Linn T. Sunne. Ho har skrive bokomtalar for Oppland Arbeiderblad og barnebokkritikk.no. Ho bidreg med kunnskap om litterær kvalitet og kva kritikarar legg vekt på når dei vurderer bøker for barn og då særleg leettlestbøker. Den siste informanten er forfattar Bjørn Sortland. Sortland har vunne fleire norske og internasjonale litteraturprisar. I 2009 vann han Ark sin barnebokpris for *Bergenmysteriet* (Sortland, u.å.). *Bergenmysteriet* er ein del av bokserien *Kunstdetektivene*, som moglegvis er dei mest kjende bøkene til Sortland. Sortland bidra med kunnskap og erfaring om korleis ein kan skapa leettlest litteratur og korleis kvalitet kan visa seg bøkene.

Eg kontakta informantane via e-post, der eg informerte dei om masterprosjektet. E-posten opplyste om at det var frivillig å delta, og at dei kunne velja å vera anonyme. I e-posten til læraren blei det stilt spørsmål til om ho hadde kjennskap til ein elev det kunne ver aktuelt å ha som informant. Dette måtte vera ein elev som var i målgruppa og som nytta leettlestbøker. Eleven måtte ha eit ynskje om å delta i forskingsprosjektet, samstundes som dei føresette

godkjende eleven si deltaking. Sistnemnde var naudsynt for å oppfylla retningslinjene til Norsk senter for forskingsdata (NSD).

3.1.2 Strukturert intervju

Denne masteroppgåva inneheld strukturerte intervju, i både skriftleg og munnleg form. Eit strukturert intervju er eit planlagt og formelt intervju, der føremålet er å avdekka og få innsikt i informanten sine kunnskapar og meiningar (Postholm, 2005, s. 69 - 71). I utgangspunktet skulle intervjuia med læraren, bibliotekaren, bokkritikaren og forfattaren vera skriftlege. Informantane har ein travle kvardag, og eit skriftleg intervju ville gi dei høve til å svara på spørsmåla når det passa for dei. I eit strukturert intervju er det vanleg å stilla dei same spørsmåla til alle informantane (Postholm, 2005, s. 69-70), men sidan informantane har ulike roller og skulle svara på spørsmåla ut ifrå dei, blei det vurdert som hensiktsmessig å ha nokre fellesspørsmål og nokre individuelle spørsmål. Dei individuelle spørsmåla omhandla likevel det same emnet, og kunne difor samanliknast med svara til resten av informantane.

I motsetnad til dei skriftlege intervjuia, skulle intervjuet med eleven vera munnleg. Eit munnleg intervju ville vera mindre arbeid for eleven, samstundes som det kunne tenkjast at det ville resultera i meir utfyllande svar enn eit skriftleg intervju. Det viste seg at òg forfattaren hadde eit ynskje om å gjennomføra intervjuet munnleg, då det gav han moglegheit til å visa korleis han tenkjer og arbeidar med lettlestlitteratur og bøker generelt. Det resulterte i eit datamateriale på tre skriftlege- og to munnlege intervju.

3.1.3 Førebuing og utforming av intervjuguiden

Som nemnd i innleiinga skreiv eg ei eksamensoppgåve som omhandla lettlestbøker for eldre elevar, våren 2017. På bakgrunn av dette var lettlestbøker og litterær kvalitet tema eg allereie hadde byrja å undersøkja, og dermed hadde eg fått innsikt i nokre sentrale kjelder. I byrjinga av arbeidet med masteroppgåva utvida eg litteraturlista på eksamensoppgåva ved å lesa om fleire fagpersonar sine synspunkt på det same temaet. I etterkant blei intervjuguidane utforma med utgangpunkt i teoridelen. Spørsmåla omhandla påstandar eg ynskte å få bekrefta eller avkrefta, samt omgrep og tema som var hensiktsmessig å få ei større forståing for.

Intervjuguidane blei delte inn i fire kategoriar: «Litterær kvalitet og lettlestbøker», «språk og lettlestbøker», «innhald og lettlestbøker» og «utforming av lettlestbøker» (sjå vedlegg fem til sju s. 97-102). Intervjuguidane blei ikkje heilt like, då intervjuguidane vart utforma til kvar

enkelt informant. Den intervjuguiden som skilde seg mest frå dei andre, var intervjuguiden til eleven. Dette fordi det var naudsynt å utelate store spørsmål som innehaldt kompliserte omgrep som litterær kvalitet. Intervjuguiden til eleven innehaldt difor spørsmål som fokuserte på kva eleven *likar* og *ikkje likar*, i bøker.

3.1.4 Datainnsamling: Førebuing og gjennomføring av intervju

Då intervjuguidane var ferdige, blei dei sendte til alle informantane utanom eleven. Eleven sin intervjuguide blei sendt til læraren hans, slik at både ho og eleven sine føresette kunne få tilgang på den om ynskjeleg. For at informantane skulle ha god tid til å svara på spørsmåla, fekk dei ein svarfrist på omrent ein og ein halv månad.

Før fristen til informantane hadde gått ut, blei intervjuet med forfattaren gjennomført. Under intervjuet blei det naturleg at forfattaren fortalte om forfatterskapet, tankar og erfaringar kring bøker, og at eg stilte spørsmål innimellom. Spørsmåla i intervjuguiden blei ikkje alltid stilt i tenkt rekkefølgje, noko som er naturleg med grunnlag i at intervjuet var munnleg. Dette påverka ikkje resultatet, men det førte til at intervjuet fekk ei meir ustrukturert form, enn dei skriftlege intervjuia.

I forkant av intervjuet med eleven sendte eg ut eit informasjons-/samtykkeskriv til eleven sine føresette. For at intervjuet skulle ha eit konkret samtaleobjekt, informerte læraren om kva for nokre lettlestbøker eleven hadde lese. Tanken var at intervjuet ville gi eit betre resultat om spørsmåla kunne ta utgangspunkt i ei bok som eleven hadde kjennskap til frå før. Intervjuet dreidde seg difor om lettlestserien om Frans av Christine Nöstlinger. Etter at intervjuet med forfattaren var gjennomført blei det dessutan bestemt at boka *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*, som er skriven av Sortland, skulle vera ein del av den litterære analysen i masteravhandlinga. På bakgrunn av dette fekk eleven òg nokre spørsmål om denne boka. Før intervjuet starta fekk eleven informasjon om kva intervjuet skulle dreia seg om, at eg har teieplikt, og at han ikkje måtte svara på spørsmål han opplevde som ubehagelege. Dette intervjuet hadde ei meir strukturert form enn intervjuet med forfattaren, då eg som regel stilte eit spørsmål som eleven svara på. Begge intervjuia blei tatt opp på lydband.

3.1.5 Transkripsjon

Det å transkribera tyder å skifta frå ei form til ei anna. I dette tilfellet vil det seia å gjera dei munnlege intervjuia om til tekstform. I transkripsjonsprosessen er det nokre omsyn ein må ta,

då det skjer ulike abstraksjonar når ein gjer om munnleg tale til skrift. Eit døme på dette er at kroppsspråk, gestar og kroppshaldning, som er ein naturleg del av intervjustituasjonen, forsvinn i den skriftelege versjonen (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 205). Dette er det viktig å vera klar over slik at ein unngår at vesentleg informasjon går tapt.

I denne masteravhandlinga er det transkribert to intervju: intervjuet med eleven og forfattaren. Intervjua blei transkriberte i kort tid etter at dei var gjennomførte, slik at eg framleis hadde intervjustituasjonen friskt i minnet. På den måten kunne eg notera om informanten hadde eit kroppsspråk eller eit tonefall som påverka tydinga av det som vart sagt. Med grunnlag i at begge intervjua dreidde seg om nokre spesifikke bøker, var det naudsynt å skriva ned tittelen på bøkene i kort tid etter intervjua, då dei ikkje alltid blei sagt høgt i intervjustituasjonen men berre peika på.

Då eg transkriberte intervjua, valde eg å skriva utsegna på nynorsk, då talemålet til informantane ikkje var relevant for forskingsprosjektet. Eg noterte lydar som «ehm» og «hmm», latter og uvanleg raske svar, for å ta vare på alle detaljane frå intervjua før opptaka blei sletta. Desse lydane blei fjerna då utsegna skulle nyttast i sjølve masteravhandlinga.

3.1.6 Dataanalyse

Då eg skulle analysera dataa frå intervjua, valde eg å nyitta Kirsti Malterud sine fire hovudsteg for analyse av meiningsinnhald (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 100-106). Dei fire hovudstega omhandlar samanfatting av meiningsinnhald, danning av kodar kategoriar og omgrep, kondensering og til slutt ei ny samanfatting av den omforma informasjonen.

3.1.6.1 Heilskapleg inntrykk og samanfatting av meiningsinnhald

I etterkant av intervjua med informantane, las eg gjennom intervjua for å få eit heilskapleg inntrykk av datamaterialet. Deretter blei lange setningar korta ned slik at dei blei meir meiningsstette (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 232). Eg opplevde at dei skriftelege intervjuer allereie var relativt meiningsstetta, men at dei munnlege intervjuer hadde fleire overflødige ord og setningar. Dette var ikkje uventa, då munnlege samtalar er meir spontane enn skriftelege-, noko som gjer at ein ikkje formulerer seg like presist munnleg som skriftleg. Dette kan ein leggja merke til i presentasjonen av funna, då det Bjørn Sortland fortel ofte er lengre enn det dei andre informantane seier.

3.1.6.2 Kodar, kategoriar og omgrep

I denne delen av analysen, ynskjer ein å finna den informasjonen som er relevant for forskinga. Allereie då eg byrja å lesa om fenomena lettlestbøker og litterær kvalitet, var det nokre stikkord som skilde seg ut ved å vera sentrale. For å sikra at informasjonen som blei samla inn var relevant for masteravhandlinga, valde eg difor å bruka desse stikkorda som kategoriar i intervjuguiden. Når ein bruker sentrale omgrep frå teorien som kategoriar, kallast kategoriane for deduktive kodar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 101). Dei deduktive kodane i denne masteravhandlinga var, som nemnd tidlegare: «Litterær kvalitet og lettlestbøker», «språk og lettlestbøker», «innhald og lettlestbøker» og «utforming av lettlestbøker».

3.1.6.3 Kondensering

Då eg hadde samla inn alle intervjuia, limte eg svara til informantane i eitt og same dokument, etter dei deduktive kodane. Sorteringa av dei skriftlege intervjuia gjekk relativt enkelt for seg, då intervjuguidane allereie var strukturert i desse kodane. Sjølv om ein har lagt til rette for at informasjonssorteringa skal kunne gjennomførast på ein enkel måte, kan ein ikkje arbeide for automatisk, då det kan føra til feil i datamaterialet. Det var meir utfordrande å kategorisera dei munnlege intervjuia. I utgangspunktet var dei utforma på same måte som dei skriftlege intervjuia, men på bakgrunn av at desse informantane hadde lenger og meir utfyllande svar, var det nokre gonger naudsynt å flytta på delar av svara deira for at dei skulle passa inn i kategoriane. Sjølv om nokre av svara blei flytta på, er det viktig å påpeika at sjølve meiningsinnhaldet i svara ikkje vert endra.

3.1.6.4 Samanfatting

Før ein byrjar å analysera datamaterialet, må ein lesa gjennom informasjonen ein har koda. Målet er å undersøkja om ein får det same inntrykket av denne informasjonen nå, som før ein byrja med kodinga. Dette gjer ein for å vera sikker på at ein ikkje presenterer feilaktige dataopplysningar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 104-105).

Etter at eg hadde lese gjennom datamaterialet på nytt kunne eg byrja å diskutera informasjonen. Med grunnlag i at informantane sine svar var limit inn og strukturert i ett dokument, var det enkelt å sjå samanhengar mellom svara og teorien i masteravhandlinga. Det som var utfordrande med å trekka desse parallellane i mitt tilfelle, var å ta omsyn alle dei

ulike teoretiske perspektiva og svara til informantane, då dette var ei stor mengd med informasjon.

3.2 Etiske retningslinjer

Forskningsprosjektet var meldepliktig i hendhald til personopplysningslova §31, av ulike årsakar. For det første var eleven som blei intervju under 18 år og for det andre hadde eg kontakt med informantane på e-post, noko som blir rekna for å vera ein personopplysning om informantane. For det tredje skulle eg intervju ein forfattar som mest sannsynleg kom til å nemna nokre av verka sine i intervjuet, og dermed på lydband. Det er direkte identifiserbar informasjon (Lovdata, 2015). På denne tida var det uvisst om informantane ynskte å vera anonyme. For å halde denne moglegheita open, var det difor naudsynt å gå ut ifrå at dei ville vera anonyme og dermed skjula identiteten deira.

Då masterprosjektet var meldt til NSD, sendte eg, som nemnd tidlegare, ein e-post til dei informantane som var over 18 år. Ifølgje NSD skal ein opplysa informantane om kva institusjon ein hører til, kven som er ansvarleg for prosjektet, føremålet, datainnsamlingsmetode, kva opplysningar som skal innhentast, prosjektslutt og dato for anonymisering av data. Dette informerte eg difor informantane om i informasjonsskrivet som eg sendte på e-post (sjå vedlegg to og tre, s. 93-94). På den måten fekk eg skriftleg svar frå informantane, der dei sa ja til å vera informantar.

For at eleven skulle kunne vera informant i forskningsprosjektet var det naudsynt at både han og hans føresette godtok deltakinga. Dette var fordi at eleven var under 18 år. Det blei difor sendt eit informasjons-/samtykkeskriv til eleven sine føresette, som dei måtte signera (sjå vedlegg fire, s. 95-96).

Då dataa var innhenta, lagra eg dei i ei mappe med passord, på datamaskinen. Denne mappa var det berre eg som hadde tilgang til, for at utanforståande ikkje skulle finna ut kven informantane i masterprosjektet er. Desse opplysningane blir sletta ved enda masterprosjekt i mai 2018, då dette er eit krav frå NSD.

3.3 Litterær analyse

Den andre metoden som er nytta i masteravhandlinga er ein litterær analyse. Det er ikkje bestemte metodiske rammer kring litteraturvitenskapen, men kva ein vektlegg er derimot

avhengig av korleis ein forstår litteraturvitenskap og litterær analyse som metode. Ei mogleg årsak til dette, kan vera at litteraturvitenskap blir definert på ulike måtar. Dette har ført til ein diskusjon mellom blant anna Bjerck Hagen og litteraturvitar og -kritikar Atle Kittang, der dei begge har skrive tekstar som kritiserer den andre sine refleksjonar kring kva litteraturvitenskap eigentleg er. I artikkelen *Teori, metode og vitenskaplighet i litteraturforskningen* kritiserer Bjerck Hagen Kittang si omgrevsavklaring, som seier at litteraturvitenskap er ei «samlebetegnelse på de forskjellige disipliner, metoder og tilnærningsmåter i det akademiske studium av litteratur» (Bjerck Hagen, 2006, s. 38). Ifølgje Bjerck Hagen er det for strengt å gjera seg nytte av omgrepene «akademiske studium» i denne definisjonen, då han meiner at òg mindre utsegn og kommentarar om litteratur i til dømes aviser, kan vera litteraturvitenskap. Med grunnlag i at Bjerck Hagen berre kommenterer formuleringa av studien, kan det tyda på at han deler same synspunkt som Kittang i at litteraturvitenskap er ei «samlebetegnelse på de forskjellige disipliner, metoder og tilnærningsmåter i litteraturen», men at det er presiseringa av studien han ikkje er samd i. Dette kan difor gi ein peikepinn på kva litteraturvitenskap er. Som ein motsetnad til Kittang si avgrensing av studien, viser Bjerck Hagen til litteraturvitar Jon Haarberg sin definisjon. Haarberg omtalar litteraturvitenskap som «ethvert seriøst studium av litterære tekster, det være seg dikting eller kunstprosa» (Bjerck Hagen, 2006, s. 38). Bjerck Hagen meiner at «seriøst studium» er ei for upresis formulering, då ein vil ha høgare forventningar til blant anna presisjon, originalitet og den heilskapleg forståinga av fenomenet i vitskaplege tidsskrift enn andre aviser. Ifølgje Bjerck Hagen er det dessutan ein avgjerande faktor at studien ikkje berre er av allmenn interesse, men at det òg blir diskutert av andre. Han vel difor å definera litteraturvitenskap som «alt det litteraturforskere til enhver tid regner som litteraturvitenskap» (2006, s. 38). Ein kan leggja merke til at Bjerck Hagen unngår å skriva noko om studien, men at han overlèt ansvaret med å vurdera om studien er litteraturvitenskapleg til litteraturforskarane. Definisjonen seier ikkje noko om kven Bjerck Hagen ser på som kvalifiserte litteraturforskarar, og dette er difor noko ein kan setja spørjeteikn til.

Diskusjonen om korleis ein kan definera litteraturvitenskap, sett lys på nokre synspunkt og formuleringar som er interessante for å kunne seia noko om kva faktorar som spelar inn på om eit studium kan kallast for litteraturvitenskap. På same tid viser definisjonen til Kittang at det finst fleire metodar og tilnærningsmåtar som blir brukt til å forska innan litteratur. Dei ulike litteraturteoretiske retningane kan danna utgangspunktet i litterære analyser, samstundes som litterære analyser òg kan vera baserte på eit mangfold av dei ulike tilnærmingane. Kva ein vel å leggja vekt på i ein litterær analyse kan difor variera, og dette kan igjen føra til ulike

tolkingar av eitt litterært verk (Skei, 2006, s. 33). I denne masteroppgåva tek ikkje den litterære analysen utgangspunkt i ei spesifikk litteraturteoretisk retning. Dette er fordi at det ikkje er ei målsetjing å utføra ei bestemd type lesing, men derimot å undersøkja fenomenet littlestbøker ut frå eit litterurfagleg perspektiv. Den litterære analysen er difor basert på teori om litterær kvalitet, barne- og ungdomslitteratur og littlestbøker, samt det informantane svara i intervjuet. Analysen har både lesaren og teksten i fokus, då dette er relevant for å kunne svara på problemstillinga, men eg ynskjer ikkje å seia at analysen er enten lesarorientert eller tekstorientert då dette ikkje er viktig for føremålet i masteravhandlinga. Når fokuset ligg på lesaren, vil det vera snakk om nokre *implisitte lesar*. Det vil seia nokre hypotetiske lesar og mottakarar av teksten.

3.3.1 Val av analysekriterium

Spørsmåla som er vektagde i analysen omhandlar både litteraturvitenskaplege og språkvitskaplege moment. Gjennom analysen og ved å svara på spørsmåla får ein innsikt i korleis kvalitet framstår i dei to bøkene. Analysen er strukturert ved at spørsmåla, er delt inn i fem overordna kategoriar: «Paratekstar», «språk», «innhald», «utforming, illustrasjonar og ikonotekst» og «dramaturgi og oppbygging». For å få ein oversiktleg analyse, vel eg å ikkje skriva opp eitt og eitt spørsmål, då talet på spørsmål er relativt høgt. I staden for å nemna spørsmåla, vel eg å dela analysen inn etter kategoriane og omtala det som er relevant under kvar og ein av dei.

Den litterære analysen byrjar med å undersøka paratekstane til bøkene. Korleis er paratekstane utforma, kva informasjon gir dei, og kva gir dei inntrykk av at boka skal handla om? Det blir òg diskutert om paratekstane har ein motiverande funksjon, som gjer at målgruppa ynskjer å lesa boka. Denne delen av analysen baserer seg på teoretiske perspektiv henta frå Birkeland, Mjør og Hallberg.

Den andre kategorien som tek føre seg handlinga i littlestbøkene, baserer seg på teoretiske perspektiv henta frå Bjorvand, Slettan, Bjerck Hagen og Christiansen. Her vil fokuset liggja på innhaldet og temaet i boka, og om dette har potensiale til å fengja målgruppa. Kan lesaren identifisera seg med hovudpersonen og kjenna seg att i det som skjer? Kvalitetskriteria som blir vurdert under denne kategorien, er om boka er spennande, mektig, bidreg til refleksjon og utviding av lesaren sine perspektiv, original, gir fysiske reaksjonar, om det er store spørsmål og tema i fokus, og atmosfæren og stemninga som blir skapt.

Den tredje kategorien omhandlar det tilpassa språket i lettlestbøkene, og byggjer hovudsakleg på den språkvitskaplege teorien om lettlestbøker. Det vil seia at teorien om lettlestbøker byggjer på synspunkta til Austad, Teigland, Upperstad, Rekve og Lundevall. Eg vurderer difor kva for nokre språkteikn som er nytta, og om desse stemmer overeins med Rekve og Lundevall sine anbefalingar om å unngå semikolon, tre prikkar, tankestrek og liten bokstav i byrjinga av setningar. Vidare vil det sjåast på som ein fordel om setningane har ein klår og enkel struktur, og om boka er prega av sideordna heilsetningar. Både Austad og Teigland meiner at orda som er nytta bør vera basert på lesaren sine erfaringar. Ifølgje Upperstad kan det å ha innslag av nokre utfordrande ord likevel sjåast på som ein fordel, då det gir lesaren moglegheit til å automatisera orda og dermed utvida ordforrådet sitt. Eg kjem difor til å undersøkja kva for nokre ord lesaren kan ha kjennskap til frå før, kor mange utfordrande ord det er og kva rolle dei spelar i teksten.

Denne analysen tek ikkje berre føre seg det tilpassa språket, men også det dikteriske språket. I den sjette kategorien vil difor fokuset liggja på språket som eit litterært fenomen. Med grunnlag i masteravhandlinga sitt omfang er det ikkje høve til å vurdera alle språklege verkemiddel. Dei språklege verkemidla er difor valt ut på bakgrunn av teorikapittelet der Gulliksen og den russiske formalismen blir sett i samanheng. Med andre ord ligg hovudfokuset på dei språklege verkemidla: metaforar, samanlikningar og gjentakingar. Vurderingane av verknaden til det litterære språket byggjer på Bjerck Hagen og Christiansen sine kvalitetskriterium.

Den femte kategorien tek føre seg utforminga av lettlestbøkene, samt illustrasjonane og ikonoteksten. Denne delen av analysen byggjer difor både på språkvitskapleg teori og teoretiske perspektiv henta frå Birkland, Mjør og Hallberg. Dei språkvitskaplege perspektiva er nytta for å kunne vurdera bokstavane sin form og størrelse og vidare kor mange ord som er plasserte på linjene, då Austad meiner at dette er avgjerande for at teksten skal vera leseleg. Vidare blir det undersøkt om boka har det Rekve og Lundevall kalla laus høgremarg, då det fører til luft på sidene. Ifølgje Upperstad er det dessutan naudsynt at boka er delt inn i korte avsnitt og kapittel og at boka verkar overkommeleg, difor vil dette òg bli undersøkt i den litterære analysen. I den illustrerte boka vil dessutan illustrasjonane og ikonoteksten bli diskutert, og i den ikkje-illustrerte boka vurderer eg korleis mangla på bilete påverkar boka og lesaren.

Den sjette og siste kategorien omhandlar dramaturgi og oppbygging, og dermed tekstens *kva*, *kvifor* og *korleis* (Skei, 2006, s. 35). På denne måten blir det eit hovudmål med analysen å skildra teksten som heilskap, samstundes som ein ser på dei ulike delane i forhold til kvarandre. I teoridelen kunne ein sjå at nokre av kvalitetskriteria til Christiansen omhandla tekstens *kva*, *kvifor* og *korleis*, på bakgrunn av dette vil det bli undersøkt korleis forfattaren har valt å presentera informasjonen i boka, og vidare korleis dette påverkar resultatet.

3.3.3 Val av bøker

For å kunne svara på problemstillinga vurderte eg det som høveleg å analysera to lettlestbøker. Bøkene måtte vera lettlestbøker, samstundes som dei anten var skrivne for eldre elevar eller skrivne for unge elevar, men ofte lese av dei eldre.

I 2017 gav Bjørn Sortland ut boka *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*. Dette er ei lettlestbok for elevar kring 12 til 16år, som er støtta av *Leser søker bok*. Med grunnlag i at dette er ei ny bok som er rekna for målgruppa i denne masteravhandling, vurderte eg boka som passande for forskingsprosjektet. At Bjørn Sortland er ein av informantane i denne masteravhandlinga, gir moglegheit for å setja det han fortalte i intervjuet opp mot lettlestboka han sjølv har skrive.

Den andre boka som er analysert er nummer 12 i bokserien *En pingles dagbok* som er skriven av Jeff Kinney i 2017. Boka har tittelen *Ferieparadiset* og er rekna for lesarar kring 9 til 12år. Sjølv om serien ikkje er definert som ein lettlestserie, er bøkene kjende for å vera lette å lesa og dei blir lesne av både lesarar med og utan leseutfordringar. I intervjuet med elevinformanten fortalte han at *Ferieparadiset* er ei av favorittbøkene hans. Eg vurderte det difor som interessant å analysera denne boka, då det seier noko om kva eleven set pris på i bøker.

Det finst både likskapar og skilnadar mellom dei to bøkene. Skilnadane er størst innan tema og språk, samstundes som *Ferieparadiset* er ei illustrert bok medan *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen* er ikkje-illustrert. Det dei har til felles er at dei skal vera lette å lesa og at dei er rekna for elevar kring mellomtrinnalder og eldre. Det at bøkene har

ulike målgrupper, gir rom for å undersøkja om dette har innverknad på korleis den eventuelle litterære kvaliteten framstår.

3.4 Metoderefleksjon

I denne delen av metodekapittelet blir det reflektert kring kva som kan reknast for å vera sterke og svake sider ved intervju og litterær analyse som metodar, samt korleis dei to metodane verkar saman.

3.4.1 Sterke og svare sider ved metodane

Fordelen med å nytta intervju som forskingsmetode, er at ein får moglegheit til å få innsikt i andre menneske sine kjensler, tankar, intensjonar og haldningar (Postholm, 2005, s. 68). På den måten kan ein tileigna seg kunnskap innanfor eit spesifikt tema, som andre har fleire direkte erfaringar med enn ein sjølv. Dette er ofte informasjon som er vanskeleg å få tilgang til, på andre måtar enn ved hjelp av intervju. Det kan vera ein fordel å gjennomføra intervju i munnleg form, då dette gir ein moglegheit til å forklara spørsmåla nærmare, om noko er uklart. Dette, samt eleven sin alder, var grunnen til at eg valde å møta eleven og utføra dette intervjuet andlet til andlet. Fordelen med å nytta både intervju og litterær analyse, er at eg fekk relativt stor innsikt i temaet både ved å lesa teori og deretter gjennom intervjuia. Ved å nytta denne informasjonen som analysegrunnlag i den litterære analysen, fekk eg ei større forståing for littlestbøker som fenomen og litterær kvalitet. Ein kan seia at den litterære analysen blei eit konkret døme på korleis kvalitet kan framstå i litteratur, noko som kan gjera det litt enklare å få forståing for kva litterær kvalitet kan vera.

Kvalitative metodar blir nokre gonger kritiserte, fordi dei fokuserer for mykje på eitt individ. På bakgrunn av at ein berre intervjuar eit få tal informantar i kvalitative intervju, kan ein ikkje seia noko generelt om fenomenet ein forskar på. I denne masteravhandlinga var målet å få større innsikt i littlestbøker som fenomen ved å høyra om ulike personar sone individuelle erfaringar med litteraturen. Det å kunne seia noko generelt om littlestbøker, var difor ikkje eit mål i dette tilfellet. Denne svakheita med metoden, er difor noko ein må tenkja på når ein formulerer problemstillinga, og før ein set i gong med forskingsarbeidet.

I denne masteroppgåva kan det vera ein svakheit at intervjuia ikkje blei utført på same måte. Når ein møter nokon i eigen person, får ein eit anna syn på personen enn om ein berre skriv med dei på e-post. Dessutan resulterte det munnlege intervjuet med Bjørn Sortland i meir

utdstrupande svar, enn svara eg fekk på dei skriftlege intervjuia. På den andre sida kan det òg vera fordelar ved å svara skriftleg på spørsmåla, då det gir ein moglegheit til å tenka nøyare gjennom svara enn i ein spontan intervjustituasjon. Då eg skulle analysera boka av Bjørn Sortland, måtte eg difor passa på at eg hadde eit objektivt syn på verket, og at eg ikkje automatisk delte hans synspunkt. Intensjonen med kvalitative analyser, er trass alt å møta dataa med eit ope sinn (Postholm, 2005, s. 86).

3.4.2 Forforståing

Forskaren vil alltid vera påverka av sin teoretiske ståstad, eigne erfaringar og opplevingar, og dermed sine forforståingar. Det er difor naudsynt å vera klar kva forforståingar ein har (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 100). Då eg byrja arbeidet med denne masteroppgåva, hadde eg lese mykje kritikk om lettlestbøker. Mine forforståingar gjekk difor ut på at lettlestbøker som regel hadde eit dårlig innhald og eit keisamt språk. Etter å ha undersøkt fenomenet nærmare har desse forforståingane og fordommane endra seg, og eg har fått forståing for at heller ikkje dette temaet er så svartkvitt som det først kunne verka som.

Eg hadde òg nokre førforståingar kring bøkene eg hadde valt til den litterære analysen. Desse førforståingane gjekk ut på at bokseiren *En pingles dagbok* er svært populær og mykje lese blant elevar i skulen. Elevinformanten fortalte òg at *Ferieparadiset* var ei av favorittbøkene hans, noko som moglegvis var med på å auka mine forventningar til boka. Før eg las *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*, las eg nokre omtalar som var skrive av elevar som hadde lese boka. Omtalane hadde til felles at lesarane opplevde boka som inntrykksfull og at dei anbefalte boka vidare (Foreningen !les, 2017). Mine forventningar til bøkene var difor relativt høge, noko som kan ha påverka mi lesing og analyse av bøkene. Det kunne difor moglegvis vore ein fordel å unngå lesing av bokomtalar i forkant av analysen eller å aktivt gå inn for å velja bøker eg ikkje hadde høyrd om. På den andre sida vil det kanskje ikkje vera like interessant å analysera bøker som ikkje er framme i media eller i skulen.

3.4.3 Reliabilitet og validitet

Reliabilitet og validitet er omgrep som blir brukt for å vurdera om resultata i eit forskingsprosjekt er truverdige og sikre (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 275).

Om eit forskingsprosjekt har reliabilitet, tyder det at funna er truverdige. Når resultata kan reproduserast på eit anna tidspunkt og av andre forskrarar, kan ein seia at dei er sikre. I eit kvalitativt forskingsprosjekt der intervju er nytta som metode, vil det difor vera avgjerande at informantane svarar det same i ein ny intervjustituasjon. Det er nokre grep ein kan ta for å sikra eit kvalitativt forskingsprosjekt si reliabilitet, til dømes å unngå leiande spørsmål og la fleire transkribera intervjuet. For å sikra masteravhandlinga si reliabilitet, var det difor eit mål å ikkje stilla leiande spørsmål, noko som kunne vera utfordrande då ein på same tid bør tenkja gjennom kva svar ein kan få ved å stilla eit spørsmål. Å få ein annan person til å transkribera intervjuet var uaktuelt i mitt tilfelle, då informantane i utgangspunktet skulle vera anonyme. Eg vil likevel påstå at denne masteravhandlinga har reliabilitet, fordi eg utførte pilotstudie i forkant av intervjuet. Eit pilotstudie vil seia at ein stiller spørsmåla til ein tilfeldig person på forhand av det eigentlege intervjuet, for å sjå om personen forstår kva som er meint med dei ulike spørsmåla. Det at eg var interessert i informantane sine erfaringar og meningar, vart dessutan atterspeglia i spørsmåla, noko som var med på å hindra at spørsmåla blei opplevde som leiande.

Validitet tyder sannheit og riktigheit. I samfunnsvitskapen dreiar validitet seg om metodeval, og om metoden ein nyttar er eigna til å forska på det ein skal undersøka (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Kvale og Brinkmann skriv vidare at validitet ikkje berre handlar om metoden, men også forskaren sin moralske integritet. For at eit forskingsprosjekt skal ha validitet, må forskaren ha eit kritisk syn på sine eigne fortolkingar og ha fokus på validitet under heile forskingsprosessen. For å sikra validitet i masteravhandlinga, har eg gjennomført skriftlege intervju. Med grunnlag i at informantane sjølv skriv svara ordrett, er det ikkje naudsynt at eg tolkar utsegna deira på same måte som ved munnlege intervju. Likevel vil framleis tydinga bak utsegna bli diskutert og tolka til ei viss grad. Som forskar kan ein dessutan oppleve at ein misforstår informantane. For å unngå misforståingar og dermed sikra masteravhandlinga si validitet, blei kapittel fire «presentasjon og drøfting av intervju» sendt tilbake til informantane etter at det var ferdig skrive. Det gav dei moglegheit til å lesa gjennom mine tolkingar av svara deira, og dermed til å kommentera om eg hadde misforstått noko. Det gav dei dessutan høve til å sjå om dei hadde forstått spørsmåla på same måte som dei andre informantane.

I denne prosessen påpeika bibliotekaren at eg hadde gjort ei endring i målgruppa i masteravhandlinga, og at dette i somme tilfelle kan ha verka inn på svara hennar i intervjuet. I startfasen var målgruppa «elevar frå 10 til 12 år», men dette blei endra til den nåverande

målgruppa; «elevar frå mellomtrinnalder og eldre». Endringa blei gjort for å ha fokus på ei større gruppe elevar, då både lettlestbøker for elevar på mellomtrinnet og lettlestbøker for elevar på ungdomsskulen har vorte tilsynelatande nedprioriterte. Ein kan seia at dette tilfellet synleggjer dei store forskjellane som finst mellom litteratur for to relativt jamgamle målgrupper. Det seier dessutan noko om forskjellane som finst mellom lettlestbøkene som er skrivne for elevane i byrjaroplæringa og for elevane i ungdomsskulen, og viktigheita av at òg dei eldste elevane har eit stort utval lettlestbøker som er skrivne for dei. For å sikra masteravhandlinga si reliabilitet og validitet valde eg difor å setja større fokus på begge desse aldersgruppene, ved å diskutera og relatera den litterære analysen til både elevane i mellomtrinnsalder og eldre. Det kan ein dessutan sjå på dei utvalde bøkene i analysen, då dei representerer aldersgruppene 9-12 år og 12-16 år.

Omgrepa reliabilitet og validitet er ikkje like relevante i arbeidet med litterære analyser som med intervju. Dette er fordi at subjektive tolkingar vil vera uunngåelege i litterære analyser. Det er likevel nokre grep ein kan gjera for at analysen ikkje berre skal basera seg på subjektive meininger og tolkingar. Analysekriteria i denne masteravhandlinga byggjer på eit gjennomtenkt teoretisk grunnlag, og dette er med på å gjera analysen meir fagleg og dermed til ei meir kvalifisert litterær analyse.

4.0 Presentasjon og drøfting av intervju

I denne delen av masteravhandlinga blir intervjeta med informantane presenterte og drøfta opp mot teorikapittelet. Som tidlegare nemnd er informantane ein elev som nyttar lettlestbøker, ein lærar, ein bibliotekar, kritikaren Linn T. Sunne og forfattaren Bjørn Sortland. Med grunnlag i at informantane ikkje fekk alle dei same spørsmåla, vil det vera tilfelle der eit tema blir diskutert utan at alle informantane uttalar seg. Som nemnd i metodedelen dreidde samtalens med eleven seg om lettlestserien om *Frans og Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*. På bakgrunn av dette vil nokre av svara til eleven ta utgangspunkt i desse bøkene.

4.1 Litterær kvalitet

Intervjeta starta med at informantane blei spurde om kva dei meiner at litterær kvalitet er. Spørsmålet blei stilt for å få større innsikt i litterær kvalitet som omgrep, samt kva verdiar informantane i dette forskingsprosjektet vektlegg i litteratur. Det skulle visa seg at informantane delte fleire av dei same oppfatningane. For bibliotekaren handlar litterær kvalitet om litteratur som trekkjer ein inn i ei verd, og som set i gong sansane til lesaren. Ho fortel:

Litterær kvalitet handlar for meg om litteratur som får ein til å føla, tenka, undra seg og å bli dratt inn i ei verd. Det å villa, måtta eller føla at du bør lesa vidare. Språket og innhaldet gir deg tankar og stemningar.

Det å bli trekt inn i ei verd slik bibliotekaren skildrar kan samanliknast med eit av Bjerck Hagen sine symptom på kvalitet, som seier at lesaren må oppleva fysiske reaksjonar medan ein les. Dei fysiske reaksjonane kan kjennast som til dømes kriblingar i magen, og dei kan føra til at lesaren ikkje ynskjer å leggja boka frå seg (2004, s. 26). Spørsmålet blir om lettlestbøker drar lesaren inn i ei ny verd og gir lesaren fysiske reaksjonar, eller om dei har eit for simpelt innhald og språk til at dette kan skje. Kva informantane meiner om dette, går masteroppgåva inn på seinare i kapittelet.

Ifølgje kritikaren Sunne handlar litterær kvalitet om originalitet, driv, tydelegheit og språk. Ho set òg pris på tvitydigheit i ei god bok, men legg til at ho er usikker på om spørsmålet

omhandlar litteratur generelt eller barne- og ungdomslitteratur. Sidan Sunne set spørjeteikn til dette, kan det verka som at ho meiner at litterær kvalitet ha ulik tyding i barne- og ungdomslitteraturen og vaksenlitteraturen. Det kan tenkjast at ho sjølv likar å lesa bøker med tvitydighet, men at ho ikkje alltid vurderer dette som kvalitet i bøker for barn og unge. Ein kan dessutan sjå at fleire av informantane, òg Sunne, påpeiker at tydelegheit er eit kvalitetsteikn i litteratur. Det kan difor verka som at tvitydighet kan opplevast som kvalitet for dei lesarane som er lesesterke nok til å gjera seg opp eigne tankar og refleksjonar medan dei les, men at tydelegheit er viktigare i ei lettlestbok då lesarane av dei gjerne manglar denne evna.

Læraren deler fleire av dei same synspunktene som Sunne, då ho meiner at boka må ha eit godt språk og eit tydeleg tema. Det kan tenkjast at eit tydeleg tema vil vera avgjerande for leseforståinga til lesarane av lettlestlitteraturen, og at ei eventuell usikkerheit kring temaet vil kunne føra til at ein legg vekk boka. Usikkerheit og forvirring kan tvinga lesaren til å reflektera rundt det som står skrive for å prøva å skapa forståing (Rekve og Lundevall, 2017), og det kan igjen føra til at ein ikkje blir dratt inn i boka på same måte som når tydinga bak teksten er klår for ein. Ei utfordring i lettlestlitteraturen kan difor tenkjast å vera å ha eit tydeleg tema, men på same tid ha eit tema som gjer boka leseverdig.

Ifølgje læraren er litterær kvalitet teksten si evne til å kommunisera med lesaren. Det kan samanliknast med Bjerck Hagen sitt kvalitetssymptom, som omhandlar boka si evne til å treffa lesaren (2004, s. 30). Det som er felles for dei to utsegna, er at begge fokuserer på det lesarorienterte. Det kan difor tyda på at det lesarorienterte moglegvis bør vera ein sentral faktor i vurdering av litterær kvalitet. På trass av dette kan det verka som at det lesarorienterte berre er eit tilleggsmoment i analyser av barne- og ungdomslitteratur, og at lesaren ikkje er hovudfokuset. Fokuset ligg derimot på at den som analyserer skal prøva å finna att dei ulike kjenneteikna på barne- og ungdomslitteratur i boka (Bjorvand, 2012). På bakgrunn av dette kan det tenkjast at det med fordel kunne skjedd ei ending i kva som blir vektlagt i analyser av litteratur for barn og unge. Ei eventuell endring kunne ha bidrige til å skapa eit større fokus på boka si evne til å verka inn på lesaren.

Sortland seier at det er vanskeleg å setja ord på kva litterær kvalitet er, men at ein merkar om kvaliteten *ikkje* er der. Likevel meiner han at lesaren må tru på karakterane i boka, slik at ein kan føla noko for det ein les. Vidare fortel han at eit verk har kvalitet om det er originalt og

forfattaren har klart å gjera det til sitt eige ved å oppnå ein sound i språket. Sortland forklarar det slik:

Les ein Jon Fosse, så skjønar ein det etter to til tre setningar - akkurat på same måte som ein høyrer at det er Abba som syng ei låt. Dei har ein spesiell sound som ein kjenner att. Jo meir noko likna på noko anna, jo därlegare er det, tenkjer eg.

Denne sounden som Sortland skildrar, kan minna om måten Bjerck Hagen skildrar kvalitet i eit verk. Bjerck Hagen meiner at eit verk ofte vert hugsa på bakgrunn av stilten, tonen og atmosfæren i det (2004, s. 30). Det kan tyda på at litterær kvalitet ikkje berre finst i språket eller handlinga, men at kvalitet òg kan visa seg i stemninga verket skapar. Det kan dessverre verka som at dette anten blir gløymt eller ikkje vektlagt i barne- og ungdomslitteraturen, då verken Bjorvand eller Slettan reflekterer rundt dette. Om litteraturen ikkje har ein spesiell stil, tone eller atmosfære, kan det føra til at verka ikkje sett spor i lesaren og dermed blir gløymde.

I frigjeringskriteriet til Christiansen kjem det fram at han vurderer originalitet som eit teikn på litterær kvalitet. I intervjuet fortel informantane at dei òg vektlegger det originale i litteraturen. Kva som kan reknast for å vera originalt for barn og unge kan likevel diskuterast, då dei sannsynlegvis ikkje har dei same litterære erfaringane som vaksne lesarar. Det kan difor tenkast at det barn og unge opplever som originalt, ikkje blir opplevd som originalt av vaksne. Med grunnlag i at målgruppa i denne masteravhandlinga verken er blant dei yngste eller dei eldste, kan det vera ei utfordring å vita kva dei vurderer som eit originalt innhald. På den eine sida kan det tenkast at elevane har meir erfaring med litteratur enn dei yngste, grunna alderen. På den andre sida er utrente lesarar ein del av målgruppa, noko som kan tyda på det motsette. Det vil dessutan òg alltid vera individuelle skilnadar innanfor ei gruppe. For at dei ulike elevane skal kunne oppleva bøkene dei les som originale, er det difor naudsynt at det finst eit brett utval av litteratur. Likevel kan det verka som at utvalet med lettestbøker for eldre elevar ikkje er så stort som ein skulle ynskja.

På bakgrunn av svara til informantane, kan ein tolka litterær kvalitet som eit originalt verk med eit tydeleg tema, der det er rom for tolking grunna tvitydigheit. Verket har ei atmosfære og ei stemning som gjer at ein blir dratt inn i ei verd der ein møter på truverdige karakterar. Dette gjer at lesaren byrjar å føla, tenkja og undra seg. Verket kommuniserer òg med lesaren

gjennom eit godt språk. For at språket skal vera godt må det ha ein driv og ein sound som gir leseren ei viss stemning.

4.2 Litterær kvalitet og lettlest litteratur

I dette delkapittelet går masteroppgåva nærmare inn på kvalitetsomgrepet i samband med lettlestlitteraturen. Dette for å få innsikt i kva tankar informantane har kring fenomenet lettlestbøker og kvaliteten på dei. Informantane fekk spørsmål om lettlestbøker for eldre elevar kan ha litterær kvalitet og korleis dei opplever kvaliteten på lettlestbøkene som finst på marknaden.

Alle informantane svarar ja til at lettlestbøker kan ha litterær kvalitet. Sortland grunngjev svaret sitt med at lettlestbøker kan ha dei same kvalitetane som andre bøker. Han meiner òg at kvaliteten på dagens lettlestbøker er «ganske bra». Han fortel at «dei fleste» lettlestbøkene blir gitt ut av etablerte forlag, og at dei då går gjennom ein redaksjon som kvalitetssikrar bøkene. Ein kan velja å søkja om pengar frå forlaget til å skriva lettlestbøker. Då vil ein kunne bruka lenger tid på å utvikla språket i boka, samstundes som ein redaktør frå forlaget òg vurderer språket. Søker ein om stønad både frå forlaget og *Leser søker bok*, får ein både hjelp frå ein redaktør frå forlaget og ein konsulent frå *Leser søker bok*. «Bøker som har eit piggsvinmerke på baksida har fått stønad frå *Leser søker bok*, og då er det tatt ekstra høgde for at bøkene skal vera lette å lesa», forklarar Sortland. Ifølgje Sortland vurderer *Leser søker bok* språket i boka, men han fortel ingenting om innhaldet i bøkene. Det er difor uvisst om dei vurderer innhaldet i bøkene, og kva dei eventuelt legg til grunn for eit godt innhald. Som tidlegare nemnd deler *Leser søker bok* bøkene inn i seks ulike kategoriar, der berre den eine kategorien omhandlar innhaldet. Det kan tyda på at dei vektlegg eit forståeleg språk, og at dei ikkje tek like stor høgd for innhaldet i bøkene.

Det Sortland seier strider imot Østenstad sin påstand om at nokre forfattarar gir ut lettlestbøker som si andre eller tredje bok for året, fordi dei tenar pengar på lettlestbøkene sjølv om dei ikkje er ein del av innkjøpsordninga (2014). Sortland fortel derimot at forfattar kan søka om stønad til å bruka lenger tid på lettlestbøker, samstundes som ein kan få hjelp til å utvikla språket i dei. Ut ifrå det Sortland fortel, kan det verka som at dette er ei frivillig ordning, og at det difor er opp til kvar einskilde forfattar å velja om ein skal nytta seg av

tilbodet. Dette kan difor vera ei mogleg forklaring på den tilsynelatande varierande kvaliteten på lettlest litteratur.

Ifølgje læraren er kvaliteten på lettlestbøkene varierande. Likevel meiner ho at det har skjedd ei forbeting og at det er lettare å finna gode lettlestbøker nå, enn for 20 år sidan. På trass av dette saknar ho ei nettside med gode og relevante anbefalingar av lettlestbøker for dei eldre elevane, då det er tidkrevjande å leita etter bøker i ein travel kvar dag. Det læraren fortel støtter opp under Sunne sitt utsegn frå 2013, der ho problematiserer at lettlest litteratur sjeldan blir vurdert og omtalt i media. Få omtalar i media kan gjera det vanskeleg å få oversikt over utvalet som finst. Læraren fortel likevel at ho held seg oppdatert på *Foreningen !les* si heimeside. Med grunnlag i at Sunne kommenterte mangelen på omtalar av lettlestbøker i 2013 og læraren framleis ser på dette som eit problem, kan det verka som at endringa innan eksponering av lettlestlitteraturen er liten eller fråverande.

Ifølgje Sunne finst det mange forskjellige lettlestbøker, både gode og dårlige. Ho trur det at lettlestbøker har trongare rammer enn anna litteratur, kan gjera det ekstra utfordrande for forfattaren å fylla bøkene med kvalitet, sjølv om ho meiner at det er mogleg. Bibliotekaren meiner at lettlestbøker kan ha litterær kvalitet, men likevel føler ho at dei sjeldan har det. Ho har ei oppleveling av at bøker som er skrivne for å vera lettlestbøker for denne aldersgruppa sjeldan gjer inntrykk. Ho hugsar dessutan ein gong ho las ei lettlestbok som var rekna for ungdom. Boka hadde korte setningar, men handlinga var så utsydeleg at ho hadde vanskar med å forstå kva som faktisk skjedde. Bibliotekaren påpeiker at barn og unge ikkje nødvendigvis deler hennar synspunkt, og at det kan vera utfordrande for ein voksen person å skulle vurdera om ei barne- og ungdomsbok har høg kvalitet, då barn og voksne kan ha ulike syn på kva litterær kvalitet er. Bibliotekaren er òg inne på noko viktig når ho seier at sjølv ei bok med korte setningar kan vera vanskeleg å forstå. I den komande litterære analysen vil difor setningane si lengd og vanskegrad samt innhaldet og tekststrukturen bli undersøkt. Dette for å ha fokus på viktigheita av eit innhald av kvalitet samstundes som tekststrukturen og tekstbindingane òg vil sjåast på som avgjerande faktorar for at lesaren skal kunne forstå kva som skjer i boka.

Bibliotekaren set spørjeteikn til om bøkene alltid *må* ha høg litterær kvalitet, då ho meiner at mange bøker kan ”ha ein viktig funksjon sjølv om dei ikkje vert ståande igjen som ”kvalitetslitteratur” 50 år seinare”. Dette er eit interessant spørsmål som viser at bibliotekaren

vurderer varigheit over tid som eit teikn på kvalitet, på same måte som Bjerck Hagen sitt fjerde kvalitetskriterium. Som bibliotekaren er inne på, treng ikkje nødvendigvis dette å vera eit kriterium som passar for lettlestlitteratur. Lesarane av lettlestbøker er i ein fase der dei skal utvikla seg som lesarar, og det å lesa ei lettlest bok fleire gonger er difor ikkje eit mål. Det kan dessutan verka som at lettlestbøkene sjeldan gir rom for tolking, og det vil difor ikkje vera mogleg å forstå boka på ein annan måte ved andre eller tredje lesing (Bjerck Hagen, 2004, s. 28-29). I den litterære analysen blir det likevel undersøkt om det er nokre tilfelle av tvitydigheit i bøkene, då det kan tenkjast å vera avgjerande for om det er hensiktsmessig å nytta dette kriteriet om lettlestlitteraturen eller ikkje.

4.3 Lettlest litteratur i kvardagen

Eleven, læraren og bibliotekaren har erfaringar med å forholda seg til lettlestlitteraturen i kvardagen. Medan eleven les lettlestbøkene, er det læraren og bibliotekaren si oppgåve å finna lettlestbøker, vurdera vanskegrada til bøkene og deretter anbefala dei vidare til elevane. Dei fekk difor spørsmål om korleis dei opplever utvalet som finst av lettlestbøker på arbeidsplassen deira, og korleis dei går fram for å vurdera om ei bok si vanskegrad passar til ein elev. Mot slutten av delkapittel 4.3 diskuterer eg innspela frå alle informantane, der dei fortel kva ulikskapar dei meiner at finst mellom lettlestlitteratur for dei yngste og dei eldre elevane.

Bibliotekaren svarar at dei har «ganske mange» lettlestbøker, på arbeidsplassen hennar. Dei har valt å markera dei lettlestbøkene som er definerte som lettlest med «lett», slik at dei kan ha dei ståande saman med anna skjønnlitteratur og faktabøker for barn og unge. Det vil seia at bøker som er skrivne som lettlestbøker og gjerne ser ut som typiske lettlestbøker, blir markerte med «lett». Bøker som er lette å lesa, men ikkje er definerte som lettlestbøker, som til dømes *En pingles dagbok*, er derimot ikkje markerte. Bibliotekaren fortel at elevane av og til spør om hjelp til å finna bøker. Det er sjeldan at dei spør direkte etter lettlestbøker, men dei spør ofte etter ei spennande bok som framstår som lettlest ved at den har mange teikningar eller teikneseriestil. Ho plar aldri å spørja eleven om han eller ho ynskjer ei lettlestbok, men ho vektlegg derimot eleven sine interesser for å finna ei bok som kan falla i smak. Nokre gonger informerer ho om at ei bok er lettlest, men då ser ho på lettlestomgrepet som eit kvalitetsstempel. «Eg plar å anbefala bøker som eg veit er populære og/eller gode. Eg kan til dømes seia at ei bok er kjempemorosam, og at den er lettlest», fortel ho. Ho har ikkje ei

oppleving av at det er flaut å lesa lettlest litteratur, men at nokre elevar derimot vurderer det som kvalitet.

Læraren fortel at utvalet på skulebiblioteket deira ikkje er så stort som dei skulle ynskja, men at dei har ein flink bibliotekar som kan bestilla bøker for dei. I motsetnad til bibliotekaren opplever læraren at elevar ofte synest det er flaut å lesa lettlestbøker, og at dei helst vil lesa dei same bøkene som klassekameratane sine. Med grunnlag i det anbefala ho ofte bøker utan at elevane spør. ”Eg plar å anbefala bøker som har fått god omtale av *Foreiningen !les* eller av andre lærarar”, fortel ho. Om språket i ei bok er av passeleg vanskegrad for ein elev, plar læraren å avgjera saman med eleven, gjennom samtalar og høgtlesing. Då eg spurde eleven om han plar å spørja læraren og bibliotekaren om hjelp til å finna bøker, svara han: ”Eg spør om hjelp viss eg ikkje finn bøkene”. Det kan difor verka som at eleven spør om hjelp til å finna spesifikke bøker som han ynskjer å lesa, men at han ikkje spør etter litterurtips. Både læraren og bibliotekaren har klare tankar om korleis ein kan gå fram for å hjelpe elevar med å finna bøker med passande vanskegrad og høg kvalitet. Om elevane ikkje spør dei om hjelp, kan det moglegvis føra til at elevane held fram med å lesa bøker som dei kanskje kjenner att frå ulike seriar, og som ikkje nødvendigvis er seriar med litterær kvalitet. Dette kan til dømes vera leseløveserien som nokre gonger blir tolka for å vera litteratur med høg kvalitet på bakgrunn av markeringane utanpå boka. Dette på trass av at ein ikkje kan setja eit likskapsteikn mellom leseløveteiknet og litterær kvalitet.

Ein kan sjå at bibliotekaren og læraren har ulike oppfatningar av elevane sine kjensler kring det å lesa bøker som er lettleste. Når bibliotekaren seier at ei bok er lett å lesa, opplever ho at nokre elevar ser på dette som eit kvalitetsstempel. Læraren har derimot inntrykk av at elevane ofte synest at det er flaut å lesa bøker som er lettleste. På bakgrunn av dette kan det verka som at bibliotekaren og læraren tolkar lettlestomgrepene på ulike måtar, og at bibliotekaren meiner bøker som har eit enkelt språk og eit tydeleg innhald, men som ikkje er definerte som lettlestbøker. Læraren tenkjer derimot moglegvis på bøker som er definerte som lettlestbøker og difor prega av å sjå ut som lettlestbøker. Ut ifrå dette kan det tenkjast at bibliotekaren vil anbefala bøker som er lette å lesa til lesarar som ikkje nødvendigvis har lesevanskar. Spørsmålet blir då kven desse bøkene eigentleg er rekna for, er det elevar med eller utan leseutfordringar? Vidare kan ein undrast over om bøkene har dei språklege tilpassingane som blir sett på som naudsynte i lettlestlitteraturen, eller om dei er for utfordrande for elevar med lesevanskar.

Sortland deler same synspunkt som læraren, i at nokre elevar kan oppleva det som flaut å lesa bøker som er markerte som littleste. Han har difor tatt eit medvitent val om å alltid skrive bøker med eit tydeleg språk, slik at alle skal ha moglegheit til å lesa bøkene hans. På den måten kan elevar som har vanskar med å lesa sitja ved sida av dei elevane som ikkje har dei same vanskane, og lesa dei same bøkene. Dette var grunnen til at han byrja å skriva den serien han kanskje er mest kjend for, nemleg *Kunstdetektivene*. Sjølv om dette er noko Sortland er merksam på, veit ein at mange littlestbøker framleis har markeringar eller framsider som symboliserer at dei er rekna for elevar med lesevanskar. Det å visa at ei bok er littlest utan at det blir for tydeleg, kan sjå ut til å vera ei utfordring. Nokre bibliotek vel å ha littlestbøkene ståande for seg sjølv, medan bibliotekaren fortel at dei har valt å markera bøkene med ”lett” slik at dei kan ha dei ståande saman med andre bøker i same sjanger. Uansett kva for ein av desse to metodane som blir nytta, kan det verka som at elevane blir sett i ei gruppa for seg sjølve. Om bøkene ikkje er markerte, kan det tenkast å kunne by på utfordringar for elevar og vaksne som er på leit etter littleste bøker. Ein skal difor setja spørjeteikn til om littlestbøkene bør vera markerte eller ikkje, og korleis dei bør vera plasserte på biblioteka.

I intervjuet med eleven, spurde eg kva han synest om å lesa bøker som er markerte med leseløveteiknet, då serien om Frans er ein leseløve-serie. Eleven verka litt forvirra av spørsmålet, og svarte at merket visar at boka er for barn. ”Denne boka kan ein jo eigentleg ikkje sjå om er for barn eller vaksne”, seier han og peikar på *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*. Det kan difor verka som at eleven ikkje har kjennskap til tydinga bak leseløveteiknet. På den eine sida kan det vera positivt fordi eleven då ikkje vil oppleva det som flaut å lesa littlestbøker. På den andre sida kan det vera uheldig om eleven trur at teiknet symboliserer at boka er skriven for barn og unge, då det kan føra til at eleven går glipp av anna barne- og ungdomslitteratur som ikkje er markert på denne måten.

Informantane blei spurde om kva dei meiner er ulikt mellom littlestbøker for elevar i byrjaropplæringa og littlestbøker for eldre elevar. Læraren svarar at det ikkje er eit like stort utval og breitt spekter av tema for dei eldste som for dei yngste. Med grunnlag i dette meiner ho at det er lettare å differensiera blant dei yngste elevane, enn blant dei eldre. Sunne meiner òg at innhaldet i littlestbøkene for dei eldre elevane bør vera annleis enn for dei yngste: ”Eldre elevar treng eit meir vaksen innhald og vanlegvis òg meir tekst”, seier ho. Bibliotekaren opplever at fleire av elevane i byrjaropplæringa er på same nivå, men at

skilnadar innan språk og innhald blir tydelegare i lettlestbøker for eldre elevar. Med grunnlag i dette trur ho at det er meir utfordrande å skriva ei lettlest bok for ein tiåring enn ein seksåring. Ho trur likevel ikkje at det er enkelt å skriva ei lettlest bok, men moglegvis enklare for dei yngste lesarane enn dei som er litt eldre, då det å klara å lesa ei heil bok er ei ny og motiverande oppleving for dei yngste.

Sjølv om læraren og bibliotekaren trur at det er vanskelegast å skriva bøker for dei som er eldre, er det ikkje nødvendigvis sikkert at det er slik. På den eine sida kan det vera at bibliotekaren har rett i at lesevanskane blir tydelegare etter kvart som ein blir eldre, og at det kan vera utfordrande for forfattaren å skriva bøker som passar til den einskilde lesevansken. På den andre sida kan det tenkjast at forfattarane har moglegheit til å skriva om fleire tema for dei eldre elevane, då dei har opplevd meir enn dei yngste og difor har fleire tema å relatiera seg til. På bakgrunn av utsegna til informantane, kan det verka som at dei er samde i at det er færre lettlestbøker for eldre elevar enn dei yngste. Det er vanskeleg å seia noko om kvifor det er slik. Ein grunn kan vera at det har blitt meir fokus på denne målgruppa dei siste åra, og at det dermed ikkje har blitt skrive fleire bøker grunna tid.

I motsetnad til læraren, kritikaren og bibliotekaren fortel forfattaren at han ikkje tenkjer så mykje over kva aldersgruppe han skriv bøker for: ”Det er litt sånn som pixar og disney. Vaksne ser òg disney-filmar, og barn ser Star wars-filmar sjølv om dei er laga for vaksne”. Vidare fortel han at det ikkje er naudsynt å dela bøker og lesarar inn i kategoriar på denne måten: ”Eg tenkjer berre at eg skriv til mennesket, og då kan både unge og vaksne lesa boka”. Seinare i intervjuet seier Sortland at det er viktig at ikkje alle lettlestbøkene blir skrivne for dei med store og alvorlege lesevanskar, då det vil føra til eit svært enkelt innhald som kan opplevast som keisamt for elevar med mindre lesevanskar. Ein kan difor leggja merke til at òg Sortland deler lesarane inn i nokre kategoriar, men då etter lesevansken og ikkje alderen til lesaren. Det kan likevel tenkjast at det vil vera ein viss samanheng mellom alder og grad av lesevanske. Det er vanskeleg å skulle seia noko sikkert om dette, då det kan vera individuelle skilnadar, samstundes som det moglegvis er variasjon mellom dei språklege faktorane.

4.4 Språk og språklege tilpassingar i lettlestlitteraturen

Språket er ein sentral faktor i all litteratur, og kanskje spesielt i lettlestlitteraturen då den er skriven for menneske med språklege vanskar og utfordringar. For å få innsikt i kva som kan

reknast for å vera eit språk med høg kvalitet i lettlestlitteraturen, fekk informantane spørsmål om kva for nokre språklege tilpassingar dei vurderer som naudsynte. Avslutningsvis i delkapittelet diskuterer eg informantane sine svar på spørsmålet om dei språklege tilpassingane i lettlestbøker vil gå ut over innhaldet i lettlestlitteraturen.

Ifølgje informantane er det avgjerande med eit godt språk for at ei bok skal ha litterær kvalitet, men kva er eigentleg eit «godt språk» i ei lettlestbok for eldre elevar? Læraren fortel at språket og omgrepa som blir nytta, må vera tilpassa eleven sin alder og nivå. På den måten blir ikkje lesaren undervurdert, og ein får moglegheit til å utvikla seg som leser. Det er òg viktig at språket ikkje blir ”fattig og keisamt” som eit resultat av tilpassingane, legg ho til. Det kan verka som at Sortland deler dette synspunktet då han har eit mål om å skriva enkelt og tydeleg, utan at språket blir banalt. Det oppnår han ved å bruka kvardagslege ord som lesarane har kjennskap til. Det som er utfordrande med denne måten å skildra kva eit godt språk er, er at det kan vera utfordrande å få noko konkret ut av svara. Kvar går skilje mellom eit språk som gir lesaren moglegheit til å utvikla seg som leser, og eit språk som er for utfordrande? På same måte kan ein spørja kvar grensa går mellom eit enkelt og eit banalt språk.

Sunne seier at det finst mange ulike lesevanskars, men at korte ord og setningar samt dialog, fungerer bra. Samstundes bør ikkje språket vera fullt av klisjear. Sunne utdjupar ikkje kva ho legg i dette. Det kan likevel tenkjast at kva ein vurderer som eit «språk fullt av klisjear» vil variera på same måte som kva ein vurderer som originalitet, og difor vera avhengige av faktorar som alder og litteraturfaring. Tidlegare kunne ein dessutan lesa om Austad sine faktorar for leseleghet, der han blant anna skrev at ein ikkje nødvendigvis kan setja eit likskapsteikn mellom korte ord og enkle ord. Ein kan difor ikkje garantera at eit ord er enkelt berre fordi at det er kort. Det kan tenkjast at Sunne ser på det som ein fordel at ordet er kort, fordi at det då vil vera enklare for lesaren å avkoda ordet. For at lesaren skal forstå kva ordet tyder, må det òg vera eit ord han eller ho kjenner frå før.

I barne- og ungdomslitteraturen blir det rekna som ein fordel om språket liknar på lesaren sitt kvardagsspråk. Informantane ser òg på det som ein fordel om språket er enkelt og presist. Dette er i strid med kvalitetskriteriet til Christiansen om litteraritet (2010, s. 78), der han skriv at eit språk med høg kvalitet må vera ulikt kvardagsspråket og dermed vera mangfaldig, tolkbart, spennande og innhaldsrikt. Det kan tenkjast at desse ulike synspunkta oppstår, fordi informantane må vurdera kva eit kvalitetsspråk er ut frå at målgruppa er elevar med

lesevanskar. På bakgrunn av at desse elevane ofte har manglande erfaring innan lesing og dermed tolking av tekst, vil det kunne vera forvirrande med eit mangfaldig og tolkbart språk. På den andre sida vil det alltid vera nødvendig å trekkja nokre språklege slutningar, for å kunne skapa forståing for det som står skrive. Ein kan difor setja spørjeteikn til om dette kriteriet vil kunne tilpassast slik at det kan nyttast til å seia noko om språket i littlestlitteraturen, eller om det ikkje er relevant i samband med littlestbøker. Dette spørsmålet vil bli diskutert vidare i den litterære analysen, i vurderinga av dei utvalde bøkene sine litterære språk.

Bibliotekaren synest det er utfordrande å skulle seia korleis språket bør vera, men ho synest at det må vera underhaldande og at forfattaren difor bør unngå lange og potensielt keisame skildringar. «Det må gjerne vera skildringar i litteratur for barn, men eg tenker at akkurat i littlestlitteraturen og for denne aldersgruppa, så bør ein unngå lange skildringar då dialog er enklare å lesa og har tydelegare framdriv», forklarar ho. Vidare seier ho at forfattaren bør fokusera på å dra lesaren inn i ei verd, skapa spenning og overraska han eller ho. Det kan verka som at bibliotekaren deler same synspunkt som Bjorvand, då ein tidlegare kunne lesa at Bjorvand (2012) vurderer bruk av dialogar som ein fordel i barne- og ungdomslitteraturen. Ved bruk av dialog vil det dessutan førekamma laus høgremarg, som igjen vil skapa opne og luftige sider (Rekve & Lundevall, 2017). Ein kan difor seia at dialog både er ein fordel for å auka intensiteten i forteljinga, samstundes som det bidreg til luft på sidene. Med andre ord er det fleire fordelar av å nytta dialog i littlest litteratur, både med tanke på forteljing og utforming.

Vidare fekk informantane spørsmål om dei trur at eit tilpassa språk vil påverka innhaldet i littlestbøkene. Læraren svarar at om forfattaren er medviten på språket, så treng det ikkje gå utover innhaldet. Sunne deler dette synspunktet, men legg til at det kan vera mindre rom for ”språkleg leik og refleksjon” i ei littlest bok. Bibliotekaren sitt svar er delt. På den eine sida meiner ho at språket ikkje treng å påverka innhaldet, då forfattaren uansett tek ulike omsyn i litteratur for barn og unge. På den andre sida er ho av den oppfatninga at språket kan påverka innhaldet, fordi forfattaren må ta omsyn til fleire moment i littlestlitteraturen, enn elles.

Sortland seier at om ein skal skugge under alle dei vanskelege orda, så kan dette gå utover innhaldet. ”Etterbarberingsvatn er eit ganske langt ord, men det finst jo ingen alternativ. Då må du laga noko som høyres barnsleg ut, som: parfyme menn har på seg etter at dei har tatt

skjegget”. I slike tilfelle trur han det er lurt å bruka ordet, sjølv om det er litt vanskeleg. Om lesaren ikkje skjørnar ordet, så må dei prøva å finna ut kva det tyder. ”Eg trur det er betre enn å skriva bøker som handlar om keisame ting, som å kjøpa bussbillett. Kven vil eigentleg lesa om det? Ein skal ikkje gjera verda banal”, seier han. ”Det verste ein kan gjera er å gi ei dårleg littlestbok til nokon som slit med å lesa, fordi når dei då har greidd å lesa boka så vil dei framleis tenkja at bøker sug”, legg han til. I teorikapittelet kunne ein lesa om Upperstad som skriv at tekstar som skal vera littleste faktisk bør innehalda nokre utfordrande ord, då det vil fungera som eit spenningsmoment i teksten (2016). Etter å ha lese orda fleire gonger vil dessutan lesaren automatisera orda, og dermed ha lært seg nokre nye ord. Det er sjølvsagt avgjerande for lesaren si forståing, at det ikkje er for mange tilfelle av utfordrande ord i teksten, då det kan føra til at ein gir opp lesinga. Det kan verka som at Sortland er av same oppfatning som Upperstad, og at littlestbøker kan ha innspel av nokre utfordrande ord.

Eleven fortel at han likar å lesa, fordi det er kjekt å læra nye ord. Då eg spurde eleven om kva han gjer om han møter på eit ord han ikkje forstår, svara han at han ofte hoppar over ordet. Det kan difor tyda på at eleven hadde hoppa over ordet ”etterbarberingsvatn” om han hadde lese boka til Sortland. Det kan difor vera naudsynt å vurdera kor viktig ordet er for å skjøna hovudhandlinga i boka, før ein nyttar det. Er det avgjerande å forstå ordet for å ha moglegheit til å skjøna handlinga, bør ein kanskje revurdera å nytta ordet. Skjørnar ein handlinga sjølv om ein vel å hoppa over ordet, er det derimot ikkje naudsynt å byta det ut. Ein kan difor tenkja seg at det er ein fordel for forfattaren å skriva bøker for dei eldre elevane, då dei gjerne har eit større vokabular og difor fleire kvardagsord enn dei yngste.

Gjennom det informantane fortel og det som har vore drøfta i teorikapittelet, kan ein sjå at det finst mange meningar om korleis språket bør vera. Det gir innsikt i kor utfordrande det er å skulle seia noko konkret om språket, og at det dermed ikkje finst eit enkelt svar. For å kunne vurdera kva som er «enkelt», «persist», «klisjefyldt» og «banalt», tar den litterære analysen utgangspunkt i nokre implisitte lesarar. Eg vil difor ha nokre oppdikta lesarar i målgruppa i tankane, og prøva å diskutera og vurdera korleis desse elevane hadde opplevd dei ulike språklege faktorane. Det blir lagt vekt på at språket i bøkene må vera tilpassa lesaren sin alder og nivå, samstundes som det gir moglegheit til utvikling av lesekompentansen. Språket bør vera prega av ord lesaren kjenner att frå kvardagen, men eg vil likevel sjå på det som ein fordel om forfattaren vel å bruka eit vanleg ord, over det å skildra det han meiner på ein barnseleg måte. Vidare bør ein unngå samansette ord, samt bruk av bindestrek, ord i kursiv og

ord som inneheld konsonantoppphoping. Utfordrande ord vil bli vurderte på bakgrunn av om dei er viktig for handlinga, om eleven har moglegheit til å automatisera orda og om han eller ho kan ha kjennskap til dei frå før. Setningane i lettlestbøkene bør vera korte, sidestilte heilsetningar, med ein enkel syntaks. Dei bør dessutan ikkje byrja med liten bokstav, eller innehalda vanskelege teikn som tre prikkar eller tankestrek. Det er ein fordel om det er mykje dialog i bøkene, då det fører til luftige sider med laus høgremarg. Sjølv om det er mange tilpassingar i språket, er det naudsynt at språket ikkje blir banalt, keisamt, tørt, klisjefyldt eller barnseleg. Det må derimot vera underhaldande og spannande slik at lesaren får opplevinga av å bli dratt inn i ei verd.

4.5 Innhald

På trass av at dei fleste set pris på ei spannande handling i ei bok, kan det verka som at dette har vore nedprioritert i lettlestlitteraturen, då bøkene tradisjonelt sett er blitt sett på som eit reiskap for å læra å lesa. Innhaldet i lettlestbøkene er difor det som har vorte mest kritisert med litteraturen. I denne masteravhandlinga blir innhald sett på som ein avgjerande faktor for om boka kan ha høg kvalitet. På bakgrunn av dette fekk informantane spørsmål om kva dei erfarer at barn og unge likar å lesa om.

”For at tekstar skal ha høg kvalitet, må dei ha ei god historie som evnar å nå lesaren”, skriv læraren. I barne- og ungdomslitteraturen blir det sett på som ein fordel om boka handlar om situasjonar og tema lesaren har erfaring med frå før (Bjorvand, 2012). Læraren deler difor same synspunkt som Austad, som ser på det som ein viktig faktor at lesaren opplever teksten som leseverdig (1994, s. 25). Kva ein reknar for å vera leseverdig kan variera frå person til person, og utfordringa blir difor å finna bøker som engasjerer den einskilde eleven.

Bibliotekaren meiner at innhaldet er av kvalitet om det får ein til å tenkja, føla, bli overraska og ein ynskjer å lesa boka for å finna ut korleis det går til slutt. I eit av kriteria til Bjerck Hagen vurderer han det som eit symptom på kvalitet om lesaren blir sjokkert av boka og dermed ser på den som noko mektig. På same tid skriv Christiansen at kvalitetslitteratur må vera meir enn berre ei historie. Det kan difor verka som at bibliotekaren er samd i kvalitetskriteria til Bjerck Hagen og Christiansen. Det dei alle har til felles er at dei ynskjer at litteraturen skal gjera inntrykk på dei. Spørsmålet her blir om lettlestbøkene har eit språk som er spanande nok til at dei klarar å dra lesaren inn i handlinga, eller om handlinga vert påverka

av det enkle språket som lettlestbøker ofte har vorte kritiserte for. Ifølgje Sortland er dette ei felle ein kan gå i, om ein som forfattar vel å byta ut alle ord som kan verka litt utfordrande med barnselege omgrevsavklaringar eller skildringar. For å unngå at språket skal gjera innhaldet dårleg, kan det difor verka som at forfattaren må skriva enkelt og presist, men vera merksam på at dette ikkje treng å tyda at ein må skriva om banale tema.

Informantane har mange av dei same oppfatningane av kva tema som er populære blant elevar i mellomtrinnalder og eldre. Sunne skriv at spenning er på topp, men at grøss, humor, faktabøker, dagbøker og grafiske romanar, òg er populære. Sortland opplever at dei ynskjer å lesa om dei tema som ”alle” er opptekne av, som kjærleik, spenning, humor og livet. ”Ei god lettlestbok er enkel og tydeleg, men handlar om vanskelege ting”, seier han. Læraren og bibliotekaren deler den same oppfatninga som kritikaren og forfattaren, samstundes som dei har ei oppleving av at tema som fotball, heltar, krim, hestar, vene, mysterium og teikneseriar går igjen blant elevane. I eit av Christiansen sine kriterium for kvalitet, poengterer han at litteraturen må treffe den aktuelle målgruppa. På same tid skal den ta føre seg tidlause spørsmål som gjer det mogleg å utvida lesaren si forståing av menneskets eksistens (2010, s. 75-78). Ein kan difor undrast om tema som hest og fotball, har moglegheit til å oppfylla kriteriet til Christiansen, eller om bøker med slike tema ikkje kan ha litterær kvalitet. På same måte kan det tenkjast at ei humoristisk bok moglegvis ikkje vil gjera eit så stort inntrykk på lesaren at den verkar på lesaren sitt djupaste nivå. Likevel vil ein kunne sitja med eit smil om munnen og le høgt når ein les ei humoristisk bok, noko som ifølgje Bjerck Hagen sitt kvalitetskriterium om fysiske reaksjonar, kan vera eit teikn på kvalitet. Ut frå dette kan ein setja spørjeteikn til om Christiansen sitt kvalitetskriterium ikkje vil vera passande for humoristiske bøker og om Gulliksen hadde vurdert bøkene som underhaldningslitteratur og derimot ikkje kvalitetslitteratur (2016, s. 2).

I intervjuet med eleven fortalte han at han likte å lesa bøker som var spannande, morosame og skumle. ”Hovudpersonen må vera spanande!”, sa han. Då eg spurde nærmare om han hadde nokre tankar rundt korleis hovudpersonen skulle vera, svara han at kjønn og alder på hovudpersonen ikkje var avgjerande for om han likte boka eller ikkje. Eleven fortalte vidare at ei av dei kjekkaste bøkene han hadde lese, var *En pingles dagbok*. ”Den var ganske morosam, fordi dei var på tur og då dei skulle på stranda mista dei tinga sine. Det var nokon som hadde stjåle dei”, fortalte han. Eit kjenneteikn på barne- og ungdomslitteratur at hovudpersonen liknar på lesaren både i alder, kjønn, interesser og eventuelle utfordringar, for

at lesaren skal kunne leva seg inn i handlinga (Slettan, 2014), (Bjorvand, 2012). Det eleven fortel stemmer difor ikkje overeins med det som plar å bli vektlagt i barne- og ungdomslitteraturen. Sjølv om eleven seier at dette ikkje er noko han opptek seg av, kan det tenkast at eleven ikkje har tenkt på dette før då mesteparten av barne- og ungdomslitteraturen har karakterar som er i barne- og ungdomsalder. Hadde han lese ei bok om ein hovudperson som var veldig ulik han sjølv, kan det vera at han ikkje hadde likt boka, sjølv om dette ikkje kan seiast sikkert.

Eit av Bjerck Hagen sine symptom på kvalitet er at fleire personar synest at teksten er god (2004, s. 27-28). Eleven fortel at *En pingles dagbok* er ei av dei kjekkaste bøkene han veit om, og desse bøkene er som kjend svært populære. Det kan difor verka som at *En pingles dagbok* har nokre kvalitetar som mange barn og unge set pris på i ei bok, og ut ifrå det eleven fortel er ein av desse kvalitetane humor. Med grunnlag i at eleven nemner denne boka som sin favoritt, kan det òg verka som at boka har spelt ei rolla i eleven sitt liv etter at han las den, noko som òg er eit av Bjerck Hagen sine symptom på kvalitet (2004, s. 29). På den andre sida kan det tenkast at eleven berre synest at boka er morosam, og at den ikkje har gjort eit stort inntrykk på han utover dette. Likevel klarar eleven å skildra kva som er bra med teksten, og sjølv om dette ikkje er ei lang og utdjupande forklaring, er dette ifølgje Bjerck Hagen, eit teikn på kvalitet (2004, s. 27). Som tidlegare nemnd skal denne boka analyserast i den litterære analysen, og eg skal dermed undersøkja om det finst fleire symptom på litterær kvalitet i denne boka.

Ut ifrå teorien og det informantane fortel, kan ein seia at ei god bok har ei god historie som får ein til å tenkja, føla, bli overraska og engasjert. Historia må gjera at ein får lyst til å lesa boka, og å finna ut kva som skjer på slutten. Det er også viktig at handlinga er forståeleg, lett framdrivande og at det skjer mykje. For nokre leesarar kan det også vera ein fordel at boka handlar om eit tema dei har kunnskap om frå før og at hovudpersonen liknar litt på ein sjølv. Boka bør opplevast som meir enn ei vanleg historie, og gjerne sjokkera lesaren. Den bør dessutan ta opp store spørsmål på ein måte som treff målgruppa. Informantane fortel at det er mange tema som er populære blant målgruppa, og då blant anna kjærleik,livet, vanskelege tema, fotball, heltar, hestar, vene og mysterium. Dei opplever også at elevane likar bøker med spenning, humor og grøss, samt faktabøker, dagbøker, grafiske romanar og teikneseriar.

4.6 Oppbygging og dramaturgi

Lettlestbøkene kan ikkje berre vera lette å lesa, men dei må òg vera lette å forstå. Ifølgje Austad (1994, s. 27-28) er det avgjerande at bøker som skal vera lette å lesa, har eit heilskapleg preg med tydelege tekstbindingar på setningsnivå og tekstnivå. Eit av kvalitetskriteria til Christiansen omhandlar òg strukturen i verket. Han har eit kriterium som inneber å stilla spørsmål til forfattaren om kva val han har tatt i skriveprosessen og korleis dette viser igjen i produktet, samt korleis informasjonen blir presentert, i kva rekkefølge det skjer og kva dette gjer med boka (2010, s. 76-77). Dette viser at ein klår dramaturgi og eit heilskapleg preg kan vera avgjerande for lettlestbøkene sin kvalitet.

Dette er òg spørsmål som Sortland er oppteken av når han skriv bøker. I intervjuet går Sortland djupt inn i korleis han byggjer opp dramaturgien i bøkene, han fortel: "Ei historie består av tre P-ar: ein eller fleire personar (karakterar), ein plass (univers) og eit problem (konflikt)". Vidare forklarar han at hovudpersonen i historia blir kalla for ein protagonist og at han eller ho alltid har ein motstandar som blir kalla ein antagonist. Harry Potter og Voldemort er eit døme på det. "Desse karakterane må vera veldig tydelege. Ei lettlestbok skal ikkje berre vera lett å lesa, men også lett å forstå", forklarar han. Hovudpersonen må ha ei tydeleg reise der han endrar seg gjennom forteljinga, og motstandaren må vera, det han kallar ein "evil bastard", gjennom heile boka. Både i teorien om lettlestbøker og barne- og ungdomslitteratur kunne ein lesa om at forteljaren og tida må vera tydelege. Det stemmer difor overeins med det Sortland vektlegg når han skriv bøker. Sjølv om Sortland ikkje ynskjer å gjera verda banal gjennom litteraturen, kan ein seia at karakterane ikkje er like kompliserte som personar kan vera i røynda. Dette er fordi at karakterane enten er gode eller onde i litteraturen, men i røynda vil ein kunne oppleva at personar ikkje enten er gode eller onde, men derimot at dei både har gode og onde sider. Ein kan difor seia at karakterane nokre gonger vil kunne opplevast som meir banale enn i røynda, men at dette moglegvis kan sjåast på som ei naudsynt forenkling for at lesaren skal kunne forstå samt følgja forteljinga.

Sjølv om dei tre P-ane er på plass, så treng det ikkje å bli ei god forteljing, fortel Sortland. "Ole bur på Bømlo. Han går på skulen, prøver å få seg kjæraste og å ta lappen", diktar han. "Men det er ikkje noko stort problem med det, og då blir det ikkje ei forteljing ein gidd å lesa. Det handlar om kva tid historia blir verdt å lesa – a dragon worth slaying". Han bruker difor mykje tid på å finna ut kva som er konflikten i historia. "I ein film eller ei bok er det to plot point. Eitt i byrjinga og eitt mot slutten", fortel han. "Eit plot point er når det skjer noko heilt

uvanta som forandrar heile handlinga, for eksempel at det landar eit romskip på skulen som tek deg med". Det kan verka som at desse to «plot pointa» er det som på norsk vert kalla vendepunkt og høgdepunkt. Vidare forklarar han at ei kvar historie må ha ein comic relief. Dette er ein karakter som hindrar handlinga frå å blir for klisjefyldt. "I *Kunstdetektivene* er denne personen faren. Han er heilt ufølsom, og når sonen nesten døyr så seier faren "flott at du ikkje døydde" ", fortel Sortland.

Sortland byggjer alltid opp bøkene sine på denne måten, då han meiner at ein tydeleg dramaturgi er avgjerande for alle lesarar. "Eg sett meg ikkje ned å tenkjer at eg skal skriva ei littlestbok. Ein lesar er berre ein lesar, uansett om ein har vanskar eller ikkje. Eg har berre intelligente lesarar". På den eine sida kan det tenkast at nokre forfattarar har gått i «fella» ved at dei har gått inn for å skriva ei littlestbok, og dermed har skrive ei altfor enkel bok som ikkje tek utgangspunkt i lesaren sitt potensiale. På den andre sida vil moglegvis ei bok som ikkje er skriven for å vera ei littlestbok bli for utfordrande for nokre elevar med lesevanskars. Ut ifrå denne diskusjonen kan ein likevel trekkja slutninga om at dramaturgien og karakterane må vera tydeleg i alle barne- og ungdomsbøker. Dei største skilnadane mellom littlestbøker og andre barnebøker vil difor truleg finnast i språket og utforminga, og dei største likskapane vil kunne liggja i innhaldet og oppbygginga. Sortland si forklaring på korleis han tenkjer for å få ei historie med ein tydeleg dramaturgi, er eit konkret eksempel på korleis eit innhald blir tydeleg og lett å følgja.

4.7 Utforming, illustrasjonar og paratekstar

Det er ikkje berre språket og innhaldet som er avgjerande for om ei bok er lett å lesa, men og utforminga spelar ei viktig rolle. I dette delkapittelet diskuterer eg utforminga av littlestbøker, og dermed den faktoren Austad kallar leseleg. Som ein del av dette delkapittelet vil òg biletbruk og paratekstar bli drøfta.

Ifølgje Sunne blar elevar seg fort gjennom boka for å bestemma om dei skal lesa den eller ikkje. Då er det ein fordel om boka inneheld bilete, slik at dei ikkje blir "slått i bakken av tettkskrivne sider". Sidene bør vera prega av luft samt illustrasjonar som støtter opp under bodskapen i teksten samstundes som dei uttrykker ein tilleggsinformasjon til teksten, seier ho. Både bibliotekaren og læraren deler same synspunkt som Sunne. Bibliotekaren forklarar at illustrasjonane gjerne kan vera både ei forankring og ei utviding av teksten, og at illustrasjonane difor må vera gjennomtenkte og gjerne detaljfylte. Læraren fortel at bileta i

leettlestbøker bør fungera som ei støtte i lesinga og at dei gjerne kan vera med på å forsterka forteljinga, då nokre elevar kan vurdera det som uaktuelt å lesa tettskrivne bøker utan illustrasjonar. Ein kan sjå at informantane har fleire felles tankar kring korleis illustrasjonane i ei leettlest bok bør vera, då både kritikaren, bibliotekaren og læraren meiner at bileta bør støtta opp under det som står skrive i teksten. Dette synspunktet deler òg eleven som fortel at han forstår meir viss boka inneheld illustrasjonar. Ifølgje bibliotekaren kan det vera ein fordel at illustrasjonane i tillegg til å vera forankra i teksten, òg har ein utvidande funksjon. Det kan tenkast at ei slik utvida funksjon av teksten kan føra til at lesaren bruker meir tid på å studera illustrasjonane for å få med seg det som skjer i boka, og dermed ikkje går glipp av delar av handlinga. Når ein studerer illustrasjonane på denne måten vil ein dessutan moglegvis få eit meir heilskapleg inntrykk av boka, samstundes som ein, medviten eller ikkje, vil tileigna seg kunnskapar om samspelet mellom tekst og biletet. Desse kunnskapane vil koma til nytte når eleven skal i gong med å lesa bøker der illustrasjonane er ei avløysing av teksten, og ein må tolka den meir avanserte ikonoteksten. Ein kan difor konkludera med at det er ein kvalitet om illustrasjonane i leettlestbøkene er ei forankring av teksten, samstundes som dei gjerne kan fortelja litt meir enn teksten.

Både kritikaren og bibliotekaren er opptekne av at illustrasjonane ikkje må vera for barnslege, då det kan føra til at eldre lesarar legg frå seg boka. Det å vita kva kriterium ein skal vurdera illustrasjonane ut ifrå er ei utfordring, fordi det kan verka som at fokuset som regel ligg på mengda av illustrasjonar samt funksjonen dei har, og ikkje på utsjånaden. I Bjerck Hagen sin definisjon av litterær kvalitet vektlegg han at verket skal gi lesaren ei kjensle av å vera ein del av handlinga. Med grunnlag i at forteljinga i verket blir fortalt gjennom både teksten og illustrasjonane, kan det tyda på at illustrasjonane må leggja til rette for at lesarane får vera ein del av forteljinga og dermed kunne drøyma seg vekk i litteraturen. Er illustrasjonane for barnslege, kan det tenkast at dei ikkje gir lesaren denne moglegheita, då dei ikkje vil treffa lesaren på same måte. Det kan likevel vera utfordrande å skilja mellom illustrasjonar som er rekna for unge lesarar, og illustrasjonar som fungerer som stilistiske verkemiddel. For å kunne avgjera om illustrasjonane i leettlestbøker er av kvalitet eller om lesaren kan vurdera dei som barnslege, kan det difor vera høveleg å undersøkja om illustrasjonane har evne til å forsterka forteljinga og på den måten dra lesaren inn i boka.

Ifølgje Sortland bør bøker vera velproduserte og opplevast som «eye candy», av lesaren. ”Ein skal få ein feeling allereie når tar opp ei bok og held den i handa». På bakgrunn av dette

meiner han at detektivbøker ikkje bør ha bilete av ein person med eit forstørringsglas på framsida. Det kan difor tyda på at Sortland ynskjer at lesaren skal bli nyfiken og motivert til å lesa boka gjennom boka sin utsjånad, noko som dessutan er paratekstane si hovudoppgåve (Mjør, 2010, s. 5). Når ein skal velja ut ei bok ein ynskjer å lesa vil ein kanskje bla fort gjennom boka, og difor kan det òg vera ein fordel om både paratekstane og illustrasjonane inni boka fangar lesaren si interesse. Det kan tenkjast at kva ein vurderer som «eye candy» innan illustrasjonar, er avhengig av individuelle vurderingar og preferansar. Likevel vil truleg illustrasjonar, som på ein eller annan måte fangar interessa til lesaren, som er estetisk fine og som tilføyjer teksten noko essensielt, opplevast som illustrasjonar med høg kvalitet.

Det kan verka som at eleven deler same synspunkt som forfattaren, i at boka må gi lesaren ei spesiell kjensle allereie frå byrjinga av. Dette er fordi at eleven avgjer om han skal lesa ei bok eller ikkje, basert på framsida og tittelen: ”Den må verka kjekk og spanande!”, seier han. Når eg spør eleven om han kunne ha lånt *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen* på biblioteket, blir han usikker: ”Eg synest den såg spennande ut, men eg er litt usikker!”. Eg fortel eleven at boka handlar om krig, og spør om det er eit tema han finn interessant. Då svarar eleven overraska og tydeleg meir engasjert ”Å! Då hadde eg lese den! Det visste eg faktisk ikkje, for det såg ikkje slik ut! Det er jo liksom berre ei jente som held den eine armen opp mot panna, på biletet”, seier han. Ut ifrå dette kan det tyda på at boka ikkje fanga interessa til eleven frå byrjinga av. Ein mogleg grunn til det, kan vera at framsida ikkje fortel kva boka eigentleg handlar om. For det andre er det ei jente på framsida, og difor kan informantten tenka at boka er rekna for jenter. For det tredje er det ei ikkje-illustert bok, noko som gjer at ein må lesa delar av boka for å finna ut om den passar for ein, i staden for å kunne bli motivert av biletet. Det er likevel interessant å sjå korleis eleven skiftar meining om boka i det han får vita temaet i den. Det seier noko om kor viktig fyrsteinntrykket boka gir kan vera for nokre lesarar, samstundes som det fortel at temaet er det mest avgjerande når han skal lesa ei bok.

For at ei bok skal vera det Austad kallar leseleg, er det fleire faktorar enn illustrasjonane som spelar ei rolle: Bokstavane må vera forståelege, og tittelen bør difor ikkje vera skrive i kursiv, lòkkeskrift eller på skeiva. Det må dessutan vera stor kontrast mellom fargen på bokstavane og arket, slik at bokstavane skil seg ut og er enkle å sjå. Vidare må linjene ikkje vera plasserte for tett, og det er ein fordel med laus høgremarg (Rekve og Lundevall, 2017). Det kan verka som at alle faktorane må vera tydelege. Tydelegheit er difor ikkje berre ein fordel i innhald og

språk, men òg for at boka skal vera mogleg å avkoda for lesaren. Det kan tenkjast at bokstavane sin storleik kan vera avhengig av faktorar som lesevanske og lesaren sin alder. Eldre lesarar moglegvis føla at bøkene vil skilja seg for mykje frå anna litteratur, om bokstavane er fleire størrelsar større enn vanleg. Det vil likevel vera ei naudsynt tilpassing for at elevar med nedsett syn skal klara å avkoda bokstavane.

Sortland vurderer fleire av dei same momenta når han skriv bøker. Han skriv korte kapittel for å auka intensiteten i boka, vurderer kor mange linjer det bør vera per side, kor mange ord og setningar det er hensiktsmessig å ha per linje og korleis papiret kjennes ut i handa. Han byrjar å fortelja at lettlestbøker bør vera tynne, før han stoppar opp og seier at han er usikker på om han eigentleg meiner dette. Det finst få tjukke bøker for dei som slit med å lesa, og det ser han på som ei mogleg ulempe. Han forklarar:

Eg ynskjer at elevane skal oppleva å ”vinna” boka dei les, og at dei skal føla seg heilt king kong etter å ha lese ei heil bok. Viss boka er tynn så vinn ein jo berre ei lita bok. Då føler ein seg kanskje litt teit.

Som Sortland seier, er det truleg ikkje skrive mange tjukke lettlestbøker. Ein mogleg grunn til det, er lesarane må oppleva bøkene som overkommelege (Rekve og Lundevall, 2017). Det kan difor tenkjast at elevar med skrivevanskar ikkje ein gong undersøkjer innhaldet i ei tjukk bok på 600 sider, men at dei vurderer boka som uoverkommeleg og ser føre seg eit innhald som ikkje er tilpassa deira nivå. Om boka derimot blir introdusert for elevane, kan det å lesa ei tjukk bok moglegvis føra til meistringskjensle hjå eleven, slik Sortland ynskjer.

I dette delkapittelet kunne ein lesa om korleis lettlestbøkene bør vera utforma, for at dei ska vera det Austad kallar leseleg. Dei nemnde momenta har til felles at dei bør vera korte. Det bør vera korte ord, korte setningar, korte satsspeil, korte avsnitt og korte kapittel. Det er viktig at lettlestbøkene verkar overkommelege, og at lesaren ikkje blir møtt med tettskrivne sider med tekst, men at det er mykje luft på sidene. Lettlestbøkene må òg ha eit heilskapleg preg med tydelege setningsbindingar og tekstbindingar. Det er òg ein fordel om det er mange illustrasjonar som kan fungera som ei støtte til teksten, men det er viktig at bileta ikkje er barnselege, og at bileta og teksten ikkje konkurrerer om merksemda til lesaren. Både illustrasjonane og paratekstane bør opplevast som ”eye-candy” og motivera eleven til å lesa boka. Framsida må difor appellera til lesaren, og tittelen bør ikkje vera skriven i lokkeskrift

eller kursiv. Bokstavane inni boka må vera tydelege, det vil seia at dei har ein passeleg størrelse og er forma på ein måte som lesaren er kjend med.

Kapittelet som heilskap har drøfta kva for nokre faktorar som må vera til stades for at ei littlest bok kan ha høg kvalitet, litterært og språkleg sett, og med omsyn til funksjon og bruk. Funna blir nytta i ein litterær analyse i kapittel fem.

5.0 Litterær analyse


I dette kapittelet blir *En pingles dagbok - Ferieparadiset* og *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*, analyserte. Føremålet med analysen er å undersøkja korleis litterær kvalitet kan visa seg i dei to utvalde bøkene, og om ei lesing av desse bøkene vil kunne gi ei auka forståing av fenomenet.

For å kunne samanlikna bøkene på ein hensiktsmessig måte, blir dei presenterte parallelt. Eg vurderer bøkene sine paratekstar, innhald, tilpassa språk, litterære språk, utforming, illustrasjonar og ikonotekst, dramaturgi og oppbygging. Om dei nemnde momenta blir opplevde som kvalitet eller ikkje, blir kommentert undervegs der det er naturleg. Analysen utgjer ei syntese av meg sjølv om blivande lærar samt nokre hypotetiske lesarar i målgruppa.

5.1 Paratekstar

5.1.1 *En pingles dagbok – Ferieparadiset*

Ferieparadiset er skrive av Jeff Kinney. Boka blei gitt ut av Gyldendal forlag i 2017. Det er ei blå bok med grøne sting som rammar inn framsida. ”En pingles dagbok” er skriven i ei ujamn stavskrift i ein blå-grøn farge med kvit omkrins. Denne måten å utforma ei overskrift på, blir kritisert av Rekve og Lundevall då det kan vera forvirrande for elevar med lesevanskars å tolka bokstavane (2017). Det kan likevel tenkjast at utforminga av tittelen kan fungera som eit kjenneteikn på serien. Under serietittelen står det ”Ferieparadiset” med store bokstavar farga i grøn, gul og oransje. Om lesaren har vanskar med å lesa serietittelen ”En pingles dagbok”, vil ein difor få innsikt i kva boka handlar om gjennom boktittelen. Under boktittelen er det teipa inn eit bilet av tre personar som sit med kvar sine vindauge i eit fly. I midten sit det ein trist gut, og i dei to andre vindauga sit det to skikkelsar som er svartbelagte. Framsida indikerer difor at guten i det midtarste vindauge er hovudpersonen i boka. Om ein har kjennskap til *En pingles dagbok* frå før, veit ein at dei to andre skikkelsane er brørne til hovudpersonen. Studerer ein dei to utrykksmåtane som tittelen og biletet er, kan ein sjå at det ligg ein viss ironi bak tydinga av framsida. Tittelen *Ferieparadiset* indikerer at hovudpersonen skal på ein fantastisk ferie, medan biletet viser at hovudpersonen slett ikkje er glad. Dette kan difor visa



Bilete 1: Framsida til *En pingles dagbok – Ferieparadiset*. (Bokklubben, 2017)

lesaren at boka er av humoristisk karakter. Framsida legg opp til at lesaren må tolka samspelet mellom tekst og bilet. Det kan vera ei utfordring for nokre elevar med lesevansk, men dette vil vera avhengig av elevane sine individuelle evner og korleis dei bruker det visuelle som eit hjelphemiddel.

Biletet på framsida er i svartkvitt og ser ut som ei teikning på eit linjert ark som er teipa inn på framsida. Bruken av linjene, teipen og serietittelen; *En pingles dagbok*, fortel lesaren at boka skal likna ei dagbok. På same tid kan bruken av linjerte ark gi assosiasjonar til skulen, noko som gjer at elevar kan kjenna seg att i den visuelle framstillinga. Det kan dessutan gi eit hint til lesaren om kva ein kan forventa seg av boka og innhaldet i den, då dagboksjangeren har nokre typiske trekk, som til dømes skrivemåte. Utsjånaden til boka, tittelen, biletet og fargane, gjer at boka får eit leikent preg, og det kan difor tenkast at nokre elevar synest at den ser barnsleg ut. Andre vil moglegvis bli nyfikne og motiverte for å lesa boka, og tenka at den har ein komisk og humoristisk effekt. Med andre ord vil desse lesarane sjå på paratekstane som, det Sortland i intervjuet skildrar som, «eye candy».


På baksida er det eit bilet av familien til hovudpersonen, der dei sit på ein båt forma som ei banan. Baksideteksten fortel om familien Heffley som er leie av alt stresset før jul og difor bestemmer seg for å reisa på ferie til varmare strøk. Ferien blir dessverre ikkje slik dei hadde håpa, då ”[...] solforbrenning, diaré og giftige udry truer idyllen” (Kinney, 2017). På same måte som på framsida, viser biletet og teksten på baksida at boka er humoristisk. Om lesaren har denne humoren, kan det tenkast at baksida vil kunne lukkast med å motivera ein til å lesa boka. Under baksideteksten er det biletet av dei andre bøkene i serien med oppmading om å lesa bøkene.

Innsidepermen i *Ferieparadiset* er heilt kvit, og den gir difor ikkje noko særlig informasjon om innhaldet i boka. Før forteljinga byrjar er det eit bilet av ein edderkopp og nokre personar, og lesaren kan tolka dette som at dei er sentrale i boka. Illustrasjonane er i svartkvitt, noko som er typisk for dagbøker. Det siste lesaren får informasjon om før forteljinga byrjar, er at boka er dedisert til Annie.

5.1.2 *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*

Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen, er skiven av Bjørn Sortland og blei publisert av Piggsvin forlag i 2017. Det er ei kvit bok med ei teikning av ei jente på framsida. Som ei ramme rundt framsida, er det ei heiltrekt raud linje som tiltrekker seg lesaren si merksemd. Boka har eit omslag som kjennest ut som eit litt grovt ark i handa, noko som kan gi lesaren ei kjensle av nærliek og personlegdom. Boka får eit klassisk og stilreint uttrykk, og det kan tenkjast at dette er ei framside som Sortland sjølv vurderer som «eye candy». Tittelen er skiven med reine, svarte bokstavar på rette linjer. Det gjer det enkelt for lesaren å skilja bokstavane frå kvarandre og å avkoda tittelen (Rekve & Lundevall, 2017). Tittelen er relativt lang, og gir ikkje ein tydleg indikasjon på kva boka handlar om. På den eine sida kan det føra til at eleven blir nyfiken og dermed ynskjer å lesa boka. På den andre sida kan det føra til at eleven legg frå seg boka, noko elevinformanten moglegvis hadde gjort då han uttrykte at framvisa ikkje viste kva boka handlar om. Jenta på framvisa har langt hår, og ein pannelugg som går ned i augo hennar. Ho gnir eller slår seg sjølv i panna, og ein får inntrykk av at ho er brydd. Framsida informerer dessutan om at boka er ein roman, og det fortel lesaren at boka er fiksjon (Mjør, 2010, s. 1).

Det å skulle trekka parallellar mellom tittelen og biletet, er ikkje så enkelt i dette tilfellet. Det kan tenkjast å vera eit medvite val frå Sortland si side, då han alltid har som mål at framvisa skal gjera den potensielle lesaren nyfiken på boka. Med grunnlag i at det er ei jente som er i fokus på framvisa, kan dette tyde på at jenta er hovudpersonen i forteljinga. Tittelen fortel lesaren at jenta har ei syster. Ei mogleg tolking kan difor vera at jenta er oppgitt over syster si. Etter at ein har lese boka kan det verka som at framvisa skal visa at boka handlar om ei heilt vanleg jente, og at heilt vanlege jenter kan oppleva krig. Framsida kan fortelja at det ikkje nødvendigvis er forskjell mellom jenter i Noreg og jenter i Syria. Ein kan anta at det å gjera seg opp slike formeiningar kring tydinga bak framvisa vil kunne vera utfordrande for nokre elevar. Det er dessutan ikkje sikkert at alle elevar tek seg tid til å reflektere kring dette.



Bilete 2: Framsida til *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*. (Tanum, 2017)

Baksideteksten fortel at boka handlar om ei jente på 17 år som heiter Mariam. Ho har akkurat kalla guten Nizar for sin kjære, for første gong. Med grunnlag i at foreldra hennar ikkje lenger er til stades og broren hennar er alvorleg sjuk, vel ho å flykta frå Syria med eit ynskje om å koma til ”verdas beste land”, Noreg. Baksideteksten fortel ikkje direkte at boka handlar om krig, men det står at Mariam og Luka skal flykta frå Syria. For at lesaren skal kunne forstå kva boka handlar om, er det ein fordel om han eller ho har tidlegare kunnskapar om krigen i Syria. Under baksideteksten er det ei teikning av den same jenta som på framsida. Ho har framleis det lange håret og panneluggen nede i augo, men på dette biletet har ikkje jenta lenger nase eller munn. Denne endringa frå framsida til baksida kan ein tolka som at jenta er gjennom ei reise der ho mister noko vesentleg i livet sitt. I boka skildrar Mariam jenter som har sex med eldre menn for å få tak i pengar eller medisin, som spøkelse som har mista sjela si. Det kan òg tenkjast at biletet på baksida viser at Mariam sjølv har vorte eit «spøkelse».

Innsidepermen i boka er farga i den same raudfargen som linja på framsida og baksida. Fargen raud blir ofte brukt for å signalisera fare eller naud i litteraturen, og det kan difor tenkjast at fargen skal fanga merksemda til lesaren samt fortelja at boka omhandlar eit alvorleg tema. Det er ikkje sikkert at alle lesarane vil sitja på denne kunnskapen, og dermed reflektera kring bruken av raudfargen. På enden av omslaget står det kven som er forfattaren av boka, og kor mange land Sortland har gitt ut bøker i. Piggsvin forlag har gitt ut boka, noko som tyder at boka er skriven for å vera lettlest. Boka er støtta av *Leser søker bok*, og språket i boka er difor tatt meir høgde for enn vanleg. Før forteljinga byrjar takkar Sortland nokre flyktningar som har inspirert han til å skriva boka, samt lese manuset. Dette fortel lesaren at historia er inspirert av reelle hendingar, og at personar i same situasjon kjenner seg att i innhaldet. Å lesa om faktiske, alvorlege hendingar er noko som plar vera populært blant eldre elevar, og dette kan difor motivera dei for å lesa boka. Før forteljinga byrjar får lesaren informasjon om at forteljinga føregår i Homs i Syria, i 2011. Dette er eit gjennomgåande verkemiddel i boka, som tydeleggjer kva stad og tid ein er i. Det gjer det enkelt for lesarane å vita kvar ein er i forteljinga.

5.2 Innhald

5.2.1 *En pingles dagbok – Ferieparadiset*

Ferieparadiset handlar om familien Heffley, som er ein familie på fem: mor, far, Rodrick, hovudpersonen Greg og Manny. Det er desember og førjulstid hjå familien, då dei får auge på

ein reklame for feriestaden, Isla de Corales. Mora og faren, som var på bryllaupsreise til Isla de Corales, får umiddelbart lyst til å reisa tilbake til ferieparadiset, då dei er slitne av juleførebuingane. Dei bestemmer difor at årets julepresang til barna, skal vera ei veke med ferie.

Det skulle visa seg å bli ein ferie full av utfordringar. Familien får til dømes ikkje ete mat, då det kryr av dyr både inne på og utanfor hotellet. Dei forårsakar at bassenget må tømmast, reinsast og fyllast på nytta, noko som skapar därleg stemning blant dei andre gjestene på hotellet. Familien mister òg bagasjen sin, og må difor låna ein annan familie sine klede. Det gjer dei utan å spørja om lov. Dei blir difor tatt for å ha stjåle kleda til familien, og kasta ut av hotellet. Det at familien framstår som svært uheldige, kan tenkjast å vera eit resultat av at boka skal førestilla dagboka til ein ung gut, då han moglegvis berre skriv ned dei merkelegaste situasjonane familien opplever. Boka har likevel ein relativt lukkeleg slutt, då dei snik seg inn på hotellet att og får tatt familiebilete til julekortet, spelt volleyball og akkurat klarar å flykta frå hotellet utan å bli tatt. Boka endar med at dei er kome heim og oppdagat at hotellet har publisert ei åtvaring mot familien, på heimesida si. Familien er glade for å vera heime att, og vil ikkje reisa på ferie igjen med det første.

Det kan tenkjast at nokre elevar vil finna *Ferieparadiset* underhaldande og morosam. Boka spelar på humor som gjerne kan falla i smak hjå barn, som til dømes at Manny vaskar faren sine underbuksen med tannkosten til broren Rodrick (Kinney, 2017, s. 101). Når humoren treff lesaren, kan det føra til at ein får fysiske reaksjonar som at ein smiler og ler. Andre elevar vil likevel kunne oppleva humoren som barnsleg, og det kan gå ut over deira høve til å kjenna liknande reaksjonar på kroppen. Forteljinga er prega av at det skjer veldig mykje og den tek stadig overraskande vendingar, noko som kan reknast for å vera eit kvalitetsteikn i litteratur for både barn og unge (Bjorvand, 2012). Nokre elevar vil likevel kunne få ei kjensle av at det skjer *for* mykje. På bakgrunn av at alle situasjonane blir grundig skildra, kan det føra til at nokre lesarar vil føla at forteljinga ikkje kjem seg vidare. På same måte kan det tenkjast at nokre elevar vil oppleva boka som original og full av morosame situasjonar. Andre elevar vil kunne kjenne att fleire av situasjonane frå tidlegare litteratur, og dermed moglegvis ikkje oppleva at boka er original.

Ferieparadiset tek ikkje opp nokre store spørsmål eller tema. Det kan føra til at nokre lesarar ikkje vil oppleva boka som inntrykksfull, eller at dei lærer noko av den. Eit resultat av det kan

vera at nokre lesarar føler at dei ikkje blir dratt inn i boka, slik bibliotekarinformanten skildrar som kvalitet, men at dei derimot blir ståande på utsida av forteljinga. Ifølgje kritikarinformanten er det ein fordel at handlinga er lett forståeleg og framdrivande, noko *Ferieparadiset* er. Det hjelper lesaren å følgja med på det som skjer i forteljinga. Elevar som har erfaring med å reisa, vil kunne kjenna seg att i til dømes det å ta fly og vera på tur med familien. Lesaren kan også kjenna seg att i det å ha eldre og yngre søskjen eller redselen for krypdyr som edderkoppar. Elevar som sjølve er på alder med hovudpersonen vil dessutan kunne identifisera seg med han, noko som kan sjåast på som eit kvalitetsteikn (Bjorvand, 2012).

5.2.2 Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen

I byrjinga av boka blir lesaren kjend med hovudpersonen Mariam, som er 14år og bur i Homs, i Syria. Ho har ei mor, ein far, ei storesyster som heiter Asil, ein littlebror som heiter Luka. Ho er forelska i guten Nizar. Storesystera til Mariam er vakker og populær. Ho plar å dyppe brystene i isvatn for å bli pen. Mariam håpar ikkje at ho må gjera det for at Nizar ska lika ho. Det er opprør i Homs og ein dag avgjer foreldra til Mariam at dei skal flytta til Aleppo, der dei begge har fått jobb på eit sjukehus.

Boka hoppar tre år fram i tid, og nå er det berre Mariam og Luka som er i livet. Mariam og Luka ligg i kjellaren og hører på bombene som sprenger, og fantaserer om alle dei daude menneska som ligg utanfor kjellaren deira. Luka er sjuk, og Mariam må følgje med på om han pustar. Ho er redd for at ho må selja kroppen sin til gamle menn for å skaffe pengar eller medisin, slik som Asil måtte gjera. Ein dag finn Mariam fram dei falske passa faren hadde fått tak i før han blei drepen. Nå startar ei farefull reise frå Aleppo til ”verdas beste land”, Noreg. Etter mange farlege situasjonar kjem dei fram til Bulgaria, men då er Luka svært sjuk og nokre timer seinare dør han på eit sjukehus. På sjukehuset får Mariam beskjed frå politiet om at ho kjem til å bli sendt tilbake til Tyrkia, men ein prest hjelper ho å rømme med toget vidare til Sofia. På vegen møter ho tre snakkesalige damer, som passar på ho. Planen er at ho skal ta flyet frå Sofia til Sverige, og deretter reisa til Noreg. Då Mariam skal kjøpa flybilletten blir ho fortalt at Noreg sender flyktningar over 18år tilbake til heimlandet deira. Boka sluttar med at Mariam går rådlaus tilbake til jernbanestasjonen. På vegen møter ho dei tre damene igjen. Dei sit på McDonalds og spør om ho vil ha softis.

Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen har ei handlingsrik forteljing. Det skjer mykje både i tankane til hovudpersonen, samt ytre handlingar. Dette ser kritikaren Sunne på som ein fordel i bøker for barn og unge. Boka er skiven med ein førstepersonsforteljar, noko som gjer at lesaren opplever krigen gjennom hovudpersonen sine auger. Det å få innsikt i Mariam sine tankar kring så alvorlege tema som krig og død, vil kunne føra til ei fordomsoppløysande oppleving, der nokre lesarar lærer noko om kultur og menneske. Det kan dessutan bidra til at lesaren blir dratt inn i boka og at ein ser hendingane føre seg. Ifølgje bibliotekarinformatanten er det eit teikn på kvalitet, når lesaren blir dratt inn i ei verd samstundes som ein byrjar å tenkja og føla. Det kan tenkjast å vera ein fordel om lesaren har hørt om krigen i Syria på førehand, då det vil kunne gi moglegheiter til å leva seg inn i handlinga. At bok er inspirert av reelle hendingar, kan òg gjera at den verkar inn på lesarar sine kjensler.

Med grunnlag i at store delar av handlinga dreiar seg om Mariam sine tankar, inneheld boka skildringar. Skildringane er likevel ikkje lange eller omfattande, og dei gir difor lesaren inntrykk av korleis ho har det, utan at det blir keisamt. Skildringane er òg med på å gjera det lettare for lesaren å setja seg inn i situasjonen, då det er få som har opplevd krig. Med grunnlag i at det er første gang hovudpersonen opplever krig, har ho mange tankar kring krig som truleg kan samanliknast med andre menneske sine tankar om det same temaet. Ho prøver til dømes å setja seg inn i liva til personane som bombar staden. Ho tenkjer at dei først er frukost med familiene sine, og at dei deretter sett seg i flyet for å sleppa nokre bomber. Dette kan gjera inntrykk på nokre lesarar. Boka tek òg opp tema som kjærleik og familie. Ein blir introdusert for Mariam sin første kjærleik og dermed blir tankar kring intimitet og nakenheit, naturlege tema. Dette er tema mange eldre lesarar ofte er nysgjerrige på, og som nokon vil kunne bli interessert i eller kjenna seg att i.

Boka skapar ein atmosfære og ei stemning, noko som kan vera eit kvalitetsteikn (Bjerck Hagen, 2004, s. 30). Dette merkar ein blant anna når familien nettopp har flykta frå Homs og dei sit og et frukost saman. Samtalen bytar på å dreia seg om krig og om katten deira, som om krig er heilt naturleg. Stemninga er dempa og lesaren kan nesten kjenna på kroppen at ingen i familien liker den nye plassen eller det nye huset deira (Sortland, 2017, s. 37-38). Det kan tenkjast at lesaren kjenner eit stikk i magen når Mariam og Luka sit på bussen frå Aleppo, og ein vaksen mann stel det einaste dei har å ete samstundes som han slår Mariam (Sortland, 2017, s. 92). Det gjer inntrykk at ein voksenperson han behandla eit barn på denne måten, og

lesaren vil kunne bli fortvila og sjokka over at slikt faktisk skjer i røynda. I intervjuet gav alle informantane uttrykk for at litteraturen bør gjera inntrykk på dei, og dette kan difor vera eit teikn på kvalitet.

5.3 Det tilpassa språket

5.3.1 *En pingles dagbok – Ferieparadiset*

Det at *Ferieparadiset* er skiven som ei dagbok, påverkar språket i boka. For det første er det eit munnleg preg over språket, som gjer at det er lett å lesa og følgja med på kva som skjer. For det andre gjer det at boka sin hovudperson blir ein førstepersonsforteljar. Det gir lesaren tilgang på tankane til hovudpersonen, og dermed større moglegheit til å få eit tett forhold til han og å identifisera seg med han (Slettan, 2014, s. 12-13). Språket representerer dessutan den unge hovudpersonen, og kan difor tenkast å ha visse likskapar med måten lesaren av boka snakkar. På bakgrunn av dette er det overvekt av kvardagsord som det kan tenkast at lesarar i denne aldersgruppa er kjende med frå før, noko som kan vera ein fordel for lesarar med leseutfordringar (Teigland, 2006, s. 97). For det tredje påverkar dagbok-sjangeren bruken av dialogar, då det ikkje er vanleg å skriva dialogar i ei dagbok. Det er difor ikkje tilfelle av dialogar i *Ferieparadiset*, sjølv om det ofte er føretrekt i barne- og ungdomslitteratur. Framstillinga av forteljinga skjer difor gjennom hovudpersonen sine skildringar av hendingane som skjer. Andre personar sine utsegn blir difor òg skildra gjennom hovudpersonen, som i setninga «Så sa de at setene våre også fungerte som redningsvester, og at hver vest hadde en fløyte» (Kinney, 2017, s. 45).

Setningane er ikkje spesielt korte eller prega av å vera heilsetningar, sjølv om dette er anbefalt av *Leser søker bok* (Rekve & Lundevall, 2017). Dei fleste setningane inneholder som regel ingen eller eitt komma. I nokre høve kan det vera tre komma og då vil ein føla at setningane er lenger enn elles i boka. Eit døme er setninga «Det så ut som en komedie, men headsettet lå i håndbagasjen min, så det var vanskelig å skjonne hva som skjedde» (Kinney, 2017, s. 55). Setningane er ofte ufullstendige, og der det elles hadde vore vanleg med eit komma, er det nokre gonger punktum. Det kan ein sjå i setningar som «Muttern sa at det er skikkelig viktig å smøre seg når man er så nær ekvator. Men det trengte hun ikke å fortelle meg» (Kinney, 2017, s. 80). Dette er igjen med på å gi språket eit munnleg og uhøgtideleg preg, samt driv i

forteljinga. Sjølv om språket er enkelt og prega av kvardagslege ord, er det ikkje keisamt. Det kan derimot tenkjast at mange lesarar synest at det både er lett å lesa og morosamt.

Det er ikkje enkelt å skulle avgjera kva tid eit ord er vanskeleg for ein elev i mellomtrinnalder eller eldre. *Ferieparadiset* inneheld ord som «sikkerhetskontrollen», «høyteknologiske», «oppblåstbare», «haiavstøtende» og «hodetelefoner». Det som kan vera utfordrande med desse orda, er at dei alle er samansette og dermed relativt lange. Austad ser på eit ord som utfordrande om det består av meir enn seks bokstavar, noko det finst mange tilfelle av i *Ferieparadiset*. Til gjengjeld kan dette vera ord elevar har høyrt om ved tidlegare anledningar, eller ord som kan fungera som spenningsmoment i teksten og gi lesaren høve til å utvikla seg som lesar. Det kan likevel sjåast på som ein fordel at orda ikkje er skrive med bindestrek, då dette kan vera utfordrande for nokre elevar. Det er nokre tilfelle der det er brukt bindestrek for å dela opp eit samansett ord, men det er svært få. Eit døme er «hjerte-infarkt», som blir delt i to grunna linjeskifte. Andre ord som kan by på utfordringar for lesaren er «polstre», «ansjos» og «redskapsskur», då dei inneheld konsonantoppphopingar. Det er likevel ein fordel at orda ikkje er sentrale i handlinga, og at lesaren ikkje vil gå glipp av noko viktig om dei må hoppe over dei. Dei vil likevel kunne tvinga nokre lesarar til å stoppa opp og nærlesa orda, noko som gjer at ein vil bli dratt ut av forteljinga. Lettlestebøker bør unngå teikn som semikolon, tre prikkar, tankestrek og stor bokstav i byrjinga av ei setning (Rekve & Lundevall, 2017). I *Ferieparadiset* er det få tilfelle av slike teikn, men ved minst eitt høve er det nytta tankestrek. Det kan ein sjå i setninga: «Jeg skal ikke lyve – jeg hadde øynene lukket da vi lettet» (s. 47).

5.3.2 *Hver morgen dyppet min sister brystene i isvann for å bli pen*

På same måte som i *Ferieparadiset* er hovudpersonen i *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*, ein førstepersonsforteljar. Dette påverkar språket ved at det er ungdomseleg, noko ein kan sjå ved at det blir brukt uttrykk som «jeg gidder ikke», «han er ikke happy» og «seriøst». Det er innspel av både korte og litt lengre setningar. Dei lengre setningane blir som regel etterfølgt av ein kortare, forklarande setning, som til dømes: «Jeg er så redd for å glemme hvordan foreldrene mine var, hvordan ansiktene deres så ut. Jeg har ingen bilder lenger». (Sortland, 2017, s. 71). Andre stadar blir eitt ord gjenteke i to setningar, noko som er med på å skapa ein naturleg samanheng mellom setningane. Avsnitta er korte,

men med grunnlag i at dei ofte har ei tematisk samanheng, er lett for lesaren å følgja med i teksten.

Ordvalet er basert på ord som er kjende for lesaren. Nokre gonger inneholder språket likevel engelske og arabiske ord og uttrykk, då handlinga går føre seg i Syria, Tyrkia og Bulgaria. Det kan tenkast å opplevast som utfordrande å bli utsett for engelske og arabiske ord, når ein har vanskar med å lesa sitt eige språk. Det er likevel ein fordel at dei engelske samtalane berre består av frekvente engelske ord, som mange lesarar har kjennskap til. Eit døme på dette er «Where are you going, spør jeg og ser på Krastio» (Sortland, 2017, s. 154). Her kan ein også sjå at det norske språket vert brukt som ei støtte til den engelske setninga, då det er med på å skapa forståing av spørsmålet som blir stilt. Nokre av dei arabiske orda blir brukt så mange gonger at ein automatiserer dei og får forståing for dei. Eit døme på dette er ordet «la» og namna til karakterane i boka. Det å nytta engelske og arabiske ord minner ein på kvar handlinga finn stad, og det kan difor vera med på å trekka lesaren inn i boka samstundes som det kan fungera som spenningsmoment i teksten.

Det finst få vanskelege språkteikn i boka. Ein kan sjå at det blir nytta samansette ord, men at dei fleste blir skrivne utan bindestrek. To døme på bruk av bindestrek er likevel «youtube-videoene» og «McDonalds's-restaurant». Det å nytta apostrof i littlestlitteraturen er ikkje nemnd tidlegare, men det kan tenkast at også dette teiknet kan reknast for å vera utfordrande for elevar med lesevansk, då det ikkje er eit språkteikn som vanlegvis blir brukt i norsk. Ingen eller få ord og setningar blir skrive i kursiv eller med tankestrek, men med grunnlag i at det er nytta dialogstrek vil det nokre stader kunne likna ein tankestrek, som til dømes i setninga: « -nei, sier presten. – vi begraver han på en gravplass like ved» (Sortland, 2017, s. 182). Denne måten å bruka dialogstrek på, kan vera forvirrende for lesaren då den nokre gonger blir skrive i byrjinga av utsegnet og andre gonger både i byrjinga og midten av setninga. Det kan tenkast at denne variasjonen vil føra til usikkerheit hjå nokre lesarar.

5.4 Det litterære språket

5.4.1 *En pingles dagbok – Ferieparadiset*

Det er mange samanlikningar som er med på å gjera *Ferieparadiset* til ei morosam bok. Tidleg i boka tenkjer hovudpersonen over korleis det å setja «familie» framføre ulike ord, påverkar tydinga av ordet. Han samanliknar difor «restaurant» og «familierestaurant», og

forskjellen mellom restaurantane blir vist gjennom illustrasjonar. Den første illustrasjonen viser eit kjærastepar som sit og skålar ved eit rundt bord med duk. Dei har på seg finklede og kelneren står klar til å servera dei. Den andre illustrasjonen viser ein familie på fem som sit med eit rektangulært bord utan duk. På bordet ligg det ei mugge som er velta, og det er sølt drikke på både bordet og golvet. Foreldra på biletet ser dessutan slitne ut, og dei har på seg kvardagslege klede (Kinney, 2017, s. 18). Med grunnlag i at samanlikninga blir vist gjennom illustrasjonane, blir forskjellane svært tydelege for leseren. Nokon vil dessutan moglegvis kunne kjenne seg att i denne situasjonen, noko som gjer samanlikninga humoristisk. Det er fleire andre tilfelle der samanlikning er nytta som eit verkemiddel. Hovudpersonen er blant anna oppteken av å smøra seg med solkrem, fordi han ikkje vil sjå ut som ei rosin når han blir gammal (Kinney, 2017, s. 80). Seinare i boka samanliknar han størrelsen på ein edderkopp med handa si. Når hovudpersonen gjer denne samanlikninga kan det tenkjast at han overdriv, då han er redd for edderkoppar og skal få leseren til å få forståing for det han sjølv meiner er ein farleg situasjon (Kinney, 2017, s. 105).

Det er ikkje like mange tilfelle av metaforar som av samanlikningar, i *Ferieparadiset*. Det kan tenkjast å vera fordi det kan vera meir utfordrande å forstå metaforar, fordi samanlikningane ofte vil forklarast gjennom setninga. Ein kan likevel sjå at hovudpersonen omtalar flyet som eit metallrør i setninga: «Jeg hadde aldri vært i et FLY og var ikke akkurat IVRIG etter å sitte innelåst i et metallrør» (Kinney, 2017, s. 6). Måten setninga er skiven på ved at den forklarar metaforen samt at det er biletet av flyet, kan hjelpe leseren til å skapa forståing av metaforen. Det å nytta metaforar som dette som eit verkemiddel, er med på å få fram humoren i boka. Metaforen viser dessutan korleis ein som aldri har flydd før kan sjå på eit fly, noko som kan gjera at ein ser på fly på ein ny måte (Sjklovskij, 1998, s. 16).

Ein kan sjå at talet to går att i *Ferieparadiset*. Det er to sikkerheitskørar; ein for familie og ein annan for forretningsfolk. Det er to ulike sider ved hotellet; den snille delen og den ville delen. Det er òg to ulike klassar på flyet: turistklasse og første klasse. Samstundes som talet to blir gjenteke skjer det ei samanlikning mellom to sider av same sak, der familien Heffley alltid må gjera seg nytte av det därlegaste alternativet. Gjentaking blir òg nytta som verkemiddel når hovudpersonen understreker kva han kjenner om ulike hendingar, som til dømes i setningane «Ikke særlig gøy» (Kinney, 2017, s. 10) eller «Tro meg, det var ikke særlig moro» (Kinney, 2017, s. 59).

Hovudpersonen i boka er som regel usamtidig med foreldra sine val og utsegn, samstundes som han stiller seg kritisk til det meste som blir foreslått. Det skapar ein negativ men humoristisk stemning i boka, noko ein blant anna kan sjå i setninga: «Da jeg spurte hvordan vi skulle få med oss gavene dit, sa muttern at turen VAR gaven vår. Jeg synest det hørtes ut som en ELENDIG idé» (Kinney, 2017, s. 4-5). Ein kan sjå at forfattaren nokre gonger leikar med språket, ved å nytta ord som kan ha fleire tydingar. Eit døme på dette er når familien sit på flyet og dei ser på ein film om sikkerheit, og hovudpersonen seier: «fortelleren i filmen sa at oksygenmasker automatisk ville frigjøres ved «trykkfall i kabinen». Nå vet jeg ikke hva «trykk» er, men jeg likte ikke å høra at det kunne FALLE» (Kinney, 2017, s. 42). På same måte som i det førre dømet, kan ein sjå at den negative men humoristiske stemninga er framme i språket, då hovudpersonen er usikker på tydinga bak omgrepene «trykkfall».

5.4.2 Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen

Det kan verka som at det er fleire metaforar i *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*, enn i *Ferieparadiset*. Dette kan moglegvis vera eit resultat av at boka er skriven for eldre lesearar. Det er fleire metaforar som blir brukte for døden, og då blant anna det å forsvinna. Det kan ein sjå når hovudpersonen er bekymra for den sjuke broren sin og tenkjer: «Jeg er redd for at pusten hans skal forsvinne helt, for alltid» (Sortland, 2017, s. 41). Tydinga av denne metaforen blir understreka seinare i boka, i setninga: «Forsvant betyr død» og «Luka og jeg skal klare å forsvinne. Uten å dø» (Sortland, 2017, s. 80-81).

I boka kan ein også finna fleire andre metaforar. Ein kan blant anna sjå at hovudpersonen skildrar helikoptera det blir slept bomber frå, som demonar: «Av og til tenker jeg at helikopteret ikke er en maskin. Det er en stor satans demon som har forkledd seg som et helikopter» (Sortland, 2017, s. 46). Med andre ord kan ein seia at ho ser på helikopteret som eit vondt vesen som er sendt frå djevelen. Hovudpersonen skildrar dessutan burkaen hennar for eit telt i setninga: «Jeg er jo bare et stort svart telt» (Sortland, 2017, s. 91) og deretter i setninga: «Jeg ser ikke gjennom gitteret på teltet mitt» (Sortland, 2017, s. 92). Det kan gi leseren ei kjensle av at ho ikkje er komfortabel med å bruka burka. Dette støtter opp under den tidlegare informasjonen ein har fått om at ho ikkje brukar burka til vanleg, men at ho derimot har valt å bruka den for å skjula den unge alderen medan dei flyktar.

Fleire av samanlikningane som blir gjort i *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen* har til felles at dei fortel leseren noko om korleis krigslydar som skot og bomber

kan høyrast ut. To eksempel på dette er at hovudpersonen samanliknar lyden av fyrverkeri med lyden av nokon som skyt, og lyden av Nizar som hoppar i sjøen som lyden av ei bombe. Det kan vera med på å gi lesaren moglegheit til å prøva å setja seg inn i situasjonen ved å forestilla seg lydane i hovudet. Sjølv om det blir gjort ei samanlikning mellom lyden av Nizar som treff vatnet og ei bomba, så kan ein undrast om forfattaren eigentleg meiner at det høyres ut som ei bombe, eller om Nizar hoppar i vatnet ved å «ta bomba». Det kan tenkast at forfattaren har tatt eit medvite val om å nytta dette uttrykket nettopp fordi det kan ha ei tvitydig tolking. Det kan difor fungera som eit frampeik som seier noko om kva som kjem til å skje seinare i forteljinga.

Noko som går igjen fleire stader i boka, er at hovudpersonen skildrar korleis ho har det, ved å fortelja korleis magen kjennest. Dette kan ein sjå når Mariam fortel at ho «blir myk i magen av at han bruker for mye etterbarneringsvann» (Sortland, 2017, s. 12), og at ho har vondt i magen på grunn av opprøret i Homs (Sortland, 2017, s. 37). Ved det førstnemnde tilfellet kan lesaren tolka at ho er forelska, og ved det sistnemnde kan det verka som at ho er redd. Det å bruka sansane til å skildra korleis hovudpersonen har det, vil kunne gjera det lettare for lesaren å setja seg inn i situasjonen til hovudpersonen. Det at hovudpersonen skildrar korleis ho har det, er òg med på å skapa ein stemning og ein tone i språket. Ved å lesa setningar som «Det er første gang jeg sier det høyt» og «Jeg tenker på han hele tiden, hele tiden» (Sortland, 2017, s. 25), får lesaren kjensla av at hovudpersonen er open og ærleg, og at ho fortel sine røyndommar til ein. Det kan difor kjennast som at boka er skriven for ein sjølv. I den sistnemnde setninga nyttegjer forfattaren seg dessutan av gjentaking som verkemiddel, noko som gir lesaren forståing av at ho verkeleg meiner det ho tenkjer.

5.5 Utforming, illustrasjonar og ikonotekst

5.5.1. *En pingles dagbok – Ferieparadiset*


Forteljinga strekkjer seg over ei veke, og ein kan sjå på kvar dag som eitt kapittel. Dette blir difor ei slags tidslinje som lesaren kan følgja med på, og som gjer det tydeleg for lesaren kvar ein er i forteljinga. Samstundes fører dette til at det første og det siste kapittelet er svært korte, då det første kapittelet skal informera om kva boka kjem til å handla om og det siste kapittelet er avsluttande. Kapitla i midten er hovuddelen i forteljinga og handlar om sjølve ferieopphaldet. Desse kapitla kan opplevast som lange då kapittel to har 60 sider og kapittel tre er på 85 sider, noko som kan verka overveldande for nokre lesarar.

Bokstavane i boka er større enn vanleg og dei er plasserte på ei fysisk linje gjennom heile boka, og det kan vera ein fordel for nokre elevar. På den andre sida er teksten skrive i stavskrift. Det kan vera ei utfordring å tyda bokstavane for dei elevane som ikkje er vane med denne utforminga. Noko som ikkje er vanleg, men som kan tenkjast å vera ein fordel for elevar med lesevanskars, er at omtrent alle setningane inneheld eitt ord som står skrive med store bokstavar. Det fører til at lesaren legg trykk på det ordet medan ein les, noko som kan hjelpe lesaren med å skapa forståing for det ein les. Eit døme på dette, er setninga: «For MEG virket det nærmest som å invitere haiene på gratis middag (Kinney, 2017, s. 45). Om alle automatisk legg trykk på dette ordet eller om det skjer på bakgrunn av leseerfaring, er uvisst.

Som tidlegare nemnd er det ikkje bruk av dialogar i denne boka, då dette ikkje er vanleg i ei dagbok. Dette fører til at kvar linje sluttar på same plass, og at det difor ikkje blir laus høgremarg. Satsspeila relativt lange, då kvar side er fullt opp av tekst og biletet, noko som fører til lite luft. På trass av dette er det berre kring tretten linjer per side, der kvar linje inneheld ca. ni ord, og sidene kan difor opplevast som overkommelege.

Illustrasjonane i boka fortel alltid det same som teksten, men nokre gonger er dei ei utdjuping av teksten då dei har litt fleire detaljar enn det som står skildra. Teksten til biletet nummer tre fortel at foreldra til hovudpersonen alltid byrjar å kyssa når dei ser reklamen for staden dei var på bryllaupsreise.

Det teksten ikkje seier, men ein derimot får vite gjennom illustrasjonen er at brørne blir irriterte på foreldra (Kinney, 2017, s. 3). Ein kan difor seia at illustrasjonane både er morosame og at dei kan fungera som ei støtte til teksten, noko eleven vurderer som kvalitet. Som ein kan sjå på biletet nummer tre, er illustrasjonane i svartkvitt og har eit teikneseriepreg over seg. Det kan tenkjast at nokre elevar synest at dei er humoristiske og underhaldande å sjå på. På den andre sida kan somme eldre elevar moglegvis synast at dei er for barnslege.



Bilete 3: Illustrasjon frå *Ferieparadiset*. (Bokklubben, 2017)

5.5.2 Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen

Boka er prega av korte satsspeil og korte kapittel. Dei fleste kapitla er på to sider, noko som får lesaren til å tenkja at ein klarar å lesa mange kapittel. Boka er dessutan òg delt inn etter kvar hovudpersonen er. Det vil seia at boka, i tillegg til å vera delt inn i korte kapittel, er delt inn i nye hovudkapittel etter kvar 30. side. Dei fleste av hovudkapitla tek føre seg reisa til ein ny stad. I byrjinga av kvart hovudkapittel står det skrive kvar hovudpersonen er, og det hjelper lesaren å orientera seg i forteljinga.

Grunna korte satsspeil og korte kapittel er det mykje luft på sidene. I tillegg til dette har boka dialogar som er strukturert med dialogstrek. Det fører til ein variasjon innan lengda på linjene på alt frå to til tolv ord, og dermed laus høgremarg. Dette er med på å gjera boka overkommeleg, samstundes som det kan hjelpa med å hugsa kvar ein er komen i teksten (Rekve & Lundevall, 2017). Bokstavane er mindre enn i *Ferieparadiset*, samstundes som det er fleire linjer med tekst per side, då sidene innehold alt frå fem til tjueni linjer per side. At lesemengda varierer, kan vera positivt då det gir lesaren ei utfordring samstundes som ein nokre gonger får hove til å kvila seg. Fleire av informantane påpeikte at menga med tekst bør auka i samsvar med alderen til lesaren. At det er meir tekst i denne boka enn i *Ferieparadiset*, kan difor forklarast med at boka er rekna for dei eldre elevane som gjerne har behov for meir tekst og ei større utfordring.

Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen er ei ikkje-illustert bok, noko som gjer at boka får eit meir vakse preg enn illustrere bøker som *Ferieparadiset*. At boka ikkje har bilete kan difor òg gjera at boka passar betre for eldre elevar. Det alvorlege temaet samt skildringane legg opp til at lesaren kan skapa sine eigne bilete i hovudet. Det kan dessutan tenkjast at eventuelle illustrasjonar i denne boka, kunne ført til ei bagatellisering og ufarleggjering av temaet. På den måten kunne bileta ha verka mot si hensikt. På den andre sida veit ein at bilete som er forankra i teksten vil kunne bidra til leseforståing, og denne støtta får ikkje lesaren i møte med denne boka.

5.6 Dramaturgi og oppbygging

5.6.1 *En pingles dagbok – Ferieparadiset*

Boka har eit heilskapleg preg som gjer det lett for lesaren å følgja med på det som skjer. I byrjinga av boka får ein innsikt i kva personar som er sentrale og historia som ligg bak den spontane ferien. At foreldra til Greg avgjer at dei ikkje skal feira jul, men derimot reisa på ferie, kan dessutan sjåast på som vendepunktet i forteljinga. Forteljinga byggjer opp til at familien må rømma frå hotellet, og høgdepunktet er difor når Greg bryt seg gjennom hotellgjerdet. Dette skapar ei ramme kring forteljinga, og er med på å tydeleggjera handlinga. Boka sluttar ved at familien er komen heim att, og ein kan difor seia at det er ein sirkelkomposisjon og ein heime-borte-heime-struktur, som òg er kjend frå eventyrsjangeren. Dette gjer at mange lestarar er kjend med strukturen, og dermed klarar å følgja med i boka (Austad, 1994, s. 26). Det kan dessutan tenkjast at nokre lestarar set pris på at avsluttinga er lukka, då det ikkje er naudsynt å trekkja nokre slutningar om kva som skjer med familien.

Det er relativt få sentrale personar i forteljinga, då det er fem personar som er viktigast for handlinga. Dette er likevel eit høgare tal på personar enn Rekve og Lundevall frå *Leser søker bok* si anbefaling på tre personar (2017). Hovudpersonen Greg er ein statisk person, som ikkje endrar seg noko merkbart gjennom boka, sjølv om dette er noko forfattarinformaten, Sortland, meiner er avgjerande for karakteren si truverd. Ei mogleg forklaring på dette er at det ikkje skjer nokre situasjoner som vil gjera stort nok inntrykk på hovudpersonen til at han endrar seg. Det er verken ein person som kan utpeikast som ein tydeleg motstandar til hovudpersonen i boka, eller ein tydeleg konflikt. Likevel kan ein seia at dei ansette samt hotellgjestene gjer heile opphaldet utfordrande for dei, og at dei som ei gruppe kan sjåast på som motstandarane til familien Heffley. Nokre lestarar kan begynna å lura på kvifor familien held fram med ferien, og ikkje reiser heim att. Det kan tyda på at forteljinga ikkje har ein kamp som er verdt å kjempa, og med andre ord at forteljinga moglegvis ikkje har, det Sortland i intervjuet refererer til som, «a dragon worth slaying».

5.6.2 *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*

Denne boka har òg eit heilskapleg preg og ei tydeleg forteljing, men på ein annan måte enn *Ferieparadiset*. I byrjinga av boka får ein vita at familien skal flytta til Aleppo. Etter ei stund er krigen òg komen til Aleppo og søstera og foreldra til Mariam dør. Då avgjer ho at ho og

broren skal flykta til Noreg. Dette er starten på reisa til Mariam og Luka, og med grunnlag i at forteljinga blir bygd opp til denne avgjersla, kan ein kalla dette for høgdepunktet i boka.

Vendepunktet skjer derimot når Mariam får vita at ho som flyktning kan bli sendt ut av Noreg og dermed bli returnert til Syria. Dette fordi at reisa blir avslutta, og ein ikkje lenger veit kva som er planen til Mariam. Lesaren kan difor oppleva ei usikkerheit kring kvar Mariam reiser og kva som skjer med ho. Det at boka har ein open slutt, er med på å gi boka eit meir heilskapleg preg enn om det skulle ha vore ein tydeleg lukkeleg slutt, då det har vore ei viss usikkerheit gjennom heile boka. Ein kan difor seia at denne usikkerheita er med på å gjera boka til ein heilskap. Det er likevel ikkje sikkert at alle lesarane vil vera tilfreds med slutten i boka, då dei ikkje får vita kva som skjer med Mariam. Andre lesarar vil kanskje bli motiverte til å reflektera kring kva Mariam vel å gjera.

Det er fem sentrale personar i denne boka òg. Det er, som tidlegare nemnd, fleire enn *Leser søker bok* si anbefaling på tre personar (Rekve & Lundevall, 2017). Ein kan seia at hovudpersonen er ein dynamisk person som endrar seg gjennom boka. I starten av forteljinga tenkjer Mariam mest på hennar kjære Nizar, men etter kvart som tida går tenkjer ho mindre på kjærleik og meir på korleis ho skal overleva. På same måten som i *Ferieparadiset* er det ikkje ein person som kan peikast ut til å vera Mariam sin motstandar, men ein kan moglegvis seia at det er dei som står bak krigen som er motstandarane hennar. Ut ifrå dette kan ein seia at «motstandaren» ikkje endrar seg gjennom boka, og at Mariam og Luka si flykt, er ein kamp som er verdt å kjempa.

5.6.3 Oppsummering av den litterære analysen

Den litterære analysen viser kva for nokre moment som kan sjåast på som kvalitetar ved dei to utvalde bøkene *Ferieparadiset* og *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen*.

Ferieparadiset er ei morosam bok, og det kan tenkjast at lesarane ynskjer å lesa den ferdig for å finna ut kva som skjer på slutten. Handlinga i boka går dessutan over ei veke, noko som både er med på å skapa eit heilskapleg preg og gjer det lett for lesaren å vita kvar ein er i forteljinga. Boka er prega av eit munnleg og lettlest språk som er bygd på kvardagslege ord. Det er likevel nokre innslag av meir utfordrande ord som kan fungera som spenningsmoment i teksten. Desse orda er ikkje sentrale i handlinga, og ein vil ikkje gå glipp av noko om ein

hoppar over dei. Språket og handlinga skaper ei stemning og ein atmosfære som ein sit igjen med etter at ein har lese boka. Det er dessutan nytta nokre språklege verkemiddel som gjentaking, samanlikning og metaforar, som skapar humor. På den eine sida kan nokre lesarar synast at det er utfordrande å tolka dei språklege verkemidla. På den andre sida spelar metaforane og samanlikningane på humor og ord som kan tenkjast å vera kjende for lesarane av boka, noko som kan vera ein fordel.

Det kan tenkjast at ikkje alle lesarar vil sjå på *Ferieparadiset* som ei original bok, fordi at nokre situasjonar kan vera kjende. Nokre eksempel på dette er at jula er ei vanskeleg tid der familien er stressa, dei trur at dei ikkje kjem til å nå flyet men gjer det likevel, og dei må sitte trøngt i flyet. Om nokre lesarar har lese om likande hendingar i anna litteratur, eller sjølve har opplevd liknande situasjonar vil dei moglegvis ikkje sjå på boka som original. På den andre sida kan nokre lesarar synest at det er eit kvalitetsteikn at boka tek utgangspunkt i kvardagslege situasjonar. Vidare tek ikkje boka opp nokre store eller viktige tema, som kan gi lesaren ei fordomsforløysande oppleveling eller læra noko om mennesket. Dette kan likevel vera eit stort kriterium å stilla til boka. Nokre lesarar vil moglegvis vera opptekne av at dei skal få innsikt i eit tema ved å lesa ei bok, medan andre kanskje ikkje er opptekne av dette kriteriet.

Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen handlar om eit alvorleg og aktuelt tema. Det gjer at nokre lesarar kan oppleva boka som original, samstundes som ein kan læra noko om krig, menneske og kultur. Handlinga er ei reise frå Aleppo og til Noreg, det er med på å gi boka ei tydeleg handling og eit heilskapleg preg, noko som er ein fordel for lesearar med utfordringar. Boka har ei alvorsprega stemning og atmosfære, og det kan difor tenkjast at nokre lesarar vil oppleva at boka gir ein fysiske reaksjonar som til dømes at det stikk i magen. Språket i boka er basert på enkle ord og korte setningar, noko som er ein fordel for målgruppa i masteravhandlinga, likevel innehold språket fleire metaforar, samanlikningar og gjentakingar. På den eine sida kan desse språklege verkemidla vera med på å gjera at lesaren vil leve seg inn i boka og få ei djupare forståing for temaet. På den andre sida kan det nokre gonger vera utfordrande å trekkja desse slutningane, og dermed å skapa forståing for det som står skrive. Boka har dessutan innslag av både engelske og arabiske ord. Det kan vera med på å minna lesaren på kvar forteljinga går føre seg, men samstundes vil det kunne by på utfordringar for nokre elevar. Det er òg ein fordel at boka har eit heilskapleg preg. Det heilskaplege preget kjem av at reisa og målet til hovudpersonen er klårt for lesaren.

Bøkene er i utgangspunktet skrive for to ulike aldersgrupper. I intervjuet kom det fram at dette ville kunne påverka tekstmengda, utsjånaden og høve til tolking i bøkene. Det kan også verka som at det blir nytta fleire samansette ord i desse bøkene, enn tidlegare anbefalt. Det kan enten vera eit resultat av at det er ikkje er realistisk å unngå alle samansette ord, eller at bøkene er rekna for eldre lesarar. Intervjuet gav forventningar om at *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen* moglegvis ville ha meir tekst og fleire tilfelle av språklege verkmiddel enn *Ferieparadiset*, noko som tildels stemte. Eg blei likevel overraska over menga med språklege verkemiddel i begge bøkene, då mi forståing av lettlestbøker tilsa at lettlestbøker ikkje kunne ha nokre språklege verkemiddel, då det ville føra til tvitydigheit og forvirring. Denne litterære analysen har vist at språklege verkemiddel som gjentaking, samanlikning og metaforar ikkje nødvendigvis treng å skapa tvitydigheit i ein tekst, samt at tvitydigheit ikkje alltid vil verka forvirrande på leseren. Denne analysen viser likevel at det litterære språket nokre gonger vil vera meir framme i tekstar for dei eldre lesarane, og at det kan sjå ut som at det blir nytta flest metaforar i bøkene for dei eldste. I *Ferieparadiset* kan det verka som at det er eit fleirtal av samanlikningar, noko som moglegvis kan forklarast med at samanlikningane gjerne er meir sjølvforklarande enn metaforar. Med andre ord kan det verka som at dette er ei tilpassing som blir gjort i det litterære språket, på same måte som dei andre språklege tilpassingane. På bakgrunn av den litterære analysen kan det difor verka som at lettlestbøker kan ha litterære kvalitetar, og at språket ikkje nødvendigvis treng å vera fritt for språklege verkemiddel.

6.0 Avslutting

Denne masteravhandlinga har sett fokus på eit tilsynelatande gløymt tema i lettlest litteratur for eldre elevar. Studien viser at det er mange tankar kring kva litterær kvalitet og lettlest litteratur er, men at det ikkje alltid kjem tydeleg fram kva ein legg i omgrepa. Ein mogleg grunn til dette, kan vera at det ikkje finst nokre bestemte kjenneteikn eller kriterium for lettlestlitteraturen, og det kan føra til både uklåre og individuelle forventningar til litteraturen. Den teoretiske ramma rundt masteravhandlinga viser likevel at språket, utforminga og innhaldet som regel blir vurdert i møte med lettlestbøker. I dette studien har det blitt sett fokus på ein fjerde faktor i dramaturgi og oppbygging. Ein tydeleg tekststruktur, tekstbindingar, forteljar og sjanger, er moment som er blitt nemnd i dei teoretiske perspektiva. Ein kan likevel sjå at teoretikarane ikkje har nokre utdstrupande kommentarar til momenta, og difor kan det tenkast at dei til tider har blitt gløymde i lettlestlitteraturen. Det kan ha resultert i kompliserte lettlestbøker som er vanskelege å forstå. Studien har dessutan sett fokus på verknaden av språklege verkemiddel i lettlestlitteraturen, noko som tidlegare har blitt sett på som ei utfordring og dermed ikkje har blitt tatt omsyn til.

Lettlestbøker og litterær kvalitet er ikkje to omgrep som ofte blir sett i samanheng med kvarandre. Ein av grunnane til dette kan vera at innhaldet i lettlestbøkene er ein faktor som tidlegare har vorte tilsynelatande nedprioritert og kritisert. I intervjuet med informantane er dette likevel ein faktor som er framme. Det kan difor verka som at innhaldet i lettlestbøkene blir veklagt meir enn før, noko som igjen kan tyda på at det har skjedd ei endring innan synet på kva ei lettlestbok er og kva funksjon den skal ha. På bakgrunn av dei to utvalde bøkene i den litterære analysen, kan det dessutan verka som at det finst fleire former for lettlestbøker enn tidlegare. Studien viser at det ikkje berre er innhaldet som avgjer om ei bok har høg litterær kvalitet, men at kvaliteten avhenger av både innhald og form. For at ei lettlestbok skal ha høg kvalitet er det difor avgjerande at det er eit samspele mellom innhaldet og forma i boka. Lesaren må finna innhaldet som leseverdig, men det må òg framstillast på ein heilskapleg måte slik at oppbygginga av forteljinga er tydeleg.

Ei kritisk innvending kan vera at ein ikkje kan nytta kriterium for kvalitet til å seia noko om lettlest litteratur. Dette studien viser derimot at mange av kriteria kan nyttast til å setja ein peikepinn på korleis kvaliteten i lettlestlitteraturen er, og gjerne kva forbetringspotensiale den har. Studien har òg vist at nokre kriterium ikkje vil vera hensiktsmessige å nytta om lettlest

litteratur, og at andre kriterium må tilpassast lesaren av litteraturen. Eit døme på dette er at det i utgangspunktet blei sett på som ein fordel om språket i lettlestlitteraturen er tydeleg og har overvekt av kvardagslege ord. Dette sto i motsetnad til kvalitetar som blir vektlagde i det litterære språket, som til dømes at det skal vera kunstnarisk og tolkbart (Christiansen, 2010, s. 78). Den litterære analysen viser derimot at òg lettlestbøker kan ha innslag av språklege verkemiddel, utan at det nødvendigvis vil gå utover lesaren si forståing. Det kan verka som at dei språklege verkemidla, på same måte som orda, må byggjast på lesaren sine erfaringar, då det kan føra til ei automatisk forståing av det litterære språket. I nokre situasjonar kan det faktisk verka som at språklege verkemiddel kan verka forklarande for lesaren, då det ofte blir gjort samanlikningar som gir lesaren betre høve til å leva seg inn i og forstå handlinga. Det kan likevel vera utfordrande å skilja mellom utfordrande ord og forståelege ord, samt utfordrande tolkingar og tolkingar som bortimot skjer automatisk og dermed tilfører forteljinga noko. Dette er fordi at det kan vera ei vag grense mellom det forståelege og det uforståelege. Ein kan dessutan setja spørjeteikn til om det alltid er slik at dei eldre lesarane kan fleire ord enn dei som er yngre, samt om tolkingseigenskapane berre er avhengig av alder eller om dette òg vil vera avhengig av lesevansken.

Den litterære analysen er basert på nokre tenkte, hypotetiske lesarar. Analysen seier difor noko om korleis lettlestbøkene verkar inn på lesaren. I teoridelen kunne der derimot verka som at det lesarorienterte perspektivet blir meir vektlagt i kriteria for litterær kvalitet, enn i kjenneteikna på barne- og ungdomslitteratur. Det er uvisst kvifor det er slik, men det kan moglegvis tyda på at kjenneteikna på lettlestbøker, med fordel kan endrast til kriterium som både har fokus på teksten og lesaren.

Problemstillinga i masteravhandlinga stiller spørsmål til om lettlest litteratur for eldre elevar kan ha høg litterær kvalitet og korleis litterær kvalitet kan koma til uttrykk i lettlestbøker. Det enkle svaret på det førstnemnde spørsmålet er: ja. Det meir avanserte svaret er derimot at det er mange faktorar som spelar inn på om ein person reknar ei bok for å vera av kvalitet. Når det i tillegg er snakk om ein litteratur der det er naudsynt med ulike tilpassingar, vil det kunne vera utfordrande for ein forfattar å skriva ei bok som både er lett å lesa og har høg litterær kvalitet. Forfattaren vil stå ovanfor mange ulike dilemma, der ein må velja mellom til dømes lange, samansette ord der lesaren er kjend med tydinga bak omgrepene, og ord som er lette å avkoda men vanskelege å forstå. Forfattaren må òg vurdera kvar grensa går mellom eit litterært språk av kvalitet og eit språk som er for biletleg og mangetydig til at lesaren forstår

det. Avgjersla ein tek vil kunne gå ut over nokre lesarar sitt høve til å oppleva boka som kvalitet. Informantane i dette forskingsprosjektet meiner at lettlestbøker kan ha høg kvalitet, men fleire påpeiker at dei færraste lettlestbøkene faktisk har det, noko som resulterer i at det er vanskeleg å finna gode lettlestbøker. Så kvifor er det slik at lettlestlitteraturen har potensial til å ha litterær kvalitet, men at mange likevel ikkje har det?

Eg gjekk inn i prosjektet med ei forforståing om at det heller var tvilsamt at lettlest litteratur kunne ha litterær kvalitet. Eg vil framleis ikkje seia at det å skriva ei lettlestbok med høg litterær kvalitet er ei enkel oppgåve, men det kan verka som at det har skjedd ei endring i korleis ein ser på lettlestomgrepet og lettlestlitteraturen, noko som gjer det mogleg for lettlest litteratur å ha høg kvalitet. Masteroppgåva har vore eit forsøk på å konkretisera kva litterær kvalitet er, og korleis det kan visast i lettlestbøker for eldre elevar. Bak føremålet ligg det eit ynskje om å setja fokus på eit interessant og viktig tema som bør bli diskutert for at eldre elevar med leseutfordringar skal få høve til å oppleva litterær kvalitet slik som Inger Hagerup skildrar i det innleiande diktet.

6.1 Vidare forsking

Litterær kvalitet har vore drøfta mykje i litteraturfaglege samanhengar. Mange har òg tankar kring lettlest litteratur, men det er ikkje gjort like mykje forsking på dette området. Det kan difor tenkjast at det er fleire sider ved dette temaet som det kan vera høvelege å forska vidare på. Ein kunne til dømes ha undersøkt nærmere kvar grensa mellom eit banalt språk, eit tydeleg språk og eit for utfordrande språk, går. Det kunne òg ha vore interessant å undersøkt kva som spelar mest inn på evna til å tolka språklege verkemiddel, og då nærmere bestemt om det er alderen, lesevansken eller andre faktorar. I eit slikt forskingsprosjekt kunne det vore interessant å snakka med fleire elevar i målgruppa, og moglegvis få dei til å lesa ei lettlestbok for deretter å vurdera kvaliteten i den. På den måten ville målgruppa fått ei sterkare stemma i forskinga, samstundes som dei sjølve kunne sett ord på kva dei vurderer som litterær kvalitet.

Studien viser at det har skjedd ei endring innan synet på og bruken av lettlestbøker. Det kunne difor vore interessant å undersøkt den historiske reisa til lettlestlitteraturen. I framtida vil det òg kunne vera spannande å undersøkja kor mange lettlestbøker som er blitt publisert for eldre elevar, i løpet av dei siste åra. Dette for å sjå om det har vore ei auking i utgivingar, eller om lettlestbøker for byrjaropplæringa framleis er i fleirtal. Eit slikt studium vil òg kunne seia

noko om kva som blir vurdert som litterær kvalitet i lettlest litteratur i framtida, og dermed noko om utviklinga til lettlestbøkene samt bøkene sine moglegheiter til å ha litterær kvalitet.

Litteraturliste

Andersen, P.T., Mose, G., Norheim, T. (2012). *Litterær analyse. En innføring*. Oslo: PAX forlag AS.

Austad, I. (1994). Lettlestbøker og lesbarhet. Bøker som er lette å avkode og lette å forstå. *Norsk læraren*, 5, 25-31.

Bakken, B. (2006). Lett og tung på samme tid. Lettlest-bøker 2006. I Kaldestad, P. O. & Vold, K. B. (Red), *Årboka. Litteratur for barn og unge* (s. 132-135). Oslo: Det norske samlaget.

Bertelsen, S. S. (1999). Litt(eratur) på sida? Ein studie av lettlestlitteratur for ungdom (Hovudfagsoppgåve). Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

Bjerck Hagen, E. (2004). *Litteraturkritikk. En introduksjon*. Oslo: Universitetsforlaget.

Bjerck Hagen (2006). Teori, metode og vitenskapelighet i litteraturforskningen. *Norsk Litteraturvitenskapelig Tidsskrift*, 9 (1), 37-49.

Bjerck Hagen, E., Hamm, C., Pedersen, H. F., Sejersted, M. J. & Vassenden, E. (2018). Litterær kvalitet 1. Historiske perspektiver. I J, F, Hovden & Ø, Pryts (Red), *Kvalitetsforhandlinger. Kvalitetsbegrepet i samtidens kunst og kultur* (s. 85-111). Bergen: Fagbokforlaget.

Bjorvand, A.M. (2012). Vurdering av barnelitteratur. Formidlerens rolle i jakten på de gode leseoppleverelsene. I A.M. Bjorvand og E.S. Tønnessen (Red). *Den andre leseopplæringa. Utvikling av lesekompasen hos barn og unge* (s. 150-173). Oslo: Universitetsforlaget.

Bokklubben (2017). Ferieparadiset. Henta frå: <https://www.bokklubben.no/skjoennlitteratur-for-barn-og-ungdom-humor/ferieparadiset-jeff-kinney/produkt.do?produktId=15048533>

Boksøk (utan årstal). Om boksøk. Lese: 23.10.17. Henta frå: <https://boksok.no/om-boksok/>

Christiansen, A. (2010). *Kritikarboka. Om litteratur, journalistikk og kvalitet.* Bergen: Fagbokforlaget.

Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene.* Oslo: Abstrakt forlag AS.

Dysleksi Noreg (2016). Fagstoff. Henta frå: <http://dysleksinorge.no/fagstoff/>

Eliassen, K., O. (2016). Innledning. I Eliassen, K., O. & Prytz, Ø. (Red), *Kvalitetsforståelser – Kvalitetsbegrepet i samtidens kunst og kultur* (s. 7- 22). Bergen: Fagbokforlaget.

Ellefsen, B. (2016). Den ytterste instans. I Eliassen, K., O. & Prytz, Ø. (Red), *Kvalitetsforståelser – Kvalitetsbegrepet i samtidens kunst og kultur* (s. 85-103). Bergen: Fagbokforlaget.

Foreningen !Les (2017). *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen.* Henta frå: <http://uprisen.no/tekst/hver-morgen-dyppet-min-soster-brystene-i-isvann-for-a-bli-pen/>

Gulliksen, G. (2016). Om litterær kvalitet og det menneskelige. Lese 01.12.2017. Henta frå: <http://www.kulturradet.no/documents/10157/bceb9b10-80d8-48f4-bde7-02faaf67fac6>

Hallberg, Kristin (1982). Litteraturvetenskapen och bilderboksforskningen. *Tidskrift för litteraturvetenskap* 11(3–4) 163–168.

Hatland, K. (2017). *Hva er litterær kvalitet?* Henta frå: <https://bergenbibliotek.no/aktuelt/hva-er-litteraer-kvalitet>

Kvale S. & Brinkmann S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. Utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Kulturrådet. (utan årstal). Innkjøpsordning for: Ny norsk skjønnlitteratur. Lese 22.10.17. Henta frå: <http://www.kulturradet.no/stotteordning/-/vis/innkjopsordning-ny-norsk-skjonn litteratur>

Lampi, A. S. (2006). Kritisk blikk på kritikken. I J. Ewo & K. Woxholt Sverdrup (Red), *Kartet og terrenget. Linjer og dykk i barne- og ungdomslitteraturen* (s. 146-153). Oslo: Omnipax.

Lovdata (2015.01.10). Lov om behandling av personopplysninger (Personopplysningslova). Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-04-14-31?q=personopplysningsloven>

Mjør, I. (2010). *I resepsjonens teneste. Paratekst som meiningsberande element i barnelitteratur*. Barnelitterært forskingstidsskrift, 2012 (1). s. 1-13. Henta frå: <https://www.tandfonline.com/doi/full/10.3402/blft.v1i0.5856#aHR0cHM6Ly93d3cudGFuZGZvbmxpbmUuY29tL2RvaS9wZGYvMTAuMzQwMi9ibGZ0LnYxaTAuNTg1Nj9uZWVkQWNjZXNzPXRydWVAQEAw>

Munch, A. T. (2010). *Barnebok for liten, barnebok for stor*. Lese 16.01.2018. Henta frå: <https://forskning.no/kunst-og-litteratur-barn-og-ungdom/2010/12/barnebok-liten-barnebok-stor>

Palm, K., Andreasen, R. & Ulland, G. (2014). Den andre lese- og skriveopplæringa, lesing. I H, Traavik & B. K. Jansson (Red), *Norskboka 2* (s. 113-134). Oslo: Universitetsforlaget.

Postholm, M. B. (2005). *Kvalitativ metode. En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. Oslo: Universitetsforlaget.

Rekve og Lundevall, E. & Lundevall, I. (2017). *Foredraget "Boka er for "alle" er blitt film"*. Sett: 12.12.2017. Henta frå: <https://lesersokerbok.no/foredraget-boka-film/>

Sjklovskij, V. B. (1998). Kunsten som grep. I A. Kittang, A. Linneberg, A. Melberg & H. H Skei (Red), *Moderne litteraturteori. En antologi*. (s. 13-28). Tøyen: Universitetsforlaget.

Skei, H. H. (2006). *Å lese litteratur* (2. Utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Slettan, S. (2014). Introduksjon. Om ungdomslitteratur. I Slettan, S. (Red), *Ungdomslitteratur*

ei innføring (s. 9-24). Oslo: Cappelen damm akademisk.

Sortland, B. (u.å.). Prisar. Henta frå: <http://www.bjornsortland.no/prisar.html>

Sunne, L. T. (2013). Lett å lese – lett å skrive? Lese 13. Mai. 2017. Henta frå:
<http://www.barnebokkritikk.no/lett-a-lese-lett-a-skrive/>

Sunne, L. T. (u.å.). Om Linn. Henta frå: <http://linntsunne.no/om/index.html>

Tanum (2017). Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen. Henta frå:
https://www.tanum.no/_hver-morgen-dyppet-min-soster-brystene-i-isvann-for-a-bli-pen-bjorn-sortland-9788293323167

Teigland, A. S. (2006). Lettlestbøker – for hvem? *Skapt for å deles – Om tilrettelagt litteratur* (s. 86-100). Oslo: Boksentralsen.

Upperstad, P. H. (26.09.2016). Vanskår med lesing – om å velja tekstar. Lese: 22.10.17.
Henta frå: <https://lezesenteret.uis.no/om-lezesenteret/aktuelt/vanskår-med-lesing-om-a-velja-tekstar-article89197-12719.html>

Westerheim, I. (U. A.). *Om lettlestbøker og lesegleda*. Lese 13. Mai. 2017. Henta frå:
<http://arkiv.barnebokkritikk.no/modules.php?name=News&file=article&sid=13>

Ørjasæter, K. (2012). *Hva er god barne- og ungdomslitteratur i dag?* Lese: 01.12.2017. Henta frå: <http://barnebokinstituttet.no/uncategorized/hva-er-god-barne-og-ungdomslitteratur-i-dag/>

Østenstad, I. (2014). *Lettlestbøker til besvær*. Lese 13. Mai. 2017. Henta frå:
<http://arkiv.barnebokkritikk.no/modules.php?name=News&file=article&sid=30>

Vedlegg

Vedlegg 1: Godkjenning fra NSD



Kristel Zilmer

5063 BERGEN

Vår dato: 20.11.2017

Vår ref: 56914 / 3 / BGH

Deres dato:

Deres ref:

Forenklet vurdering fra NSD Personvernombudet for forskning

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 31.10.2017.

Meldingen gjelder prosjektet:

56914	Lettlestbøker - Kvalitetslitteratur for eldre elevar?
Behandlingsansvarlig	Høgskulen på Vestlandet, ved institusjonens øverste leder
Daglig ansvarlig	Kristel Zilmer
Student	Annette Ebne

Vurdering

Etter gjennomgang av opplysningene i meldeskjemaet med vedlegg, vurderer vi at prosjektet er omfattet av personopplysningsloven § 31. Personopplysningene som blir samlet inn er ikke sensitive, prosjektet er samtykkebasert og har lav personvernulempe. Prosjektet har derfor fått en forenklet vurdering. Du kan gå i gang med prosjektet. Du har selvstendig ansvar for å følge vilkårene under og sette deg inn i veiledningen i dette brevet.

Vilkår for vår vurdering

Vår anbefaling forutsetter at du gjennomfører prosjektet i tråd med:

- opplysningene gitt i meldeskjemaet
- krav til informert samtykke
- at du ikke innhenter **sensitive opplysninger**
- veiledning i dette brevet
- Høgskulen på Vestlandet sine retningslinjer for datasikkerhet

Veiledning

Krav til informert samtykke

Utvalget skal få skriftlig og/eller muntlig informasjon om prosjektet og samtykke til deltagelse.

Informasjon må minst omfatte:

- at Høgskulen på Vestlandet er behandlingsansvarlig institusjon for prosjektet
- daglig ansvarlig (eventuelt student og veileders) sine kontaktopplysninger
- prosjektets formål og hva opplysningene skal brukes til

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.

- hvilke opplysninger som skal innhentes og hvordan opplysningene innhentes
- når prosjektet skal avsluttes og når personopplysningene skal anonymiseres/slettes

På nettsidene våre finner du mer informasjon og en veiledende mal for [informasjonsskriv](#).

Forskingsetiske retningslinjer

Sett deg inn i [forskingsetiske retningslinjer](#).

Meld fra hvis du gjør vesentlige endringer i prosjektet

Dersom prosjektet endrer seg, kan det være nødvendig å sende inn endringsmelding. På våre nettsider finner du svar på hvilke [endringer](#) du må melde, samt endringsskjema.

Opplysninger om prosjektet blir lagt ut på våre nettsider og i Meldingsarkivet

Vi har lagt ut opplysninger om prosjektet på nettsidene våre. Alle våre institusjoner har også tilgang til egne prosjekter i [Meldingsarkivet](#).

Vi tar kontakt om status for behandling av personopplysninger ved prosjektlutt

Ved prosjektlutt 15.05.2018 vil vi ta kontakt for å avklare status for behandlingen av personopplysninger.

Gjelder dette ditt prosjekt?

Dersom du skal bruke databehandler

Dersom du skal bruke databehandler (ekstern transkriberingssistent/spørreskjemaleverandør) må du inngå en databehandleravtale med vedkommende. For råd om hva databehandleravtalen bør inneholde, se [Datatilsynets veileder](#).

Hvis utvalget har taushetsplikt

Vi minner om at noen grupper (f.eks. opplærings- og helsepersonell/forvaltningsansatte) har [taushetsplikt](#). De kan derfor ikke gi deg identifiserende opplysninger om andre, med mindre de får samtykke fra den det gjelder.

Dersom du forsker på egen arbeidsplass

Vi minner om at når du [forsker på egen arbeidsplass](#) må du være bevisst din dobbeltrolle som både forsker og ansatt. Ved rekruttering er det spesielt viktig at forespørsel rettes på en slik måte at frivilligheten ved deltagelse ivaretas.

Se våre nettsider eller ta kontakt med oss dersom du har spørsmål. Vi ønsker lykke til med prosjektet!

Vennlig hilsen

Marianne Høgetveit Myhren

Belinda Gloppen Helle

Kontaktperson: Belinda Gloppen Helle tlf: 55 58 28 74 / belinda.helle@nsd.no

Vedlegg 2: Informasjonsskriv/førespurnad til informantane

Hei!

Eg er i gong med å skriva masteroppgåve i undervisingsvitenskap i norsk, innan fagområdet norsk fagdidaktikk. Studien vert gjennomført ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Temaet i oppgåva er lettlestbøker for eldre elevar og litterær kvalitet. Den førebelse problemstillinga er: *Kva kjenneteiknar ei lettlestbok og kan lettlestbøker for eldre elevar vera kvalitetslitteratur?*

I samband med masteroppgåva ynskjer eg å spørja om du kunne tenkja deg å svare på nokre spørsmål med grunnlag i din profesjonelle erfaring som xxx (informanten sitt yrke).

Spørsmåla vil bli sendt til deg via e-post, og du kan difor returnera svara når du er klar.

Intervjuguiden vil bestå av opne spørsmål, noko som fører til at det er rom for refleksjon samt eigne tankar og innspel. Sidan eg framleis er i byrjarfasen, vil spørsmåla bli sendt til deg kring november/desember. For å sjå på temaet frå ulike vinklar kjem eg også til å spørja om ein xxx (dei andre informantane) vil vera informantar i prosjektet. Spørsmåla blir basert på litteraturen eg nyttar og den enkelte informanten sine kunnskapar, erfaringar og bakgrunn. Om du seier ja til å delta i dette forskingsprosjektet, kan du sjølv velja om du vil vera anonym eller ikkje.

Ynskjer du anonymitet vil dine personlege opplysningar, som til dømes namn, bli fjerna frå alle dokument med det same.

Eg tenkjer at dine erfaringar og ditt syn på temaet vil kunne vera med på å gi relevant, oppklårande og spanande informasjon, og på denne måten ikkje berre styrke masteroppgåva men òg den litteraturfaglege og fagdidaktiske innsikta på området. Eg meiner at dette er eit viktig tema å få fram i lyset, då det på noverande tidspunkt finst lite forsking og kunnskap om lettlestbøker for eldre elevar.

Har du nokre spørsmål i samband med dette, ta gjerne kontakt på e-post:
xxx (e-post-adressa mi)

Håpar på svar!
Med vennleg helsing xxx

Vedlegg 3: Informasjonsskriv/førespurnad til lærar/elev

Hei!

Eg er i gong med å skriva masteroppgåve i undervisingsvitenskap i norsk, innan fagområdet norsk fagdidaktikk. Studien vert gjennomført ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Temaet i oppgåva er lettlesbøker for eldre elevar og litterær kvalitet. Den førebelse problemstillinga er: *Kva kjenneteiknar ei lettlesbok og kan lettlesbøker for eldre elevar vera kvalitetslitteratur?*

I samband med masteroppgåva ynskjer eg å spørja om du kunne tenkja deg å svare på nokre spørsmål med grunnlag i din profesjonelle erfaring som lærar. Spørsmåla vil bli sendt til deg via e-post, og du kan difor returnera svara når du er klar. Intervjuguiden vil bestå av opne spørsmål, noko som fører til at det er rom for refleksjon samt eigne tankar og innspel. Sidan eg framleis er i byrjarfasen, vil spørsmåla bli sendt til deg kring november/desember.

Spørsmåla blir basert på litteraturen eg nyttar og den enkelte informanten sine kunnskapar, erfaringar og bakgrunn. Om du seier ja til å delta i dette forskingsprosjektet, kan du sjølv velja om du vil vera anonym eller ikkje. Ynskjer du anonymitet vil dine personlege opplysningar, som til dømes namn, bli fjerna frå alle dokument med det same.

For å sjå på temaet frå ulike vinklar kjem eg også til å spørja om ein forfattar av lettlesbøker for eldre elevar, ein bokkritikar og ein bibliotekar, vil vera informantar i prosjektet. Eg har dessutan også eit ynskje om at ein elev, som nyttar lettlesbøker rekna for eldre elevar, skal vera informant. Med grunnlag i din posisjon som norsklærar lurar eg på om du har kjennskap til ein elev kring 10 til 12 år, som kan vera aktuell. Eleven vil sjølv sagt bli anonymisert og difor vil ingen kunna kjenna att eleven i innsamlingsmateriale eller i masteroppgåva. Før eleven deltek i prosjektet vil eg dessutan sende ut eit informasjonsskriv til dei føresette, der eg ber om samtykke til at deira barn kan vera informant. Å delta i prosjektet er frivillig for eleven, og difor har han/ho moglegheit til å svara nei på førespurnaden. Godtek både eleven og hans/hennar føresette at eleven deltek i prosjektet, ynskjer eg å gjera det enklast mogleg for eleven å svara på spørsmåla. Eit munnleg intervju kan difor vera meir hensiktsmessig enn eit skriftleg intervju. Om det er rom for å gjennomføra intervjuet i skuletida, har eg moglegheit til å koma på skulen. Dette kan likevel diskuterast nærmere om samarbeidet blir aktuelt.

Eg tenkjer at dine erfaringar og ditt syn på temaet vil kunne vera med på å gi relevant, oppklårande og spanande informasjon, og på denne måten ikkje berre styrke masteroppgåva men også den litteraturfaglege og fagdidaktiske innsikta på området. Eg meiner dessutan at det å ha ein elev som sjølv har erfaring med lettlesbøker, vil vera interessant for å få eit innblikk i kva denne aldersgruppa vurderer som litterær kvalitet. Med grunnlag i at det, på noverande tidspunkt, finst lite forsking og kunnskap om lettlesbøker for eldre elevar, synest eg at dette er eit vitig tema som bør bringast fram i lyset.

Har du nokre spørsmål i samband med dette, ta gjerne kontakt på e-post:
xxx (mi e-post-adresse)

Håpar på svar!

Med vennleg helsing xxx

Vedlegg 4: Informasjonsskriv/førespurnad til eleven sine føresette

Førespurnad om deltaking i forskningsprosjektet "Lettlestbøker – kvalitetslitteratur for eldre elevar?"

Eg skriv masteroppgåve i Undervisningsvitenskap ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Avhandlinga dreier seg om lettlestbøker og litterær kvalitet. Lettlestbøker er tilrettelagt litteratur for barn, som av ulike årsakar, har utfordringar med å lesa. Bøkene skal bidra til leseutvikling, gi leseglede og inspirasjon til vidare lesing. Masteroppgåva fokuserer på elevar i 10- til 12årsalderen, då det finst lite forsking på lettlestbøker knytt til denne aldersgruppa.

For å få meir innsikt i kva elevane i denne aldersgruppa tenkjer om lettlestbøker og litteratur, ynskjer eg å gjennomføra ein samtale med ditt barn. Samtalen vil dreia seg om litteratur generelt, og kva ditt barn meiner er ei god bok. Andre personar eg skal intervjuer er ein lærar, ein bibliotekar, ein kritikar og ein forfattar. Barnet ditt vil difor representera elevperspektivet, noko som er viktig for å få fokuset vekk frå dei vaksne og over på målgruppa. Eg ynskjer å bruka lydopptak som hjelpemiddel. Etter at samtalen med eleven er gjennomført, blir den anonymisert og skrive ned, og opptaket blir sletta. Prosjektet blir etter planen avslutta 15. mai. 2018, og då blir òg den nedskrivne samtalen sletta. Eleven vil ikkje kunne bli kjend att i masteravhandlinga.

Å delta i samtalen er frivillig. Ynskjer de ikkje at barnet dykkar skal delta i samtalen, kan de gi beskjed til eleven sin kontaktlærar eller meg. Eleven kan òg velja å ikkje delta i samtalen. Skulle de angra i etterkant av samtalen, blir ikkje svara til eleven brukta i masteroppgåva.

Har du spørsmål i samband med dette, ta gjerne kontakt på tlf. xxx. Kristel Zilmer, som er rettleiaren min i arbeidet med masteroppgåva, kan kontaktast på tlf: xxx

På førehand, tusen takk!

Med vennleg helsing Annette Ebne

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

Svarlappen leverast til eleven sin kontaktlærar ved neste anledning

Eg godtek at mitt barn deltek i samtaLEN om lettlestbøker og litterær kvalitet, der det blir brukt lydopptakar

(Signert av føresette, dato)

Vedlegg 5: Intervjuguiden til læraren og bibliotekaren

Skriftleg intervju om lettlestbøker og litterær kvalitet

Du har sagt ja til å delta i masterprosjektet "*Lettlestbøker – kvalitetslitteratur for eldre elevar?*", og dermed å svara på nokre spørsmål om lettlestbøker og litterær kvalitet. Eg ynskjer å opplysa om at det er frivillig å delta i prosjektet, og at du har moglegheit til å trekka deg kva tid du måtte ynskja det. I eit slikt tilfelle vil ikkje svara dine bli nytta i masteroppgåva. Som nemnt tidlegare kan du velja å vera anonym, og det vil då ikkje vera mogleg å kjenna deg att i masteroppgåva.

Eg ynskjer å påpeika at eg ikkje er ute etter eit fasitsvar, men at eg er interessert i å få innsikt i dine meininger, kunnskapar og erfaringar. Spørsmåla er delt inn i fire kategoriar: lettlestbøker og litterær kvalitet, språk, innhald og utforming. Til slutt vil du få moglegheit til å leggja til ein kommentar, om det er noko du ynskjer å utdjupa eller å føya til. Du kan skriva svara dine under kvart av spørsmåla, og senda dei til meg når du er ferdig. Tusen takk for at du deltek i forskingsprosjektet!

Spørsmåla under blir stilt for å få større innsikt i ulike oppfatningar av litterær kvalitet og lettlestbøker for elevar i 10- til 12årsalderen.

- Kva er litterær kvalitet for deg?
- Kva oppleving har du av kvaliteten av lettlestbøkene som finst i dag?
- Kva meiner du at kjenneteiknar ei lettlestbok?
- Kan lettlestbøker for eldre elevar vera kvalitetslitteratur? Kvifor/kvifor ikkje?
- Korleis vil du skildra utvalet av lettlestbøker for eldre elevar på din arbeidsplass og/eller andre bibliotek du har kjennskap til?
- Kva meiner du er forskjell på lettlestbøker for elevar i byrjaroplæringa og lettlestbøker for elevane kring 10- til 12år?
- Spør elevar (10-12år) etter hjelp til å finna lettlestbøker?
- Viss ja, korleis ynskjer dei at boka skal vera?
- Kva kjenneteiknar bøkene du anbefala dei, og korleis har du fått kjennskap til desse bøkene?
- Kvifor trur du at lettlestbøker og tradisjonell skjønnlitteratur for barn og unge blir vurdert på ulike måtar og ut frå ulike kriterium?

Spørsmåla nedanfor handlar om språk og lettlestbøker

- Kva tilpassingar tenkjer du at er naudsynte i ei lettlestbok, for at lesaren skal forstå innhaldet?

- Trur du at eit tilpassa språk vil påverka innhaldet i lettlesbøkene? Kvifor/kvifor ikkje?
- Kva tenkjer du ein må leggja vekt på når ein skal skriva ei lettlesbok med eit tilpassa språk og ei god forteljing?
- Kva meiner du er eit godt språk i ei lettlesbok for elevar med lesevanskars i 10- til 12årsalderen?
- Kva likskapar og ulikskapar meiner du at det finst mellom språket i lettlesbøker for elevar mellom 10- og 12år og tradisjonell skjønnlitteratur for barn og unge?
- Korleis avgjer du om språket i bøker elevane les er av passeleg vanskegrad?

Spørsmåla nedanfor handlar om innhaldet i lettlesbøker

- Korleis tenkjer du at ein kan avgjera om innhaldet i ei bok har høg kvalitet?
- Kva meiner du er eit innhald av kvalitet?
- Kva innhald/tema opplever du at er populære blant 10-12åringar?

Spørsmåla nedanfor handlar om utforming av lettlesbøker

På kva måte trur du at strukturering av tekst og val av bilete spelar inn på lesaren og korleis meiner du at teksten og bileta bør vera i ei lettlesbok for elevar i 10- til 12årsalderen?

Er det noko meir du ynskjer å leggja til?

Vedlegg 6: Intervjuguiden til kritikaren og forfattaren

Skriftleg intervju om lettlestbøker og litterær kvalitet

Du har sagt ja til å delta i masterprosjektet "*Lettlestbøker – kvalitetslitteratur for eldre elevar?*", og dermed å svara på nokre spørsmål om lettlestbøker og litterær kvalitet. Eg ynskjer å opplysa om at det er frivillig å delta i prosjektet, og at du har moglegheit til å trekka deg kva tid du måtte ynskja det. I eit slikt tilfelle vil ikkje svara dine bli nytta i masteroppgåva. Som nemnt tidlegare kan du velja å vera anonym, og det vil då ikkje vera mogleg å kjenna deg att i masteroppgåva.

Eg ynskjer å påpeika at eg ikkje er ute etter eit fasitsvar, men at eg er interessert i å få innsikt i dine meininger, kunnskapar og erfaringar. Spørsmåla er delt inn i fire kategoriar: lettlestbøker og litterær kvalitet, språk, innhald og utforming. Til slutt vil du få moglegheit til å leggja til ein kommentar, om det er noko du ynskjer å utdjupa eller å føya til. Du kan skriva svara dine under kvart av spørsmåla, og senda dei til meg når du er ferdig. Tusen takk for at du deltek i forskingsprosjektet!

Spørsmåla under blir stilt for å få større innsikt i ulike oppfatningar av litterær kvalitet og lettlestbøker for elevar i 10- til 12årsalderen.

-Kva er litterær kvalitet for deg?

-Kva oppleving har du av kvaliteten av lettlestbøkene som finst i dag?

Kva meiner du at kjenneteiknar ei lettlestbok?

Kan lettlestbøker for eldre elevar vera kvalitetslitteratur? Kvifor/kvifor ikkje?

-Kva meiner du er forskjell på lettlestbøker for elevar i byrjaroplæringa og lettlestbøker for elevane kring 10- til 12år?

-Korleis vil du skildra ei lettlestbok for elevar kring 10-12år med høg kvalitet?

-Kvifor trur du at lettlestbøker og tradisjonell skjønnlitteratur for barn og unge blir vurdert på ulike måtar og ut frå ulike kriterium?

Spørsmåla nedanfor handlar om språk og lettlestbøker

-Kva tilpassingar tenkjer du at er naudsynte i ei lettlestbok, for at lesaren skal forstå innhaldet?

-Trur du at eit tilpassa språk vil påverka innhaldet i lettlestbøkene? Kvifor/kvifor ikkje?

-Korleis kan ein skriva ei lettlestbok med eit tilpassa språk og ei god forteljing?

-Kva meiner du er eit godt språk i ei lettlestbok for elevar med lesevanskar i 10- til 12årsalderen?

-Kva likskapar og ulikskapar meiner du at det finst mellom språket i lettlestbøker for elevar mellom 10- og 12år og tradisjonell skjønnlitteratur for barn og unge?

Spørsmåla nedanfor handlar om innhaldet i lettlestbøker

-Korleis tenkjer du at ein kan avgjera om innhaldet i ei bok har høg kvalitet?

-Kva tema opplever du at er populære blant 10-12åringar?

-Kva legg du vekt på når du skal skriva ei lettlestbok som skal fengja lesarar på 10- til 12år?
(Det var berre forfattaren som fekk dette spørsmålet)

Spørsmåla nedanfor handlar om utforming av lettlestbøker

På kva måte trur du at strukturering av tekst og val av bilete spelar inn på lesaren og korleis meiner du at teksten og bileta bør vera i ei lettlestbok for elevar i 10- til 12årsalderen?

Er det noko meir du ynskjer å leggja til?

Vedlegg 7: Intervjugiden til eleven

Skriftleg intervju om lettlestbøker og litterær kvalitet

Du har sagt ja til å delta i masterprosjektet "Lettlestbøker – kvalitetslitteratur for eldre elevar?", og dermed å svara på nokre spørsmål om lettlestbøker og litterær kvalitet. Eg ynskjer å opplysa om at det er frivillig å delta i prosjektet, og at du har moglegheit til å trekka deg kva tid du måtte ynskja det. I eit slikt tilfelle vil ikkje svara dine bli nytta i masteroppgåva. Som nemnt tidlegare kan du velja å vera anonym, og det vil då ikkje vera mogleg å kjenna deg att i masteroppgåva.

Eg ynskjer å påpeika at eg ikkje er ute etter eit fasitsvar, men at eg er interessert i å få innsikt i dine meininger, kunnskapar og erfaringar. Spørsmåla er delt inn i fire kategoriar: lettlestbøker og litterær kvalitet, språk, innhald og utforming. Til slutt vil du få moglegheit til å leggja til ein kommentar, om det er noko du ynskjer å utdjupa eller å føya til. Tusen takk for at du deltek i forskingsprosjektet!

Litteratur og kvalitet <i>spørsmåla blir stilt for å få større innsikt i ulike oppfatninga av litterær kvalitet</i>	-Synest du det er kjekt å lesa? Kvifor/kvifor ikkje? → Viss du kunne ha skrive ei bok, kva skulle den ha handla om då? -Kva synest du er ei god bok og kvifor? -Er det ei bok du har lese som du hugsar spesielt godt? Kva bok er det, og kvifor trur du at du hugsar den så godt? -Eg har med meg nokre bøker. Kva tenkjer du når du ser desse bøkene? -Plar du å spørja læraren eller bibliotekaren din om hjelp til å finna bøker?
Språk <i>Spørsmåla vidare omhandlar barne- og ungdomslitteratur, då med fokus på lettlestbøker for elevar i 10- til 12årsalderen.</i>	-Kva synest du at kan vera vanskeleg når du les ei bok? -Korleis meiner du språket i ei bok bør vera for at forteljinga skal bli fortalt på ein god og forståeleg måte? (dialog, handlig, skildring, ordval – masse som skjer, dialog, natur/person-sk) -Kva gjer du om du treff på eit ord du ikkje forstår?
Innhald <i>Spørsmåla blir stilt for å få innsikt i dei ulike informantane sine syn på litteraturen, med tanke på at informantane har ulike posisjonar.</i>	-Kva likar du å lesa om og kvifor? / Kva likar du at bøker handlar om? -Korleis synest du at hovudpersonen skal vera og kvifor? Har du ei (eller fleire) favorittbok? →Kva handlar den om? →kvifor er dette favorittboka di? -Denne boka handlar om Krig, er det eit tema du kunne tenkt deg å lese om?

Utforming	<p>Plar du å tenkja over korleis bokstavane og teksten ser ut/er plassert, når du les? →korleis synest du menga med tekst er i desse to bøkene? Er det mykje/lite/passeleg?</p> <p>-Plar du å sjå på bileta i bøkene du les? Korleis synest du bileta i ei bok skal vera? → kva tenkjer du om at det ikkje er biletet i denne boka?</p> <p>-korleis synest du at framsida på ei bok skal vera? →Kva synest du om framsidene på desse to bøkene?</p> <p>Du skal låna ei bok på biblioteket. →Kva er det første du ser på når du vurderer om du vil låna boka? →Korleis må dette vera for at du låner boka?</p> <p>→Er det andre ting som er med på å avgjera om du låner boka eller ikkje?</p>
	Er det noko du ynskjer å leggja til?